



SGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Eigarmelding 2016

Fylkeskommunalt eigarskap i selskap

**Vedtaks- og endringsprotokoll**

<b>Vedteke/endra av</b>	<b>Dato / saksnummer</b>
Fylkestinget	09.12.2008 / sak 38/08
Fylkestinget	13.10.2009 / sak 40/09
Fylkestinget	19.10.2010 / sak 43/10
Fylkestinget	18.10.2011 / sak 49/11
Fylkestinget	16.10.2012 / sak 46/12
Fylkestinget	15.10.2013 / sak 37/13
Fylkestinget	14.10.2014 / sak 33/14
Fylkestinget	13.10.2015 / sak 36/15
Fylkestinget	18.10.2016 sak 33/16

## Innhold

<b>Innhold .....</b>	<b>1</b>
<b>Del I - GENERELL DEL – EIGARPOLITIKK .....</b>	<b>4</b>
<b>0. Innleiing .....</b>	<b>4</b>
<b>1. Eigarpolitikk .....</b>	<b>4</b>
1.1 Historikk - Bakgrunn og føremål bak fylkeskommunen sin eigarskap.....	4
1.2 Fylkeskommunalt eigarskap i dag .....	4
1.3 Kriterium for å gå inn – og å bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar .....	5
<b>1.4 Val av selskapsform .....</b>	<b>6</b>
<b>1.5 Exit-strategi .....</b>	<b>6</b>
<b>1.6 Vurderingar ved avvikling av engasjement .....</b>	<b>6</b>
<b>1.7 Styringsgrep – eigarstrategi og selskapsstrategi .....</b>	<b>6</b>
<b>1.7.1 Eigarstrategi .....</b>	<b>6</b>
<b>1.7.2 Selskapsstrategi .....</b>	<b>7</b>
<b>1.8 Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav .....</b>	<b>7</b>
<b>1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa .....</b>	<b>7</b>
1.8.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar .....	8
1.8.3 Rettslege råmer for ulike verksemder .....	8
<b>1.9 Eigarutøving for meldingsåret og etterfølgjande år .....</b>	<b>9</b>
1.9.1 Generell politikkendring .....	9
1.9.2 Enkeltsaker.....	9
2015 .....	9
2016 .....	11
<b>2. Råmer for oppfølging av eigarskapen: reglar og fylkeskommunale retningslinjer .....</b>	<b>13</b>
2.1 Interessekonflikt mellom eigarinteresser, selskapsinteresser og forvaltningsoppgåver – nokre problemstillingar .....	13
2.1.1 Døme på tilfelle der interessekonflikten kan oppstå i forvaltinga når fylkeskommunen er eigar i selskap .....	13
2.2 Reglar om habilitet – folkevalde i ulike rollar .....	14
2.2.1 Generelt .....	14
2.2.2 Reglane om habilitet .....	14
2.3 Reglar om det offentlege sin innsynsrett i eigarskapssaker .....	16
2.4 Folkevalde som eigarutsending .....	16
2.4.1 Kort om eigarorganet i eit selskap .....	16
2.4.2 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant .....	17
2.4.3 Retningsliner for utpeiking av fylkeskommunen sine eigarutsendingar i dei ulike eigarorganana .....	17
2.5 Utpeiking av styrerepresentantar .....	17
2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemmane si uavhengige stilling .....	17
2.5.2 Prosedyrar for val av styremedlemmar .....	18
2.5.3 Reglar om kjønnssbalanse i styra .....	18

2.5.4 Kort om eit styret sitt ansvar .....	19
2.6 Retningsliner for eigarutøving ovanfor selskapet .....	19
2.6.1 Råmer for eigarutøving .....	19
2.6.2 Eigardialogen .....	19
<b>3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging .....</b>	<b>21</b>
3.1 Roller og ansvar .....	21
3.2 Rollefordeling i den fylkeskommunale eigarutøvinga .....	21
3.2.1 Fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala si rolle .....	21
3.2.2 Fylkesordføraren si rolle .....	22
3.2.3 Den folkevalde si rolle .....	22
3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle .....	22
3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap .....	22
3.4 Rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap .....	22
3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring .....	23
3.5.1 Generelt .....	23
3.5.2 Rutinar ved innkalling til møte i eigarorgan .....	23
3.5.3 Rutinar i forkant av møte i operative eigarorgan i selskapa .....	23
3.6 Styrerepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen .....	24
3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen .....	24
3.8 Tilsyn og kontroll med fylkeskommunen sine interesser i selskapet .....	24
<b>Del II – VERKSEMDSOVERSIKT .....</b>	<b>26</b>
<b>4. Generelt om del II .....</b>	<b>26</b>
4.1 Definisjon av nøkkeltal .....	26
<b>5. Interkommunale selskap (IKS) .....</b>	<b>26</b>
5.1 Deltaking er avgrensa, men ansvaret er uavgrensa .....	26
5.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom representantskapet .....	27
5.3 Uttreden av Interkommunale selskap (IKS) .....	27
5.4 Fylkeskommunale-/kommunal fellestiltak:	27
Trivselshagen IKS .....	27
Sogn og Fjordane Revisjon IKS .....	28
VIGO IKS .....	30
<b>6. Aksjeselskap (AS) .....</b>	<b>32</b>
6.1 Avgrensa ansvar for deltakarane .....	32
6.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom generalforsamlinga .....	32
6.3 Uttreden av aksjeselskap .....	33
6.4 Finansielle mål .....	33
F1 Holding AS .....	33
Fjord1 AS – einskilde postar .....	35
Firda Billag AS .....	38
Sogn og Fjordane Energi AS .....	40
Sogn og Fjordane Holding AS .....	44
6.5 Næringsutvikling .....	46
Botnaneset Industriselskap AS – selt i 2016 .....	46
Fjord Invest Såkorn AS .....	47
Fjord Norge AS .....	48
Framtidsfylket AS .....	50
Gulen og Masfjorden Utvikling AS .....	52
Innovasjon Norge AS .....	53
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS .....	55
Lutelandet Utvikling AS .....	58
Njøs Næringsutvikling AS .....	59
Opplæringsfartøy AS .....	60
6.6 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak .....	63
Interoperabilitetstjenester AS – nytt selskap .....	63
Kommunekraft AS .....	64
6.7 Fylkesomfattande kulturselskap .....	65
Norsk Fjordhestsenter AS .....	65
Sogn og Fjordane Teater L/L .....	67
6.8 Arbeidsmarknad .....	69

Mentro AS (tidl. Firda Produkt AS) .....	69
Origod AS .....	71
In Via AS .....	73
Sogneprodukt AS .....	75
<b>7. Interkommunale samarbeid .....</b>	<b>77</b>
7.1 Ulike former for interkommunalt samarbeid .....	77
7.2 Samarbeid etter kontrakt (formlaust samarbeid) .....	77
7.3 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 .....	77
Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA) .....	77
Vestlandsrådet .....	78
Kommunearkivordninga .....	79
7.4 Vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-1 b og § 28-1 c .....	79
Sogn PPT .....	80
Sogn og Fjordane Felles Innkjøpsordning (SFFI) .....	80
IS Fjordvegen Rute 13 .....	81
<b>8. Stiftingar .....</b>	<b>81</b>
8.1 Uttreden frå stiftingar .....	82
Stiftinga Singerheimen .....	82
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal .....	82
Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid .....	82
Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane .....	83
Stiftinga Sogn og Fjordane Nærings-utvikling .....	83
Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival .....	83
Stiftinga Vestlandsforskning .....	83
Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College .....	83
Stiftinga Nynorsk kultursentrum .....	84
Stiftinga Innvik Næringsutvikling (tidl. Stiftinga Langvin) .....	84
Stiftinga Vestnorsk jazzsenter .....	84
Stiftinga Balejazz .....	85
Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum .....	85
Stiftinga Norsk Countrytreff .....	85
Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark .....	86
Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane .....	86
Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter .....	86
Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter .....	86
<b>9. Gjensidig selskap .....</b>	<b>87</b>
Kommunal Landspensjonskasse (KLP) .....	87
<b>10. Vedteken plan for selskapskontrollar for valperioden 2012-2016 .....</b>	<b>87</b>
10.1 Oversikt over selskap innanfor kommunelova § 80 .....	88
10.2 Oversikt over selskap utanfor kommunelova § 80 .....	88
10. 3 Revidert plan for selskapskontroll .....	90

# Del I - GENERELL DEL – EIGARPOLITIKK

## 0. Innleiing

Eigarmeldinga er eit overordna politisk styringsdokument. Den skal syne mål og strategiar for den fylkeskommunale eigarskapen, sikre samhandling mellom fylkestinget og eigarorgan i selskapa og gjere informasjon om den fylkeskommunale eigarskapen synleg for ålmenta.

### Eigarmeldinga skal:

- Legge grunnlaget for å gjere den politiske styringa i eigarsaker tydelegare.
- Medverke til at selskapa kjener posisjonen og haldningane fylkeskommunen har som eigar.
- Legge grunnlaget for å utvikle konkrete eigarstrategiar og formål for kvart enkelt selskap.
- Bidra til at styresamansetting har kompetanse ut frå dei utfordringar selskapa står ovanfor.
- Stille konkrete krav til styra og etablere rutinar for å evaluere styret sitt arbeid.

Eigarmeldinga har to delar med fire hovudpunkt:

- Del I:**
- 1) Fylkeskommunal eigarpolitikk
  - 2) Retningslinjer for fylkeskommunal eigarutøving
  - 3) Rutinar for fylkeskommunal eigarutøving
- Del II:**
- 4) Omtale av kvar einskild verksemد

Eigarmeldinga vert årleg oppdatert. Del I vert oppdatert i tråd med fylkestinget sin eigarpolitikk og vil gjelde for det komande meldingsåret. Del II er oppdatert med informasjon frå meldingsåret som selskapa har rapportert på i inneverande år.

I del II er verksemdene organiserte ut frå selskapsform. Under kvar selskapsform er verksemdene organisert ut frå fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen eller typen verksemد: finansielle mål, næringsutvikling, fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak, fylkesomfattande kulturselskap og arbeidsmarknadsbedrifter.

## 1. Eigarpolitikk

### 1.1 Historikk - Bakgrunn og føremål bak fylkeskommunen sin eigarskap

Føremålet bak fylkeskommunen sin eigarskap varierer etter kva type aktivitet verksemda har.

Fylkeskommunen har mellom anna blitt eigar i aksjeselskap:

- ved omskiping av fylkeskommunale forvaltningsbedrifter. Desse bedriftene hadde som hovedmål å bygge infrastruktur innan samferdsle og energiforsyning i fylket. Etter kvart som desse bransjane har blitt konkurransesett, har selskapa vore skipa om til aksjeselskap og eigarskapen er motivert ut frå forretningsmessige mål, samt næringsstrategiske og samfunnsmessige mål (sikre arbeidsplassar, kompetanse, inntekter av naturressursar i fylket).
- med føremål om å vere ein betydeleg bidragsytar og regional utviklingsaktør ved etablering av nye selskap, m.a. gjennom å kjøpe aksjar.

Eigarskapen har også vore motivert av fellestiltak saman med andre kommunar og fylkeskommunar gjennom interkommunale selskap (IKS) og anna interkommunalt samarbeid basert på avtale.

Fylkeskommunen si deltaking som opprettar av stiftingar har hovudsakleg oppstått ved at fylkeskommunen har fått invitasjon om å bli med som etablerer slik at stiftinga får nok stiftingskapital og så vurdert det aktuelle føremålet ved stiftinga.

### 1.2 Fylkeskommunalt eigarskap i dag

Fylkeskommunen har ved utgangen av september 2016 eigarskap i 22 aksjeselskap, tre interkommunale selskap, eitt gjensidig selskap (KLP) og eitt særlovsselskap (Innovasjon Norge). Av aksjeselskapa er to (Sogn og Fjordane Holding AS og F1 Holding AS) heileigd av

fylkeskommunen. Dei andre aksjeselskapa er eigde anten i lag med andre kommunar eller private, eller i ein kombinasjon av dette. Den fylkeskommunale eigarprosenten varierer frå 80 % til 0,31 %.

Botnaneset Industriselskap AS er selt, men vil vere kort omtala i Eigarmelding 2016, sidan salet først skjedde i 2016.

Fylkeskommunen er med i fleire interkommunale samarbeid og er medstiftar i 18 stiftingar.

## **Fylkeskommunen sitt føremål med eigarskap i verksemder skal oppfylle eitt eller fleire av følgjande krav:**

### 1. Finansielle mål:

- Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i selskapet, som til dømes Sogn og Fjordane Energi AS.

### 2. Næringsutvikling:

- Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket, som til dømes Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS.
- Delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap, som til dømes Fjord Invest Såkorn AS.
- Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører/får kompetanse.

### 3. Fylkeskommunale-/kommunal fellestiltak:

- Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordeler i tenesteproduksjonen, som til dømes Kommunekraft AS.
- Delta i selskap som har stort innslag av ansvar for å tilrettelegge for særlege grupper.

### 4. Fylkesomfattande kulturselskap

- Delta i selskap saman med til dømes kommunar for å sikre drift av fylkesomfattande kulturinstitusjonar, som til dømes Sogn og Fjordane Teater LL.

## **1.3 Kriterium for å gå inn – og å bli sitjande – som eigar i selskap og opprettar av stiftingar**

Deltaking i nye prosjekt bør møtast med ei positiv tilnærming så langt eit eller fleire av kriteria som går fram av kapittel [1.2 Fylkeskommunalt eigarskap i dag](#) ovanfor, er oppfylt. I tillegg skal det gjennomførast ei normal risiko- og kostnad-/nyttevurdering for aktuelle aksjekjøp.

I vurderinga om ein skal gå inn i eit selskap, må fylkeskommunen vurdere om det er aktuelt å stille konkrete klimakrav til selskapet, krevje at selskapet har retningslinjer, prinsipp, prosedyrar og standardar for korleis verksemda tek omsyn til det ytre miljø ut frå verksemda sin eigenart, marknaden selskapet opererer i og kva miljøteknologi som er tilgjengeleg. Slike krav må vurderast konkret i det enkelte tilfelle. Storleiken på eigardelen fylkeskommunen planlegg å erverve vil spele inn i vurderinga av kva krav som kan stillast. Sjå elles punkt 1.8 om forventningar til selskapa sitt samfunnsansvar

Ved den årlege oppdateringa av eigarmeldinga vert det vurdert om enkeltengasjement framleis tenar fylkeskommunale mål for eigarskap. Vurderinga kan munne ut i ei tilråding om å avvikle eigarskapen. Det skal i tilfelle skje i nært samarbeid med partane det gjeld. Vurderinga som vert gjort kvart år tek utgangspunkt i punkta som er lista opp i kapittel [1.6 Vurderingar ved avvikling av engasjement](#).

Sjå nærmere om mynde til å vedta at fylkeskommunen skal vere med som opprettar av stiftingar, kjøpar av aksjar i aksjeselskap eller lutar/medlemskal i andre selskap, samt sal av aksjar og oppsæing av medlemskap i selskap i kapittel [3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging](#)

## **1.4 Val av selskapsform**

Det er viktig at selskapsform passar verksemda sitt føremål, behovet for eigarstyring, marknadsmessige høve og konkurranseregelverket.

Skal selskapet ta risiko og operere i ein markand, bør ein søke å avgrensa ansvaret for fylkeskommunen som eigar. Der selskapet skal yte tenester til eigarane i eigenregi kan både interkommunale selskap og kommunale føretak vere hensiktmessige selskapsformer. Stiftingar er ikkje anbefala dersom verksemda krev eigarstyring.

## **1.5 Exit-strategi**

Dersom fylkeskommunen går inn som eigar i ei verksemd, bør fylkeskommunen ta stilling til om det på same tidspunkt er hensiktmessig å lage ein exit-strategi for selskapet. Ein slik strategi skal gje føringar for når fylkeskommunen skal selje seg ut av den aktuelle verksemda. Føringane kan til dømes bli gjeve i form av ein konkret tidshorisont for eigarskapen. Eit anna døme vil vere å konkretisere føresetnader som må realisere seg/ikkje realisere seg knytt til det aktuelle selskapet for at fylkeskommunen skal selje seg ut som eigar.

Om det er behov for og sjølvé innhaldet i ein slik strategi må avgjerast etter ei konkret vurdering av selskapet og dei føresetnadane som ligg til grunn for at fylkeskommunen går inn som eigar.

Målet med ein slik strategi er at fylkeskommunen aktivt skal kunne vurdere sin eigarskap i selskapet opp mot strategien og på den måte gjøre vurderinga om fortsatt eigarskap enklare og meir føreseieleg både for fylkeskommunen og selskapet.

## **1.6 Vurderingar ved avvikling av engasjement**

I eigarmeldinga del II vert det vurdert om enkeltengasjement i selskap bør avviklast, jf. punkt 1.3 og punkt 1.2 ovanfor.

Fylkeskommunen bør vurdere å gå ut t.d. dersom:

- Dei opphavlege føresetnadane ikkje lenger er til stades. Jo færre av kriteria i punkt 1.2 som framleis vert oppfylt, desto sterkare kan det tale for avvikling av eigarskapen.
- Dersom eit tiltak har utvikla seg så positivt at det er "sjølvgåande" utan fylkeskommunalt eigarskap, slik at andre med fordel kan overta eigarskap og ansvar.
- Når kriseramma selskap ikkje lenger har ei framtid.
- Dersom selskapet optrer i strid med selskapet sitt føremål
- Dersom selskapet optrer i strid med selskapet sitt samfunnsansvar, og/eller optrer på ein måte som ikkje er i samsvar med fylkeskommunen sine verdiar
- Dersom føresetnader i ein exit-strategi har realisert seg
- Dersom det er sannsynleg at andre eigarar er betre eigna til å utvikle selskapet vidare.
- Dersom selskapet har gjort seg skuldig i straffbare handlingar. Døme: miljøkriminalitet, korupsjon, brot på menneskerettar og arbeidstakarrettar

## **1.7 Styringsgrep – eigarstrategi og selskapsstrategi**

### **1.7.1 Eigarstrategi**

Det er hensiktmessig at fylkestinget utviklar klare eigarstrategiar i høve enkelte selskap, slik at selskapa både kan utvikle seg slik fylkestinget meiner er riktig og innanfor rammene som føremålet med eigarskapen set. Dette må vurderast konkret for kvart selskap. Eigarstrategien må vere i samsvar med verksemda sitt føremål. Omfanget av ein slik eigarstrategi er også avhengig av mellom anna selskapet si verksemd, behov for eigarstyring, marknadsmessige høve og konkurranseregelverket.

Ein eigarstrategi og selskapsstrategi for eit selskap vil tene som grunnlag for ein etterfølgjande selskapskontroll.

Utbytepolitikk

Utbytepolitikk er ein del av eigarpolitikken fylkestinget har ovanfor nokre aksjeselskap.

Eigar har ansvar for forsvarleg kapital i selskapet og det må påverke utbyttepolitikken til fylkeskommunen. Det er viktig at eigar vurderer om selskapet sitt føremål vil kunne realiserast dersom ein tek ut utbytte frå eit selskap. Som regel vil selskapet si leiing ha uttala seg om dette. Denne uttalen bør vere utgangspunktet og rettesnora for vurderinga av om det skal takast ut utbytte.

## **1.7.2 Selskapsstrategi**

Fylkestinget stiller krav til at selskapet si verksemd tydeleg skal gå fram av vedtekten/selskapsavtalen. Innanfor rammene av vedtekten/selskapsavtalen bør selskapet ha klare mål og strategiar. Kravet til selskapsstrategi og omfanget av ein slik strategi gjeld i dei tilfella dette er hensiktsmessig ut frå selskapet si verksemd.

## **1.8 Samfunnsansvar, miljø, etikk og rettslege krav**

### **1.8.1 Samfunnsansvar, miljø og etikk hjå selskapa**

Fylkestinget som eigar er oppteken av at selskapa tek samfunnsansvar og driv verksemda si i tråd med kva som er etisk forsvarleg.

Samfunnsansvar handlar om korleis verdiar vert skapte. Det handlar om korleis selskapa påverkar menneske, miljø og samfunn. Ansvarlege selskap tek omsyn til dette.

Fylkestinget har både generelle og meir spesifikke forventningar til selskapa på samfunnsansvarsområdet. Dei spesifikke forventningane er knytt til fire tematiske kjerneområde: klima og miljø, menneskerettar, arbeidstakarrettar og antikorrupsjon.

Fylkestinget sitt utgangspunkt er at selskapet si leiing best kan vurdere korleis slike forventningar kan følgjast opp. Vidare meiner fylkestinget at auka merksemd frå styra vil bidra til å betre korleis selskap arbeider med samfunnsansvar på.

Fylkeskommunen forventar at selskapa i – i nødvendig grad – konkretiserer samfunnsansvar, miljø og etikk gjennom at selskapa:

- vert drivne slik at dei i det store og heile gjev eit positivt bidrag til samfunnet
- stiller seg opne til alle som har legitime interesser knytt til verksemda
- sameinar økonomi og etikk i alle deler og ledd av verksemda
- medverkar til ei utvikling som tener eit bærekraftig miljø og langsiktige utviklingsinteresser
- opptrer ansvarleg og langsiktig i omstillingsprosessar der ein tek omsyn til sårbare lokalsamfunn
- har høgt ambisjonsnivå for satsing på forsking og utvikling
- arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik
- legg ILO sine åtte kjernekonvensjonar til grunn for sin verksemd
- arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret
- har ei medviten haldning til rekruttering av personar med minoritetsbakgrunn
- arbeider aktivt med rekruttering ved å ta inn lærlingar
- rapporterer om sitt arbeid med samfunnsansvar, med vekt på vesentlige utfordringar, mål og indikatorar for måloppnåing, i hovudsak gjennom årsrapporteringa.

Fylkeskommunen forventar at selskapa gjer det klårt kva som er selskapet sitt verdigrunnlag og i samsvar med dette har utarbeidd retningslinjer for sitt arbeid med samfunnsansvar.

Fylkeskommunen forventar at retningslinene er offentleg tilgjengelege og at selskapa integrerer arbeidet med klima og miljø, menneskerettigheter, arbeidstakarrettar og arbeid mot korruksjon i desse.

Retningslinene bør m.a. omhandle:

- nøkternt nivå på honorar/godtgjersle, gåver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire. Nivået på honoraret skal henge saman med den reelle personlege risikoene kvar einskild har knytt til si rolle i selskapet, og kompetansen den det gjeld tilfører selskapet.
- interessekonfliktar

- forholdet til kundar, leverandørar og konkurrentar
- forholdet til medarbeidarane
- rutinar for varsling og reaksjonar/oppfylging av brot på retningslinene
- selskapet sitt ansvar for menneske, samfunn, miljø som påverkast av verksemda

Knytt til dei fire tematiske kjerneområda forventar fylkeskommunen at selskapa:

#### Klima og miljø

- etterlever nasjonale og internasjonale miljøkrav
- gjennomfører grep for å redusere sin negative miljøpåverknad
- innehavar risikokompetanse- og forståing for moglege endringar i rammevilkår som følge av klimaendringar og nasjonale og internasjonale klimatiltak, slik at verdiane i selskapet best mogleg vert teke i vare ved behov for omstilling.

#### Menneskerettar

- respekterer og førebygger brot på menneskerettar i eiga verksemd, og at selskapa også følgjer dette ovanfor sine leverandører og forretningspartnerar

#### Arbeidstakarrettar

- respekterer og bidreg til eit skikkeleg arbeidsliv der grunnleggande arbeidsstandardar og – rettar vert teke vare på og at arbeidstakarane blir gjeve ei løn dei kan leve av.
- legg til grunn ILOs åtte kjernekonvensjonar som ein minimumsstandard for si verksemd, samt at desse vert følgt opp i verdikjeda.
- opptrer ansvarleg i omstillingsprosessar og gjennomfører desse i dialog med tilsette og lokalsamfunn.

#### Openheit kring økonomiske transaksjonar og mot korrasjon

- utviser størst mogleg grad av openheit knytt til pengestrømmar, også skatt.
- har retningsliner, system og tiltak for å hindre korrasjon, og for å handtere moglege lovbroter eller tvilstilfelle som måtte avdekkast på dette feltet.

Oppfølginga av selskapa sitt arbeid med samfunnsansvar skjer gjennom eigardialog mellom eigar og selskapa si leiing. Eigar forventar at selskapet rapporterer på viktige saker som gjeld verksemda, også omfatta saker som gjeld samfunnsansvar.

### **1.8.2 Samfunnsansvar og etikk hjå fylkeskommunen og fylkeskommunen sine utsendingar**

Fylkestinget vedtok i sak 36/93 etiske retningslinjer og prinsipp for fylkeskommunen. Dei ligg på fylkeskommunen sine nettsider<sup>1</sup>. Desse gjeld for dei folkevalde i alle situasjonar der dei opptrer som folkevalde på vegne av fylkeskommunen, også når dei opptrer som fylkeskommunen sin eigarrepresentant.

Når ein person representerer fylkeskommunen i eit styre, er det selskapet sine etiske retningslinjer som gjeld for utøvinga av styrevervet. Sjå også kapittel 2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemmane si uavhengige stilling og kapittel 2.4.1 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant, samt kapittel 3. Rutinar.

### **1.8.3 Rettslege råmer for ulike verksemder**

Fylkestinget legg til grunn at alle verksemder til ei kvar tid følgjer dei lover og reglar som gjeld for verksemda. Fylkestinget har særleg forventning om at selskapet si leiing syter for ein forsvarleg eigenkapital og økonomiforvaltning, samt at selskapet legg til rette for at aksjeeigarar kan utøve sine rettar på ein god måte.

#### Forsvarleg eigenkapital

Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil for selskapet. For aksjeselskap legg fylkestinget til grunn at kravet om forsvarleg eigenkapital og likviditet vert etterlevd. Dersom det er grunn til å tru at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg ut frå risikoene ved og omfangen av verksemda, forventar fylkestinget at styret innan rimelig tid kallar inn

---

<sup>1</sup>

<http://img4.custompublish.com/getfile.php/2956991.2344.scbxfwdtwy/Etiske%20prinsipp%20og%20retningslinier.pdf?return=www.sfi.no>

generalforsamlinga for å gjere greie for selskapet sin økonomiske stilling og dei tiltak som styret foreslår at blir sett i verk.

#### Om fullmakt til å dele ut utbytte

Frå 1. juli 2013 vart det opna for at generalforsamlinga kan gje styret fullmakt til å dele ut utbytte. Fylkestinget meiner at forslag om slik fullmakt bør grunngjenvast særskilt.

Det er ikkje høve for generalforsamlinga, styret eller dagleg leiing i eit aksjeselskap til å ta ei avgjerd som er eigna til å gje aksjeeigarar ein urimeleg fordel på andre aksjeeigarar eller selskapet sin kostnad.

#### Eigarutøving på representantskapsmøte og føretaksmøte

Utgangspunktet er at eigarar utøver sin eigarskap i eigarorganet til selskapet. Styret bør legge til rette for at flest mulig aksjeeigarar kan utøve sine rettar ved å delta i selskapet si generalforsamling ved mellom anna å sørge for at:

- Innkalling og saksdokument til generalforsamlinga, inkludert valkomiteen si innstilling blir gjort tilgjengeleg innanfor lovfesta fristar i mellom anna aksjelova og IKS-lova, eller innanfor dei fristar selskapet sine vedtekter har fastsett,
- Saksdokumenta gjev aksjeeigarane reell moglegheit til å ta stilling til alle saker som skal handsamast,
- styret, valkomiteen og revisor er til stades i generalforsamling,
- at møtet vert riktig protokollert og at eigarane får tilgang til denne i etterkant av generalforsamlinga.

**Fylkestinget forventar at verksemder sender innkalling til generalforsamling, representantskapsmøte og føretaksmøte til fylkeskommunen sin eigarutsending og til fylkeskommunen sin administrasjon<sup>2</sup>.**

## **1.9 Eigarutøving for meldingsåret og etterfølgjande år**

### **1.9.1 Generell politikkendring**

Som eit resultat av vedtak i fylkestinget, lovendringar og med bakgrunn i tilrådingar etter selskapskontrollar i selskap som er fylkeskommunal eigd, vil fylkeskommunen i nokre tilfelle kunne endre eigarpolitikk. Slike endringar skal takast inn i etterfølgjande eigarmelding del I.

I dei tilfella fylkeskommunen stiller særskilte forventingar til eit selskap eller fylkestinget ber om særskilt utgreiing av eit selskap, skal dette skje i eige vedtakspunkt idet politiske organet.

Oversikta over enkeltsaker for 2015 og 2016 er frå perioden etter at Eigarmeldinga 2015 vart sendt frå administrasjonen til politisk handsaming fram til årets eigarmelding er sendt til politisk handsaming, dvs. medio september 2015 til medio september 2016.

### **1.9.2 Enkeltsaker**

#### **2015**

##### Val- og utpeikingssaker:

Hovudutvala sine oppnemningar av medlemmar til råd og styre i stiftingar er ikkje teke med i denne oversikta.

*FT-sak 50/15: Val av representantar til Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Trivselshagen IKS for valperioden 2015–2019*

For perioden 2015-2019 peika fylkestinget ut følgjande representantar:

SGON OG FJORDANE REVISJON IKS:

Representant: Fylkesordføraren

Vararepresentant: Fylkesvaraordføraren

TRIVSELSHAGEN IKS:

<sup>2</sup> Kontaktinformasjon til den enkelte eigarutsending er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider: <http://www.sj.no/verksemder-og-eigarskap.334847.nn.html>

Administrasjonen: Postmottak.Sentraladm@sfj.no

Representant: Ole Johnny Stubhaug  
 Vararepresentant: Helen Hjertaas  
 Representant: Anders Sægrov  
 Vararepresentant: Rita Navarsete

*FU-sak 109/15: Val av medlemer til nemnder o.a. - valperioden 2015 - 2019*

Fylkesutvalet peika ut eigarutsendingar, styremedlemmar m.m. for valperioden 2015-2019.  
 Sjå sak 109/15 for oversikt over kven fylkesutvalet valde.

*FT-sak 116/15: Val av representantar til nasjonalpark- og verneområdestyra*

Fylkesutvalet innstilte representantar til nasjonalpark- og verneområdestyra.

Andre saker:

*FT-sak 34/15: Valrett til styra i bustadstiftingane til sjukehusa i Sogn og Fjordane*

Saka gjaldt fylkesutvalet sin valrett til styra i bustadstiftingane. Fylkestinget vedtok å overføre valretten til Helse Førde og vertskommunane. Fylkestinget bad stiftingane om å søkje omdanning i tråd med vedtaket. Det var ein føresetnad for overføringa at den som får val retten aksepterer ei slik overføring.

*FT-sak 46/15: Eigarposisjonen i Fjord1 AS*

Fylkestinget vedtok å selje aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA.

Vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sel aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Salet inneber eitt trinnvis sal av aksjane ved at fylkeskommunen først sel 50% av aksjane, medan Torghatten får ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 50 % tidlegast 1. januar 2017. Om Torghatten ASA ikkje nyttar denne opsjonen, har fylkeskommunen høve til å selje resterande 50 % til Torghatten ASA etter 1. januar 2019. Fylkestinget vedtek aksjesalsavtale og aksjonæravtale som regulerer dette, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å slutføre salet.
3. Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjeldssanering.

*FT-sak 72/15: Krav om lovlegkontroll av fylkestingssak 46/15 - eigarposisjonen i Fjord1 AS*

Fylkestinget handsama krav om lovlegkontroll av avgjerala om å selje aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Fylkestinget fann avgjerala i FT-sak 46/15 gyldig.

*FU-sak 143/15: Fjord1 AS*

Vedtak:

1. Fylkesutvalet tek til etterretning og beklagar at eigaroppnemnde styrerepresentantar og administrerande direktør i Fjord1 AS går av.
2. Fylkesutvalet vil no fokusere på å medverke til å få på plass nytt styre og ny leiing i selskapet. Fylkesutvalet vil handsame ei sak om dette 7.desember. Fylkesrådmannen vil legge fram sak til dette møtet. Fylkeskommunen/F1 Holding AS vil ta initiativ til ekstraordinær generalforsamling i Fjord1 same dag.
3. Fylkesutvalet har fått ei orientering av fylkesrådmannen om prosessen forut for fylkestinget sitt vedtak 23.november 2015. Fylkesutvalet tek orienteringa til etterretning. Den fylkeskommunale prosessen bygde på følgjande:
  - den FU-godkjende prosessen skulle følgjast.
  - alle bodgjevarane skulle handsamast likt.
  - gjevne bodfristar skulle haldast.
  - formelle bodbrev skulle føreligge.

Det hadde likevel tent det politiske arbeidet dersom fylkesutvalet hadde fått noko nærmare informasjon om pågåande prosessar under den politiske slutthandsaminga.

4. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen gå gjennom alle presentasjonar og dokument i saka om Fjord1-salet som vart lagt fram unntatt offentlegheit eller stempla fortruleg i fylkesutvalet og fylkestinget, for snarast mogleg å opne så mykje som mulig av innhaldet i dokumenta og presentasjonane for offentleg innsyn. Dette ut frå at offentleglova gir høve til å unnta særleg sensitive opplysingar frå offentleg innsyn, men ikkje heile dokument og presentasjonar.

*FT-sak 144/15: Val av medlemar i Fjord1 AS*

Bakgrunnen for saka var at dei fire styremedlemmane i Fjord1 AS som var oppnemnde frå Sogn og Fjordane fylkeskommune varsla at dei ville trekke seg. Fylkesutvalet peika ut følgjande styremedlemmar:

Pål W Lorentzen (styreleiar)

Vidar Grønnevik

Arvid Andenæs  
Bente Nesse

#### Eigarskapskontollar, selskapskontollar, mv.

*FT-sak 31/15: Selskapskontroll 2015 – Informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og fylkeskommunen*  
Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

1. Fylkestinget tek saka «selskapskontroll 2015 – informasjonsflyten mellom Fjord1 AS og fylkeskommunen» til vitande.
2. Det må for framtida sikrast gode nok rutinar på informasjonsflyt slik at eigar gjennom Fylkesutvalet har tilfredstillende kunnskap til å utføre aktiv og god eigarskap.
3. Fylkesrådmannen vert bedt om å legge fram ei sak med endring av reglement for politiske utval som sikrar at vesentleg informasjon gitt i møte vert dokumentert.
  - a. Blant anna skal all eigarskapsinformasjon dokumenterast.
  - b. Tema for alle munnlege orienteringar skal protokollerast.

*KU-sak 50/15: Plan for forvaltningsrevisjon 2016 - 2020 - bestilling av overordna analyse*  
Kontrollutvalet vedtok å bestille ei overordna analyse av den fylkeskommunale verksemda.

*KU-sak 51/15: Plan for selskapskontroll 2016 - 2020 - Bestilling av overordna analyse*  
Kontrollutvalet vedtok å bestille ei overordna analyse av den fylkeskommunale eigarskapen i selskap.

## 2016

#### Andre saker

*FU-sak 6/16: Lutelandet Utvikling AS - Eigaroppfølging 2015 (Unntatt offentlighet).*

Fylkesutvalet stilte krav til finansieringsmodellen i avtalen med HAFS Utvikling AS:

1. Styret i Lutelandet Utvikling AS si godkjenning av prosjekt skal vere samrøystes.
2. Punktet i avtalen om fylkeskommunen sine krav til finansieringsmodellen kan berre endrast av eit samrøystes styre.

*FU-sak 7/16: Avvikling av fylkeskommunalt eigarskap i selskap (Unntatt offentlighet).*

Fylkesutvalet godkjente avtale om sal av fylkeskommunen sin aksje i Botnaneset Industriselskap AS. I notat til møte 02.03.16 vart fylkesutvalet orientert om at Flora kommune nyttar forkjøpsretten sin til aksjen.

*FT-sak 27/16: Fylkestinget sitt årlege møte med Sogn og Fjordane Energi AS*

*FT-sak 28/16: Fylkestinget sitt årlege møte med Fjord1 AS*

#### Eigarskap i Fjord1

*FU-sak 20/16: Val av fylkeskommunen sine representantar til valkomiteen for styret i F1 Holding AS og for F1 Holding AS sine styremedlemer i Fjord1 AS*

I samsvar med aksjonæravtalen mellom Torghatten ASA og Sogn og Fjordane fylkeskommune valde fylkesutvalet følgjande to representantar til valkomiteen for styret i F1 Holding AS og for F1 Holding AS sine styremedlemer i Fjord1 AS:

1 Fylkesordføraren

2 Noralv Distad

*FU-sak 69/16: Møte med styreleiaren i Fjord1 AS (Unntatt offentlighet).*

Ikkje-offentleg sak.

*FU-sak 70/16: Drøfting av Konkurransetilsynet sitt vedtak vedkommande sal av aksjer i F1 Holding (Unntatt offentlighet).*

Fylkesutvalet tok Konkurransetilsynet sitt vedtak om F1 Holding AS – Torghatten ASA av 14.07.16 til vitande, og vedtok at fylkeskommunen ikkje skulle klage på vedtaket. Vidare tok fylkesutvalet til vitande at heller ikkje Torghatten ASA ville påklage vedtaket.

*FU-sak 71/16: Fylkeskommunen sin vidare eigarskap i F1 Holding AS/Fjord1 AS (Unntatt offentlighet).*

Ikkje-offentleg sak

*FU-sak 72/16: Fylkeskommunen sin eigarskap i F1 Holding as / Fjord1 as - vidare arbeid (Unntatt offentlighet).*

Vedtak: Fylkesutvalet drøfta saka.

*FU-sak 80/16: Nærare orientering om avtaleverket med Havilafjord*  
Fylkesordføraren orienterte fylkesutvalet om avtaleverket med Havilafjord AS.

*FT-sak 30/16: Sal av Fjord1-aksjar*

Fylkestinget godkjente at F1 Holding AS sel aksjane i Fjord1 AS til Havilafjord AS. Salet inneber eit trinnvis sal av aksjane ved at F1 Holding AS først sel 26 % av aksjane. Havilafjord AS har så ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 33 % mellom 1. januar 2017 og 31. mars 2019, medan F1 Holding AS har rett (opsjon) til å selje resterande 33 % til Havilafjord AS mellom 1. januar 2019 og 28. februar 2019.

Fylkestinget viste også til at Havilafjord AS har forplikta seg til å trekke søksmålet mot F1 Holding AS for Sogn tingrett, og konstaterte at saka som følgje av dette vil vere forlikt mellom partane.

Eigarskapskontollar, selskapskontollar, mv.

*KU-sak 19/16: Eigarposisjon i Fjord1 AS - Utbetalingane til Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services AS*

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i saka:

1. Kontrollutvalet meiner at rutinane og fakturakontrollen som har vorte gjennomført i samband med utbetalingane til Wiersholm og DHT, har vore tilfredsstillande til å ivareta utbetalingane sin rettmessighet. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at fylkeskommunen sine eigne rutinar, eller lov og forskrift, er broten i samband med utbetalingane. Kontrollutvalet ser ikkje grunnlag for å gjennomføre ytterlegare undersøkingar eller kontrollhandlingar i saka.
2. Kontrollutvalet ber om at SF Revisjon gjer ei vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT opp imot Lov om offentlege anskaffingar, inkl. korleis tilleggsoppdraget forheld seg til føresegne.

*KU-sak 27/16: Eigarposisjon i Fjord1 AS - Utbetalingane til Advokatfirmaet Wiersholm og DHT Corporate Services AS - Vurdering av avtale*

Leiar fekk i samråd med kontrollsjef fullmakt til å bestille vurdering av avtalen mellom fylkeskommunen og Wiersholm/DHT av Deloitte AS.

*KU-sak 28/16: Selskapskontroll 2016 - Eigaroppfølging Fjord1*

1. Kontrollutvalet vil undersøke om fylkeskommunen si eigarutøving av Fjord1 AS er i samsvar med lover, reglar og fylkeskommunen sine eigne føringar for eigarutøving.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente aktuelle dokument som referat, protokollar og innkallingar frå møtepunkt mellom fylkeskommunen og styret, eller deler av styret, i Fjord1 AS i 2016. Kontrollutvalet ber om innsyn i dei dokumenta styreleiar i Fjord1 AS la fram for fylkesutvalet 13. april.
3. Kontrollutvalet vil få gjennomført intervju med fylkesordførar, fylkesrådmann og styreleiar i F1 Holding AS i nær framtid for å få informasjon om fylkeskommunen si eigarutøving. I tillegg vil utvalet invitere styreleiar i Fjord1 AS til intervju om same tema. Utvalet går inn for at intervju skal gå føre seg 12. mai 2016.
4. Leiar i kontrollutvalet og eventuelt kontrollsjef vil vere til stades i fylkesutvalsmøte 4. mai under orientering og drøfting av rutinar om teieplikt.
5. Kontrollutvalet ber SF revisjon IKS om å vere delaktig i gjennomføringa av denne eigarskapskontrollen.
6. Kontrollutvalet har mål om handsaming av sak om eigarutøving i møte 31. mai 2016.
7. Kontrollutvalet vil gjennomføre undersøkingar i høve til påstandar om lekkasjar av dokument i tillegg til rutinar om å unnta dokument offentlegheit i samband med hendingar den seinare tid. Kontrollutvalet vil be fylkesrådmannen orientere utvalet om regelverk og rutinar i samband med å unnta dokument eller deler av dokument offentlegheit.

*FT-sak 29/16: Selskapskontroll 2016 - Eigarskapskontroll Fjord1*

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak:

1. Notat etter gjennomført kontroll av eigaroppfølging Fjord1 vert teke til orientering.
2. Fylkestinget meiner at den reelle utøvinga av eigarskap og kommunikasjon mellom fylkeskommunen, F1 Holding AS og Fjord1 AS ikkje er i samsvar med den vedtekne organiseringa, og ber fylkesutvalet vurdere om fylkesordføraren bør veljast som eigarrepresentant i F1 Holding AS.
3. Fylkestinget meiner at direkte påverknad av styremedlemmar i Fjord1 ikkje er i samsvar med den vedtekne eigarmeldinga. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utgreie konkrete retningslinjer for eigarutøving mellom generalforsamlingar, og at dette vert vurdert i samband med handsaming av eigarmeldinga.

4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge til rette for opplæring og styrke kompetanse for eigarrepresentantar i fylkeskommunale selskap.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere rutinane for handsaming av dokument og informasjon som er unntak om offentleg. Ein ber også om at det vert gjeve tilstrekkeleg opplæring til fylkespolitikarane om offentleglova og teieplikt.

## **2. Råmer for oppfølging av eigarskapen: reglar og fylkeskommunale retningsliner**

### ***2.1 Interessekonflikt mellom eigarinteresser, selskapsinteresser og forvaltningsoppgåver – nokre problemstillingar***

Fylkeskommunen opptrer både som offentleg organ som handsamar forvaltningsoppgåver og som privat eigar med eigarinteresser. Denne rolleblandinga kan reise spørsmål om interessekonflikt. For det første kan det at fylkeskommunen som offentleg organ har private eigarinteresser i ulike selskap skape interessekonflikt når det skal fattast avgjerd i enkeltsaker. I slike situasjonar kan det hende at omsynet til eigarinteressene til fylkeskommunen utfordrar omsynet til at tilgjengelege ressursar vert forvalta slik at det best mogleg gangar samfunnet og dei som bur i fylket. Her vil folkevalde og tilsette kunne oppleve lojalitetskonfliktar ved utøvinga av dei ulike rollene.

Vidare kan den enkelte folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen har styreverv i eit selskap som fylkeskommunen har eigarskap i og/eller utøver eit forvaltningsmynde ovanfor. Dette kan skape interessekonfliktar for den folkevalde/tilsette når han eller ho skal vere med å legg til rette for ei avgjerd eller fatte ei avgjerd. Utfordringa ligg i at eit styreverv er personleg og skil seg frå rolla som folkevald/tilsett i offentleg organ. Det er i slike tilfelle viktig å ha ei medvite haldning til si(ne) rolle(r) som fylkeskommunal representant og selskapsrepresentant, kva omsyn som ligg til dei ulike rollene og til kva tid dei ulike omsyna kan tilleggast vekt. Vurderinga må gjerast for å hindre at det vert tvil om ei fylkeskommunal forvaltningsavgjerd er fatta på sakleg grunnlag.

#### **Utanforliggande/usaklege omsyn i forvaltninga**

Fylkeskommunal forvaltning må i si sakshandsaming bygge på omsyn som er saklege og relevante i saka<sup>3</sup>. Det er krav om at ein offentleg tenestemann- og kvinne skal skilje mellom fellesinteresser og private interesser i skjønnsutøvinga knytt til forvaltingssaka som vert handsama<sup>4</sup>. Ein folkevald kan ikkje legge til grunn omsyn som spring ut frå private interesser, anten dette skriv seg til styrearbeid i eit selskap eller anna<sup>5</sup>. Dette vil vere å rekne som usaklege og/eller utanforliggande omsyn.

#### **2.1.1 Døme på tilfelle der interessekonflikten kan oppstå i forvaltninga når fylkeskommunen er eigar i selskap**

Fylkeskommunen sin eigarskap kan føre til at det oppstår utfordingar i utøvinga av forvaltningsmynde og folkestyre i til dømes slike samanhengar:

- Ved utforming av konsesjonsvilkår innan transport og energisektoren
- Ved utøving av fylkeskommunalt reguleringsmynde på andre konkurranseutsette område, i tilfelle fylkeskommunen har eigarskap i selskap som driv verksemد innanfor dette området.
- Ved tildeling av konsesjonar innanfor sektorar der fylkeskommunen også utøver næringsverksemد
- Ved anbodskonkurransar
- Ved at fylkeskommunen gjer seg stadig meir økonomisk avhengig av inntekter frå slike selskap i høve utøving av primærverksemda knytt til folkestyre og utøving av forvaltningsmynde.

<sup>3</sup> Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 366.

<sup>4</sup> Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 187.

<sup>5</sup> Eckhoff/Smith, Forvaltningsrett, 8. utgåve, s. 371.

## **2.2 Reglar om habilitet – folkevalde i ulike rollar**

### **2.2.1 Generelt**

I eigarsaker der styremedlemmar og medlemmar av generalforsamlingar, representantskap og andre eigarorgan (eigarrepresentantane) er representert i folkevalde organ, er fylkestinget si oppfatning at både rolleforståing og habilitet må handterast på ein måte som ikkje er egna til å så tvil om at ei avgjerd er teke på sakleg grunnlag. Dei to viktigaste omsyna i høve fylkeskommunal utøving er:

1. at alle avgjerder blir tekne av uhilda personar
2. hindre at habilitetsreglane blir utvida utover lovkrava, med det resultat at folkevalde urettvist blir avskorne frå retten og plikta til å delta i saker organet får til handsaming.

At alle medlemer i fylkestinget registrerer sine interesser, både økonomiske og politiske, i styrevervregisteret, vil vere med på å identifisere den folkevalde sine ulike roller og synleggjere rollene for ålmenta.

Det er viktig av alle medlemmar av fylkestinget registrerer sine interesser i [www.styrevervregister.no](http://www.styrevervregister.no).

Fylkestinget er av den oppfatning at slike økonomiske og politiske interesser generelt sett sjeldan vil utløyse ugildskap med mindre det er særskilde høve som knyt seg til vedkomande person eller sak. Dersom omgrepet ugildskap skulle strekkast så langt, ville det medføre ei innsnevring av det politiske handlingsrommet, og kan til slutt ramme rekrutteringa til politisk verksemd. Det er også eit poeng at denne type interesser og engasjement nettopp fører ein del menneske inn i politikken.

Sjå elles at habilitetsspørsmålet er relevant allereie på tidspunkt for utpeiking av styremedlem, sjå punkt [2.5.2 Retningsliner for fylkeskommunen si utpeiking av styremedlemmar](#).

### **2.2.2 Reglane om habilitet**

#### **Habilitetsregelen i forvaltningslova § 6**

Ein offentleg tenestemann eller -kvinnе er ugild til å legge til rette grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei forvaltingssak dersom eitt eller fleire av vilkåra i fvl. § 6 er oppfylt.

Habilitetsreglane gjeld der saka er venta å munne ut i «en avgjørelse». Folkevalde representantar i fylkeskommunale kollegiale organ er omfatta av reglane.

Omgrepet «avgjørelse» skal forståast vidt. Omgrepet er ikkje definert i forvaltningslova, men famnar vidare enn vedtaksomgrepet slik det er definert i forvaltningslova § 2 første avsnitt bokstav a. Avgjelder som ledd i alle typar forvaltningsverksemd, også privatrettslege avgjersler som til dømes avgjelder i eigarsaker, er omfatta av omgrepet. Føresegna i fvl. § 6, første avsnitt listar opp høve som automatisk medfører ugildskap – og er dermed upproblematiske å handtere.

Desse høva er:

- Når ein sjølv er part i saka
- Når ein er i slekt eller svigerskap med ein part i opp- eller nedstigande line eller i sideline så nær som søsken
- Når ein er gift med eller forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part
- Når ein er verje eller fullmektig for ein part i saka eller har vore det før saken byrja
- Når ein er **leiari eller har leiande stilling** i, eller er **medlem av styret eller bedriftsforsamling** for anten eit samvirkeføretak, foreining, sparebank eller **stifting** som er part i saka, eller eit **selskap** som er part i saka. For sistnemnde (selskap) gjeld det likevel ikkje for ein person som utfører tenester eller arbeid for selskapet som er fullt ut offentleg eigd og dette selskapet, åleine eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka.

Etter lovendringa som vart sett i verk 1. november 2011 vil ein fylkestingmedlem vere ugild etter første avsnitt når fylkestinget skal handsame ei sak der selskapet er part og fylkestingmedlemen er medlem av styret, den daglege leiinga eller sit i bedriftsforsamlinga for dette selskapet, utan omsyn til om selskapet er privat eller offentleg eigd. Dette gjeld likevel ikkje i reine orienteringssaker som ikkje skal munne ut i ei avgjerd.

Eit selskap er som regel part i saka etter fvl. § 6 første avsnitt når ei avgjerd er «rettet mot eller ellers direkte gjelder» selskapet. Det omfattar tilfella der organet mellom anna utøver mynde retta mot selskapet, dersom det vert gjennomført kontrollhandlingar mot selskapet eller i saker som involverer eigarstyring av selskapet. Ved handsaming av fylkeskommunen si eigarmelding vil det avgjerande vere kor direkte dokumentet er retta mot det konkrete selskapet. Lista er ikkje uttømmande.

Rutinen ved handsaming av eigarmeldinga i fylkesutvalet og fylkestinget er det vert stemt over kvar enkelt tilråding med tanke på fortsatt eigarskap for kvart enkelt selskap, slik at folkevalde som er ugilde ovanfor eitt selskap, har høve til å ta del i avgjerder som rettar seg mot andre selskap.

Lovendringa gjeld ikkje for valde utsendingar til eigarorgana i selskapa, her generalforsamlingane, representantskap og føretaksmøte. Endringa vil heller ikkje omfatte medlemmar av andre organ i selskapa enn styre og bedriftsforsamlingar.

Det følgjer av andre avsnitt i fvl. § 6 at ”andre særegne forhold”, som til dømes personlege fordeler og ulemper for den folkevalde eller nærværende, kan føre til at den folkevalde må avstå frå å legge grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjerd i ei forvaltningsak.

Ein vil ikkje utan vidare kunne nytte fvl. § 6 andre avsnitt til å fastslå ugildskap for tilfelle der lovgjevinga direkte har fastsett at reglar om automatisk ugildskap ikkje skal gjelde. I slike tilfelle må det krevjast noko «særlig» i tillegg.

Eit selskap som ikkje direkte er part i ei sak som er til handsaming i folkevalt organ, kan likevel kunne få fordelar eller ulemper av saksutfallet. Ein folkevalt som er leiar eller styremedlem i selskapet vil i slike tilfelle ikkje automatisk bli ugild etter fvl. § 6 første avsnitt bokstav e. Han eller ho kan derimot etter ei konkret vurdering vere ugild etter fvl. § 6 andre avsnitt.

Vurderingstemaet blir om dei ytre høva i saka generelt og objektivt sett er eigna til å svekke tilliten til den folkevalde. Praktiseringa av andre ledd er basert på folkevald skjønn

Fylkeskommunen bør ha som hovudregel at tilhøve som gjeld konkurransen med private aktørar, t.d. konsesjonssaker, vil utløse ugildskap for folkevald som sit i eigarorgan til selskap som avgjera rettar seg mot.

Fylkestinget vurderer det slik at den folkevalde likevel må kunne vere med å diskutere og ta avgjerder i alminnelege politiske spørsmål, sjølv om det er saker som kan påverke verksemda sitt interessefelt.

### **Nærare om habilitet i kommunelova - Kommunelova § 40**

Etter kommunelova. § 40, nr 1 og 2, har folkevalde både rett og plikt til å delta i møta i det fylkeskommunalt folkevalde organet og til å delta i handsaminga av saker og røyste for vedtak. Ugildskap kan gjere at denne retten og plikta må vike. Regelen i § 40, nr. 4 seier at organet kan frita ein medlem frå å delta i handsaminga av ei sak når han ber om det og ”vektige personlige grunner tilsier dette”. Denne regelen er ikkje meint å skulle brukast som ein habilitetsregel, men den vil likevel kunne vere til hjelp der habilitetsreglane i forvaltningslova i den konkrete saka byr på vanskelege og uklare avgrensingsspørsmål<sup>6</sup>.

Frå eigarskapsmeldinga sitt perspektiv er det hensiktmessig å nemne at i tillegg til reglane i forvaltningslova § 6, har kommunelova § 40 nr. 3 også særreglar om habilitet for folkevalde.

### **Nærare om habilitet i anbodssaker**

Fylkestinget er av den oppfatning at styremedlemer vil vere inhabile i all handsaming frå og med utarbeiding av anbodsgrunnlag og fram til endeleg avgjerd om kven som får tildelt kontrakt. Dette gjeld styremedlemmar i selskap som driv si verksemd innanfor den marknaden anbodet gjeld. Årsaken til dette er at ein ved utforming av anbodsgrunnlaget m.a. fastset tekniske spesifikasjonar på materiell. Deltek til dømes styremedlemlar i selskap innanfor sektoren i arbeidet eller desse er med på å godkjenne anbodsgrunnlaget i konkurransen, kan dette utløse grunngjevne skuldingar om at vedkomande har hatt høve til å medverke til gunstige spesifikasjonar for sitt selskap.

---

<sup>6</sup> Jf. kommentarutgåva til kommunelova forfatta av professor i forvaltningsrett Jan Fridtjof Bernt og Oddvar Overå

Fylkestinget er av den oppfatning at det vil vere urimeleg å la slike medlemer stå utanfor dei alminnelege politiske drøftingar om fylkeskommunal rutetrafikk.

For meir om vurdering av folkevalde sin habilitet viser fylkestinget til Kommunal- og regionaldepartementet sin rettleiar<sup>7</sup>.

## **2.3 Reglar om det offentlege sin innsynsrett i eigarskapssaker**

Offentleglova sitt utgangspunkt er at ålmenta skal ha rett til innsyn i forvaltinga sine saksdokument. Innskrenkingar i denne innsynsretten må vere heimla i lov eller forskrift med heimel i lov.

I eigarskapssaker handsamar både administrasjonen og kollegiale organ saksdokument som fylkeskommunen har fått i eigenskap av å vere eigar. Opplysningar i slike dokument kan innehalde informasjon som gjer at opplysningane i dokumenta skal unntakas ålmenta sin innsynsrett. Lovheimel for dette følgjer av reglane i offl. § 13, jf. fvl. § 13 om teiepliktige opplysningar. I andre tilfelle kan dokumenta innehalde opplysningar som kan unntakast offentlegheit. Lovheimel for dette vil kunne vere offl. § 23, 1. og 4. avsnitt. Sistnemnde lovheimel er den som vert nytta i dei fleste tilfelle der kollegiale organ får dokument til handsaming som eigar.

Det følgjer av offl. § 23, 4. avsnitt at det kan gjerast unntak frå innsyn for dokument som gjeld selskap der fylkeskommunen har eigarinteresser og som blir handsama av vedkomande organ som eigar, dersom selskapet ikkje er omfatta av verkeområdet til offentleglova.

Denne unntaksregelen tek sikte på dokument som til dømes gjeld organiseringa av selskapet, føremål og målsetting for verksemda, økonomiske rammer og budsjett eller meir konkrete spørsmål om strategi. Slike opplysningar må i alle høve vurderast opp mot reglane om det offentlege si teieplikt om forretningsmessige høve som det vil vere av konkurransemessing betydning å halde hemmeleg etter fvl. § 13.

Unntaket etter offl. § 23, 4. avsnitt kan ikkje nyttast når eigarorganet opptrer som forvalningsorgan, og ikkje som eigar, ovanfor til selskapet.

Eit notat utarbeidd for fylkeskommunen si eiga saksførebuing eller frå ekstern konsulent kan innehalde informasjon om fylkeskommunen sin eigarskap. Desse kan i eigenskap av å vere interne og eksterne notat til den interne saksførebuinga bli unntakse offentlegheit etter hhv. Offl. §§ 14 og 15.

Endeleg kan dokument som omhandlar fylkeskommunen sin forhandslingsposisjon når det kjem til privatøkonomiske interesser, som ved kjøp eller sal av eigardel, bli vurdert unntakse offentlegheit etter offl. § 23, 1. avsnitt.

## **2.4 Folkevalde som eigarutsending**

### **2.4.1 Kort om eigarorganet i eit selskap**

Eigarorganet er det øvste mynde i eit selskap. For aksjeselskap er dette generalforsamlingar, medan det i interkommunale selskap er representantskapet. Eigarorganet har ein alminneleg instruks- og omgjeringsrett overfor styret. Det er såleis gjennom eigarorganet at eigarane har moglegheit til å påverke styringa av selskapet.

Det er opent for at eigarorganet kan ta opp og fatte vedtak i ei kvar sak som gjeld selskapet. For aksjeselskap er det lovbestemt at det skal haldast ordinær generalforsamling kvar kvart år. Generalforsamling i eit aksjeseleskap vel styret, med mindre selskapet har bedriftsforsamling.

I tillegg til ordinære møter i eigarorganet, kan eigarorganet utføre meir «uformelle» eigarmøte. På eigarmøte kan det ikkje gjerast vedtak som bind styret.

---

<sup>7</sup> [http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger\\_brosyrer/2011/habilitet-i-kommuner-og-fylkeskommuner.html?id=653489](http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/veiledninger_brosyrer/2011/habilitet-i-kommuner-og-fylkeskommuner.html?id=653489)

## **2.4.2 Krav til fylkeskommunen sin eigarrepresentant**

Fylkesutvalet har på vegne av fylkestinget peikt ut kven som skal sendast ut som aksjonær i eigarorgana til selskapa, og desse er i hovudsak medlemmar av fylkestinget. For aksjeselskap og interkommunale selskap er dette den anbefalte løysinga. Fylkesutvalet sin praksis er at fylkesordførar og derhest fylkesvaraordførar vert vald som eigarutsending i selskap der fylkesutvalet meiner det er naudsynt at politisk leiar deltek. Elles er det praksis at andre folkevalde vert vald som eigarutsending

Andre enn fylkestingmedlemmar kan også veljast som eigarutsendingar. Praksis har vore at nokon frå fylkeskommunen sin administrasjon i enkelte tilfelle vert valt som eigarutsending. I andre tilfelle er andre kompetansepersonar med tilknyting til fylkeskommunen valt som utsending på vegne av fylkestinget. Desse har såleis fått delegert ansvar og fått fullmakt til å møte på eigarmøte på vegne av fylkestinget.

Samhandling mellom fylkeskommunen sitt eigarorgan og eigarorganet i selskapet er ikkje regulert utover at eigarutøving skal skje på generalforsamlinga/i representantskapen. Det er difor viktig at retningslinene for kommunikasjon mellom eigarutsendingane og fylkesutvalet, som har delegert fullmakt som eigarorgan frå fylkestinget, vert etterfølgd i forkant av generalforsamling/representantskapsmøte/føretaksmøte, sjå punkt 3. Rutinar.

Den som er valt som utsending til generalforsamlingane for selskapet også møter på dei meir uformelle "eigarmøta", eventuelt supplert med ein representant frå administrasjonen.

Det er viktig at eigarrepresentanten kjenner til fylkeskommunen sine allmenne og spesielle eigarstrategiar, samt føremålet med eigarselskapet i det aktuelle selskapet. Det er forventa at eigarrepresentanten utøver si rolle i tråd med dette og det politiske fleirtal sine føringer. Sjå punkt 3.8 Eigarrepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen om rutinar for eigarrepresentanten.

## **2.4.3 Retningsliner for utpeiking av fylkeskommunen sine eigarutsendingar i dei ulike eigarorganana**

Fylkestinget ser ikkje grunnar for å sende fleire representantar enn kva som er naudsynt til møter i eigarorganet, då eigarrepresentanten vil vere bunde av fylkesutvalet sin instruks. Fylkestinget ser det som hensiktsmessig å avgrense storleiken på representantskap og generalforsamlingar til det som er naudsynt og hensiktsmessig. I spesielle saker og for enkelte selskap, er det tilrådd at ein frå administrasjonen er med eigarutsendinga.

Val av representantar til eigarorgan i selskapa blir normalt gjort kvart 4. år ved første konstituerande møte etter eit fylkestingval.

I FU-sak 101/12 vart det vedteke at det skal vere politisk valt utsending til generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Teater, trass i at eigarposten er mindre enn kr 80 000. Sogn og Fjordane fylkeskommune eig 80 % av aksjane i Sogn og Fjordane Teater. Det er også naturleg at det er politisk valt utsending i Sogn og Fjordane Holding AS, trass i at aksjekapitalen er redusert til kr 30 000. Dette er fordi fylkeskommunen eig 100 % av aksjane i selskapet.

Det vart i FU-sak 32/07 vedteke at for selskap der eigarskapen er under 3 000 kr skal fylkeskommunen ikkje møte på generalforsamlinga. Dette gjeld pr. dags dato berre Kommunekraft AS.

Føresetnaden ved val av representantar til representantskapa i interkommunale selskap er at berre dei valde representantane kan møte, slik at andre vil ikkje ha høve til å møte med fullmakt. Det bør difor veljast vara for representantskapsmedlemmane.

## **2.5 Utpeiking av styrerepresentantar**

### **2.5.1 Fylkeskommunen sine krav til eigenskapar, kompetanse og styremedlemmane si uavhengige stilling**

Fylkestinget har som eigar ansvar for at dei som sit i dei ulike styra må ha eigenskapar og kompetanse til å styre selskapet på ein god måte i samsvar med selskapet si verksemd, strategi og handlingsplan.

Eigarmelding 2008 syner til at det er lang praksis for at fylkestingsmedlemer blir peikt ut som kandidatar til styreverv i fylkeskommunalt eigde selskap.

Fylkestinget har oppretthalde praksisen med å ha folkevalde i ulike styreroller og er samtidig oppteken av å medverke til at styret som kollegium skal representere god nok breidde og relevant kompetanse for selskapet. Det kan difor vere aktuelt å velje styremedlemer utan fylkeskommunal forankring. Dette vert meir aktuelt på grunn av lovendringane om habilitet.

Rolla som styremedlem er forskjellig frå rolla som folkevald sidan styrevervet er eit frivillig, personleg verv. Styremedlemmen er personleg ansvarleg for å ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

Sjå punkt 3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap under rutinar for fylkeskommunale eigaroppfølging.

## **2.5.2 Prosedyrar for val av styremedlemmar**

Styra i selskapa vert valde av dei operative eigarorganana, her generalforsamling/representantskap. Eigarane kan påverke valet av styret ved å gje føringar til sine representantar i eigarorganet. Nokre selskap har ein eigen valkomité som førebud val av styre. I nokre selskap skal fylkeskommunen skal etter nærmere avtalar og vedtekter sjølv peike ut ein eller fleire representantar til styra. Elles kan vedtekten har reglar om utpeiking av styremedlemane.

### Avtalefesta prosedyre for val av styre

I tilfelle der fylkestinget eller fylkesutvalet vurderer om fylkeskommunen skal gå inn som ny eigar i aksjeselskap bør organet ta opp spørsmålet om å vedtekts- eller avtalefeste prosedyre for val av styre. Det vil vere ei god løysing at fleire av selskapa etablerer valnemnder som tek seg av å finne kandidatar til styret.

### Styresamansettning i konsernmodell

Styret i morselskap bør ikkje sitte i styret til datterselskap fordi styret i morselskap er generalforsamling i datterselskap. Dette er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Konserndirektøren kan vere representert i datterselskapa sine styre. Fylkeskommunen er eigar i fleire selskap med konsernmodell og må vere bevisst denne problemstillinga.

### Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styra

Fylkeskommunen bør ved utpeiking av styrerrepresentant vurdere om det kan oppstå ikkje-ynskjelege habilitetskonfliktar for den som vert utpekt.

Når det er spørsmål om å velje folkevalde eller tilsette i fylkeskommunen til styrerrepresentantar i selskap som fylkeskommunen har eigardelar i, bør organet som peikar ut vurderer kor ofte vedkommande blir ugild etter dei regler som er lista opp i kapittel 2.2.2 Reglane om habilitet. Dersom ugildskap ofte vil inntrefte, må organet vurdere om dette vil gjere det lite hensiktsmessig å velje den aktuelle personen til styrerrepresentant. Typisk gjeld dette der det er tale om sentrale folkevalde eller tilsette i leiarstillingar. Om ulempene ved å velje slike personar til styrerrepresentantar er større enn behovet for å ha den aktuelle personen i styret er ein vurdering som organet sjølv bør gjøre.

## **2.5.3 Reglar om kjønnsbalanse i styra**

### Aksjeselskap der kommunar og fylkeskommunar ar eigarmajoritet

Stortinget vedtok våren 2009 krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap. Kravet er lovfesta i kommunelova § 80 a som syner til aksjelova § 20-6 som regulerer kjønnsbalansen i statsaksjeselskap. For at eit aksjeselskap skal reknast for å vere eit kommunalt kontrollerte aksjeselskap må kommunar og fylkeskommunar til saman eige minst to tredeler av aksjane i selskapet.

Aksjelova § 20-6, 1. ledd lyder:

- ” (1) I styret i statsaksjeselskap skal begge kjønn være representert på følgende måte:
1. Har styret to eller tre medlemmer, skal hvert kjønn være representert.
  2. Har styret fire eller fem medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst to.
  3. Har styret seks til åtte medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst tre.

4. Har styret ni medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst fire, og har styret flere medlemmer, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent.
5. Reglene i nr 1 til 4 gjelder tilsvarende ved valg av varamedlemmer."

#### Interkommunale selskap

I tråd med IKS-lova § 10 er det krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra.

#### Andre verksemder

Fylkestinget anbefaler at eigarorganet uavhengig av organisasjonsform forsøker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styra for å betre utnytte eksisterande kompetanse i regionen.

### **2.5.4 Kort om eit styret sitt ansvar**

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap (IKS) ligg til styret. Dette er heimla i aksjelova og lov om interkommunale selskap. Det betyr at det overordna myndet og ansvaret for forvaltninga av selskapet ligg til styret. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Generalforsamlinga i aksjeselskap og representantskapet i eit IKS er selskapet sitt øvste organ, men dei deltek ikkje i den daglege forvaltninga av selskapet.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta lojalt i samsvar med føremålet med selskapet. Styret skal difor sørge for at selskapet realiserer målet som eigarane hadde ved etableringa av selskapet, og i kva lei selskapet skal styrast.

## **2.6 Retningslinjer for eigarutøving ovanfor selskapet**

### **2.6.1 Råmer for eigarutøving**

Selskapslovgjevinga sitt utgangspunkt er at aksjonærar utøver eigarskap gjennom generalforsamlinga. Generalforsamlinga kan treffe vedtak i alle saker som gjeld selskapet, med mindre lova legg mynde til å fatte avgjerd til andre organ (t.d. bedriftsforsamlinga i selskap som har slik).

Det ligg også i generalforsamlinga si stilling som selskapet si øvste mynde at den kan instruere andre selskapsorgan, gjere om deira avgjærder eller direkte treffe vedtak i andre selskapsorgan sine saker med mindre lova eksplisitt tek frå genereforsamlinga dette mynde.

Utøving av mynde skjer altså i generalforsamlinga. Som utgangspunkt må instruksjon av styret eller enkelte styremedlem skje gjennom fleirtalsvedtak i generalforsamlinga. Utover generalforsamlinga er aksjonærar si eigarutøving ikkje eksplisitt lovregulert.

Fylkeskommunen meiner samspelet mellom eigar, styre og leiing i eit selskap er viktig. Dersom desse ikkje er samde om retninga verksemda skal velje, og heller ikkje om kva forventningar partane har til måloppnåing, kan dette stille selskapet i ein uheldig posisjon.

Det er difor naturleg å ha dialog med selskapa også utanfor generalforsamlinga. I punktet nedanfor har fylkeskommunen sett opp eigne retningslinjer for korleis eigardialog skal gjennomførast. Retningslinene gjeld både i og utanfor generalforsamlinga. I eigardialogen utanfor generalforsamlinga, stillast det særleg krav til at prinsippa bak retningslinene vert følgd.

### **2.6.2 Eigardialogen**

Fylkeskommunen oppmodar selskap vi eig i å fastsette retningslinjer for selskapet sin kontakt med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga i samsvar med NUES sine anbefalingar. Dersom eit styre har vedteke eigne retningslinjer for slik kommunikasjon, må fylkeskommunen som eigar ta omsyn til desse ved utøving av eigarrolla.

Eigarutøving skal skje på generalforsamlinga. Fylkeskommunen brukar kvartalsresultat og årsmeldingar, annen offentleg tilgjengeleg informasjon, generalforsamling og eigardialogen for å få relevant informasjon om selskapet. Fylkeskommunen kan utover dette, og innanfor selskapslovgjevinga ha møte/kontakt med selskapet si leiing og styre som ein del av eigaroppfølginga. I denne møta kan fylkeskommunen, som andre aksjeeigarar, ta opp høve som selskapa bør vurdere i tilknyting til si verksemd og utvikling. Kontakten kan dreie seg om problemstillingar knytt til samfunnsansvar, forventa utbytte, konkrete krav om tiltak for å betre

lønnsemd, sosiale høve, kompetanse, konkurranse, kapitalbehov og selskapet sine eigne moglegheiter for å hente kapital., mm.. Her vil utgangspunktet naturleg vere eigarane sine mål med eigarskapet og forventningar til selskapet. Eigar må vidare kunne følgje opp om leiinga i selskapet handlar i tråd med deira interesser. Eigar kan krevje at selskapet rapporterer på dei høve som er blitt teke opp med selskapet og om korleis selskapet styrast.

Det kan vere hensiktsmessig at eigar går i dialog med styret med føremål å formulere eit tydeleg eigarmål for eigarskapen i selskapet. Her kan det stillast klare krav til selskapet, ut i frå selskapet sin eigenart, marknad og risiko. Behovet for slik dialog må avgjerast konkret for kvart enkelt selskap.

Eigardialogen må tilpassast kvart selskap, slik at den er mest mogleg relevant ut frå selskapet sin eigenart, risiko og verksemd.

Fylkestinget legg til grunn at styret har ansvaret for å korleis fylkeskommunen sine forventningar best kan følgjast opp og rapportert på ein hensiktsmessig måte. Fylkeskommunen legg til grunn at selskapet rapporterer på vesentlege høve og at dersom selskapet avviker fylkeskommunen sine forventningar, som det kan vere gode grunnar for, forventast det at dei forklarer dette (følg eller forklar»-prinsippet).

Regelen er at fylkeskommunen som eigar rettar seg til styrets leiar i saker som gjeld selskapet. Styreleiar avgjer kven som skal delta i dialogen frå selskapet si side, inkludert administrasjonen. Møte med leiinga må handterast innanfor dei rammene som følgjer av selskapslovgjevinga, og i tråd med omsynet til likehandsaming av aksjeeigarar.

For Fjord1 AS og SFE AS inviterer fylkestinget til eit årleg møte med eigarrepresentanten og leiinga i selskapet. Dette møtet vert normalt gjennomført i byrjinga av juni. Representantar frå Fjord1 AS og SFE AS orienterer fylkestinget om årsrekneskap og aktuelle saker.

For selskap der fylkeskommunen sin eigarposisjon er betydeleg og der situasjonen tilseier det, er det rutine at fylkestinget oppmodar om at protokoll frå styremøter i selskap vert sendt over til fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har bede dei selskapet det gjeld, innarbeide dette som fast rutine. Dette er imidlertid ikkje noko fylkeskommunen har heimel til å instruere selskapet til å gje. Det må i så tilfelle skje gjennom eit vedtak i generalforsamlinga.

#### Særleg om omsynet til likehandsaming av aksjeeigarar

Fylkeskommunen si eigarutøving skal utøvast lojalt mot prinsippet om likehandsaming av aksjonærar. I selskap der fylkeskommunen er aksjonær saman med andre, bør fylkeskommunen søke å opptre med same rettar og plikter som einkvan annan aksjonær. For private aksjonærar har det mykje å seie at fylkeskommunen, som i enkelte selskap er dominerande eigar, ikkje utøver eigarskapen sin slik at andre aksjonærar sine rettar eller økonomiske interesser påverkast negativt.

Dette prinsippet bør likevel ikkje vere til hinder for at fylkeskommunen, som andre eigarar kan kommunisere sine synspunkt på utviklingsretning for selskapet. Dette er tvert i mot ei viktig eigaroppgåve; å vere ein tydeleg eigar som set selskapet si verdiskaping i fokus.

#### Dialog og rapportering på forventningar om samfunnsansvar, her inkludert miljø og klima:

I utgangspunktet skal selskapet rapportere på ikkje-finansielle tema som verksemda sin klima og miljøpåverknad. Oppfølging av samfunnsansvar bør følgje prinsippa og retningslinene for eigardialog som er lista opp ovanfor. Fylkeskommunen kan i tillegg vurdere om det er enkelte selskap, ut frå verksemda sin eigenart og marknaden den operer i, vi skal be om at rapporterer på miljø og klima ut over det som følger av rekneskapslova. Ei slik rapportering vil måtte ta utgangspunkt i ein eigar sine forventningar om mål og strategiar for selskapet. Som eigar må fylkeskommunen kunne gjere kjent sine synspunkt i selskapet sitt samfunnsansvar. Fylkeskommunen forventar at ei eventuell rapportering vil følgje «følg, eller forklar»-prinsippet.

I dialogen om samfunnsansvar er fylkeskommunen mellom anna oppteken av at selskapet gjer greie for dei vesentlege områda på samfunnsansvarsområdet ut frå selskapet si verksemd, inkludert relevante område som fylkeskommunen har forventningar på. Slike vurderingar meiner fylkeskommunen at er selskapet nærmast til å gjøre. I tillegg kan fylkeskommunen ta opp høve ved behov.

### **3. Rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging**

Det er naudsynt med rutinar for å få eigarutøvinga til å fungere mest mogleg effektivt og i tråd med politiske vedtak. Hensikta med rutinar er å etablere ein god informasjonsflyt og kontakt mellom partane.

#### **3.1 Roller og ansvar**

Kommunelova regulerer fylkestinget sin funksjon, rolle og ansvar som fylkeskommunens øvste mynde.

Fylkestinget si delegering til fylkesutvalet eller andre organ går fram av fylkeskommunen sitt delegeringsreglement.

Samhandlinga mellom fylkestinget og oppnemnd eigarorgan er ikkje regulert i selskapslovgjevinga.

#### **3.2 Rollefordeling i den fylkeskommunale eigarutøvinga**

##### **3.2.1 Fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala si rolle**

I dei fleste sakene som vedkjem fylkeskommunen sine selskap utøver fylkesutvalet eigarskapen på vegne av fylkestinget slik det følgjer av delegeringsreglementet. Fylkesutvalet førebur handsaming av dei respektive selskap sine eigarmøter og instruerer gjennom dette fylkeskommunen sine eigarutsendingar. Når fylkesutvalet inviterer eigarrepresentanten i eit selskap til å møte for å drøfte konkrete høve knytt til selskapet, skal utvalet supplerast med representantar frå dei partia som ikkje er medlem der.

##### *Utpeiking av styremedlemmar*

Når det gjeld utpeiking av styremedlemmar til selskap, er hovudregelen likevel at dette er hovudutvala si oppgåve, sjå delegeringsreglementet punkt 4.1 fjerde avsnitt:

*«Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l. er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg hører under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»*

Med unnatak for styra i Fjord1 AS (via F1 Holding AS), Sogn og Fjordane Holding AS og Sogn og Fjordane Teater L/L det ikkje lagt opp til at fylkestinget eller fylkesutvalet skal vedta forslag på kandidatar til styra i vedtekter eller i eigaravtale. For Opplæringsfartøy AS har fylkesutvalet peika ut styrekandidat i 2014. Selskapet hører elles naturleg under hovudutvalet for opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde til å kome med framlegg til styremedlemer i det regionale styret i Innovasjon Norge er delegert til fylkesutvalet, jf. Delegeringsreglementet punkt 3.29.

Det er lagt inn informasjon i del II for dei selskapa der fylkeskommunen har utpeikt eigne representantar i styret.

##### *Val av eigarutsending*

Fylkestinget sitt mynde til å nemne opp representantar til generalforsamlingar i aksjeselskap er delegert til fylkesutvalet når eigarposten er minst 100 000 kr og som hovudregel til fylkesrådmannen når eigarposten er under 100 000 kr.

Representantane til representantskapa i interkommunale selskap vert valde av fylkestinget i samsvar med kravet i IKS-lova.

##### *Kjøp og sal av eigarpost i selskap, ol.*

Det følgjer av punkt 4.5 «Deltaking i stiftingar, aksjeselskap eller andre selskap» i delegeringsreglementet at fylkesutvalet har mynde til å vedta at fylkeskommunen skal vere med som opprettar ved opprettning av stiftingar, kjøpe aksjar i aksjeselskap eller lutar/medlemskap i andre selskap. Likeeins kan fylkesutvalet vedta sal av aksjar og oppseiling av medlemskap i selskap.

Store og prinsipielle saker og saker som treng ekstra budsjettloyving, vert å leggje fram for fylkestinget til avgjerd.

### **3.2.2 Fylkesordføraren si rolle**

Fylkesordføraren har ingen formell lovpålagd rolle i høve fylkeskommunen sin eigarskap, med mindre fylkestinget har gjort særskilde vedtak om obligatoriske oppgåver. Det er ikke fatta slike vedtak i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette medfører at ordføraren ikke har nokon annan funksjon ovanfor fylkeskommunen sine eigarinteresser enn dei andre folkevalde med mindre fylkesordføraren blir gjeve mynde av fylkestinget. Dersom fylkesordføraren deltek på eigarmøte som fylkeskommunen sin eigarutsending, representerer han eller ho det politiske fleirtal. Dersom fylkesordføraren sit i styret til eit av selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, er dette eit personeleg verv og han eller ho skal utføre dette vernet i samsvar med selskapet sine interesser.

### **3.2.3 Den folkevalde si rolle**

Den folkevalde har som medlem av fylkestinget ei eigarrolle gjennom rolla og ansvaret som medlem av fylkestinget. Den enkelte folkevalde har såleis ingen eigarrolle som enkeltperson. Det same høve gjeld for medlemmane av fylkesutvalet eller andre politiske organ som er gjeve mynde av fylkestinget til å utøve ei eigarrolle.

### **3.2.4 Fylkesrådmannen si rolle**

Fylkesrådmannen har etter kommunelova ansvar for at alle saker som vert fremja til politisk handsaming skal vere fullt ut forsvarleg utgreidd. Fylkesrådmannen sine utgreningar er ein naturleg del av slutningsgrunnlaget for vedtak i eigarsaker. Fylkesrådmannen følgjer opp at fylkestinget sine mål nedfelt i eigarmeldinga vert realiserte.

Administrasjonen er med eigarrepresentanten i dei største selskapa eller i spesielle situasjoner. Bakgrunnen for dette er å sikre gode kommunikasjons- og informasjonsliner.

## **3.3 Opplæring av folkevalde som skal utøve eigarskap**

Det er vedteke ein plan for opplæring av folkevalde om eigarrolla for å styrke den fylkeskommunale eigarskapen.

#### Plan

Innan 6 månader etter fylkestingsvalet, skal dei folkevalde få opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging, samt status for selskapa. Etter 2 år skal det haldast eit oppfriskingsseminar.

#### Innhald

Det er viktig at dei folkevalde har kompetanse knytt til regelverket for eigarstyring og kva styringsmoglegheiter dei har for dei selskap fylkeskommunen har eigaardelar i. Dei folkevalde må få innsikt i ulike roller som folkevald, styremedlem og representant i eigarorganet til selskapet. Det er behov for at dei folkevalde er bevisst dei ulike rollene, styringslinene og ansvarsfordelinga mellom dei ulike organa for å kunne utøve best mogleg aktivt eigarskap. Opplæringa vil klargjere korleis eigarkommunikasjon til eigarorganet i selskapet skal skje. Tidspunktet for opplæring vert bestemt av fylkesutvalet. ”

#### Kort om opplæring av styremedlemmar

Fylkestinget er av den oppfatning at det enkelte selskap har ansvar for opplæring av sine styremedlem når det gjeld rettslege råmer som har betydning for selskapet, samt kunnskap om selskapet sitt føremål, verksamd, vedtekter, organisasjon og historie. Fylkeskommunen som eiga gjev styrerrepresentantane naudsnyt selskapsinformasjon i Del II – VERKSEMDSOVERSIKT, her mellom anna selskapet sitt føremål og eiga sitt føremål med eigarskapen. I enkelte tilfelle der fylkeskommunen direkte peiker ut representantar til styret kan det etter ei nærmare vurdering vere hensiktsmessig at eiga gjennomfører eigen innføring/opplæring av styrerrepresentanten.

## **3.4 Rutinar for utøving av fylkeskommunal eigarskap**

#### *Dialog mellom fylkesutvalet og eigarrepresentanten*

Det er fylkesutvalet som løpende utøver eigarrolla i selskap på vegne av fylkestinget. Dette følgjer blant anna av delegeringsreglementet punkt 4.1 og 4.5. Fylkeskommunen sin eigarskap i selskapet vert utøvd gjennom den valde representanten i det operative eigarorganet, dvs. representantskapet eller generalforsamlinga. Fylkesutvalet drøftar regelmessig eigarskapen til fylkeskommunen i dei ulike selskapa, særleg om den er i samsvar med føremålet med eigarskapen i selskapet, kva forventningar ein har til selskapet og om fortsatt eigarskap er hensiktsmessig. Fylkesutvalet drøftar eigarskapen med fylkeskommunen sine eigarrepresentantar

i selskapa sine representantskap og generalforsamlingar. Rutinar for dette går fram av 3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring. God eigarskapsstyring er mellom anna å gje klåre signal til eigarrepresentantane om fylkestinget sitt mål og strategi med eigarskapen i det enkelte selskapet.

Representanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet og må difor reflektere fleirtalet i fylkesutvalet. Det er difor viktig med dialog mellom fylkesutvalet og eigarrepresentanten i forkant av generalforsamlinga eller representantskapet for aktivt å kunne utøve eigarstyring – dette er nærmere omtala under kapittel 3.8 Eigarrepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen.

Ved utøvinga av eigarskap i aksjeselskap og interkommunale selskap skal fylkesutvalet særleg legge vekt på at fylkeskommunen fører kontroll med eigarinteressene, og at representantane i dei operative eigarorgana utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser i samsvar med fylkestinget sine føringer og i samsvar med selskapslovgivinga.

Ein oversikt over kva forventingar fylkestinget har til dei ulike selskapa går fram av del II i eigarmeldinga. Rutinar for aktivt eigarskap går elles fram av 3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring.

## **3.5 Rutinar for fylkestinget og fylkesutvalet si utøving av eigarstyring**

### **3.5.1 Generelt**

Utsendingane drøfter saker/eigarpolitikken i høve kvart enkelt selskap med fylkestinget eller fylkesutvalet ved behov. Alle eigarutsendingar har høve til å møte fylkesutvalet for å drøfte spesielle saker som omhandlar eigarskapen i selskapet. Slike saker vert meld inn til fylkesordføraren i forkant av møtet. Fylkesutvalet kan også be ein eigarrepresentant om å møte i utvalet.

### **3.5.2 Rutinar ved innkalling til møte i eigarorgan**

Når eigarrepresentanten har motteke innkalling og sakliste til generalforsamling eller representantskap i selskapet, har ho eller han høve til å løfte spesielle saker opp til fylkesutvalet. Gjeld det utpeiking av styrerepresentantar skal saka løftast til det hovudutvalet selskapet naturleg hører under. Mynde i slike valsaker ligg elles til fylkesutvalet. Eigarutsendinga vil då få høve til å drøfte saka med fylkesutvalet. Føremålet er å ta imot styringssignal frå fylkesutvalet om eigarutøving for komande generalforsamling/representantskap.

Utsendingane eller vara møter på generalforsamling/representantskap. Her opptrer eigarrepresentanten i tråd med styringsinstruksane ho eller han har fått av det politiske fleirtal i fylkesutvalet.

I etterkant av ordinær generalforsamling/representantskapsmøte utarbeider eigarutsendinga ein skriftleg rapport til fylkesutvalet. Rapporteringsfristen er 31. juli. Rapporten skal omhandle hovudtrekka i årsrekneskapen, årsrapporten og andre viktige saker. Ein mal for denne rapporteringa er utarbeidd og ligg tilgjengleg på fylkeskommunen sine nettsider<sup>8</sup>. Eigarutsendinga skal ved innsendinga av rapporten legge ved innkalling til generalforsamlinga, årsmelding, årsrekneskap, andre vedlegg til saklista og protokoll frå generalforsamlinga.

Rapportane frå utsendingane tenar som grunnlag for den årlege eigarmeldinga del II.

Kvart år vert oppdatert eigarmelding lagt fram for fylkestinget i oktober. Her skal tinget ta stilling til om fylkeskommunen skal vidareføre eigarskapen i dei enkelte selskapa. I tillegg blir det teke stilling til om det er særskilde forventingar til dei enskilde selskapa framover. Dersom det er særskilde forventningar til selskapa, vert dette teke inn som eige punkt under presentasjonen av selskapet i eigarmeldinga, del II.

### **3.5.3 Rutinar i forkant av møte i operative eigarorgan i selskapa**

Det vert sendt ut melding frå fylkeskommunen til alle selskapa der ein oppmodar om å varsle både eigarutsending og fylkeskommunen om generalforsamling i god tid. Det er presisert at

<sup>8</sup> <http://www.sj.no/verksemder-og-eigarskap.334847.nn.html>

møtetidspunkt bør fastsetjast så tidleg som mogleg, medan saksliste og sakspapir kan sendast ut i samsvar med frist fastsett i lov eller vedtekter. I meldinga fra fylkeskommunen til alle selskap, vil det bli oppmoda om at selskapet sender innkalling til generalforsamlinga, saman med årrekneskap og årsmelding til fylkeskommunen og eigarutsendinga. Det same gjeld protokoll fra generalforsamlinga. Selskapet får tilsendt kontaktinformasjon på den enkelte eigarrepresentanten.

Dersom korkje den valde utsendinga eller vara kan møte på generalforsamlinga, er det i utgangspunktet ingen som møter for fylkeskommunen. Dette kan i nokre tilfelle vere uheldig. Ein utveg kan då vere at den valde utsendinga gjev fullmakt til ein anna til å møte.

### **3.6 Styrerepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen**

Når styremedlem som vert vald inn som ein av dei representantane fylkeskommunen kan innstille til val, er det ynskjeleg å sikre god kommunikasjon mellom eigar og selskapet.

Det er ynskjeleg at styrerepresentant syt for at saker som vert teke opp i styret som er av slik karakter at det bør løftast opp til eigar, blir drøfta med eigarorganet gjennom fylkeskommunen sin eigarutsending i selskapet.

### **3.7 Eigarrepresentanten sitt ansvar ovanfor fylkeskommunen**

Eigarrepresentanten er den som opptrer på fylkeskommunen sine vegne som eigar ovanfor selskapet.

Det er utsendingane til dei operative eigarorgana, generalforsamlingar og representantskap si oppgåve å utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet. Denne utøvinga av eigarstyringa skal reflektere fleirtalet i fylkestinget.

Eigarrepresentanten deltek på møter med fylkesutvalet som fylkeskommunalt eigarorgan når det er behov for det. Eigarrepresentanten rapporterer attende til fylkeskommunen etter generalforsamling/representantskap.

Fylkestinget ser det som hensiktsmessig at eigarutsendinga i det enkelte selskap ber om instruks frå fylkesutvalet i forkant av ordinært eigarmøte når dette er naturleg.

Denne rutinen skal gjennomførast for selskap der fylkeskommunen sin eigardel er minst 100 000 kr og dette utgjer minst 15 % av eigarskapen i selskapet, eller for selskap med lågare eigardel når det er viktig av strategiske omsyn.

### **3.8 Tilsyn og kontroll med fylkeskommunen sine interesser i selskapet**

Ved innføring av nytt kapittel 12 i kommunelova med verknad frå 1. juli 2004 fekk kontrollutvalet mellom anna ei ny rolle i høve å utføre kontroll med fylkeskommunen sit eigarskap i selskap. Forskrift om kontrollutval heimlar at utvalet pliktar å sjå til at det vert gjennomført kontroll med forvalting av fylkeskommunen sine eigarinteresser og om eigarinteressene utøvast i samsvar med fylkestinget sitt vedtak og føresetnader.

I forskrift om kontrollutval vert selskapskontroll konkret handsama i § 14. Selskapskontrollen er delt i to - eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av selskap. I forskriften blir eigarskapskontrollen forklart som nødvendige undersøkingar for at kontrolløren (revisor) skal kunne gje ein kvalifisert vurdering av forvaltninga av fylkeskommunen sine eigarinteresser.

Primært handlar eigarskapskontrollen om å kontrollere at organet som forvaltar fylkeskommunen sin eigarskap utøver dette myndet på den måten som er fastsett i gjeldande regelverk, til dømes aksjelova. Eigarskapskontrollen omfattar i tillegg ei vurdering av om den som utøver eigarinteressene gjer dette i samsvar med fylkeskommunen sine vedtak og føresetnader for forvaltninga av eigarinteressene. Dette er den obligatoriske delen av selskapskontrollen.

Dersom det i eigarskapskontrollen vert avdekka forhold som tilseier at kontrollutvalet bør gjøre ytterlegare undersøkingar, kan utvalet få gjennomført forvaltningsrevisjon i selskapet. I selskap

som er fullt ut eigd av fylkeskommunen åleine eller i lag med andre fylkeskommunar/kommunar kan det gjennomførast forvaltningsrevisjon.

I fylkestingsak 43/11 er det fatta vedtak om retningsliner for kontrollutvalet. Vidare går det fram av vedtaket at det er rutine at kontrollutvalet for kvar valperiode utarbeidar plan for verksemda til utvalet, her planlagde selskapskontroller.

Fylkestinget vedtek planen for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll. Reglar for selskapskontrollen er lista opp i fylkestingsak 58/11. I retningslinjene går det fram at kontrollutvalet, innan utgangen av året etter val av nytt utval, skal legge fram plan for selskapskontroll til fylkestinget, som vedtek planen.

Fylkestinget vedtok i sak 39/12 ein plan for selskapskontroll for perioden 2012-2016. I planens punkt 5 er det gjeve metode for gjennomføring av selskapskontroll. Fylkestinget vedtok ein revidert plan for selskapskontroll 11. juni 2014 i FT-sak 5/14. Det er ikkje vedteken ein ny plan for perioden 2016 – 2020.

Den gjeldande planen er teke inn i kapittel 10. Vedteke plan for selskapskontroller for valperioden 2012-2016.

## Del II – VERKSEMDSOVERSIKT

### 4. Generelt om del II

Meldinga er skiven for det meste med grunnlag i verksemndene sine årsrekneskap og årsmeldingar frå 2015, protokollar og utsendingane sine rapportar frå generalforsamling/representantskapsmøte i 2016, selskapsavtalar og vedtekter.

Meldinga omhandlar alle dei selskapa fylkeskommunen har eigarskap i. I tillegg kjem ein kort omtale om fylkeskommunen som selskapsmedlem i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

Verksemndene er først delt inn i type selskapsform: interkommunale selskap, aksjeselskap inkl. særlovselskap, interkommunale samarbeid, gjensidige selskap og stiftingar. For aksjeselskapa er desse igjen lista opp etter type verksemnd:

- Finansielle mål: SFE AS, Sogn og Fjordane Holding AS og F1 Holding AS (Fjord1 AS),
- Næringsutvikling: til dømes Fjord Invest Såkorn AS,
- Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: til dømes Kommunekraft AS
- Fylkesomfattande kulturselskap: Sogn og Fjordane Teater L/L og Norsk Fjordhestsenter AS
- Arbeidsmarknad: dei fire arbeidsmarknadsbedriftene

Det er i omtalen av kvart selskap gitt ei tilråding om fylkeskommunen bør halde fram som eigar, eller om eigarskapen bør avviklast. For selskapa der fylkestinget har vedteke å starte ein prosess for å avvikle eigarskapen er det gjeve ein status i omtalen av selskapet.

#### 4.1 Definisjon av nøkkeltal

I vurderinga av selskapet sin økonomiske utvikling har vi brukt fire nøkkeltal som seier noko om utvikling i a) lønsemrd, b) likviditet, c) og d) soliditet. Nedanfor følgjer definisjonen av nøkkeltala:

- a) *Totalrentabilitet*: (resultat før skatt + finanskostnader) / gjennomsnittleg totalkapital  
 Totalrentabiliteten syner avkastninga på totalkapitalen (lønnsemra) i det enkelte selskap i det enkelte år. Kravet til avkastning bør reflektere normal forretningsmessig risiko.  
 Avkastningskravet varierer bla. ut frå type bransje.
- b) *Sjølvfinansiering i % av langsiktig gjeld*: (resultat før skatt + avskrivingar) / langsiktig gjeld  
 Sjølvfinansieringsgraden viser selskapet si evne til å betene langsiktig gjeld gjennom eigeninntening. Eit absolutt minstekrav er at sjølvfinansieringsevna dekker avdrag på lån.  
 Kravet vil avhenge av bransje, anleggs- og kapitalstruktur.
- c) *Arbeidskapital i % av driftsinntekter*: (omløpsmidlar – kortsiktig gjeld) / driftsinntekter  
 Arbeidskapital i % av driftsinntekter seier noko om selskapet sin likviditet. Ei normal sunn bedrift bør ha ein arbeidskapital som overstig 6-12% av omsetninga. Også her vil det vere bransjemessige skilnader mtp. kva som er tilfredsstillande for den enkelte bedrift.
- d) *Eigenkapitalprosent*: Eigenkapital / totalkapital  
 Eigenkapitalprosenten viser selskapet sin soliditet. Kravet til eigenkapitalprosent avhenger kor kapitalintensiv bedrifa er og den forretningsmessige risikoen er.

## 5. Interkommunale selskap (IKS)

### 5.1 Deltaking er avgrensa, men ansvaret er uavgrensa

Interkommunale selskap (IKS) etter IKS-lova er sjølvstendige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skild frå deltagarkommunane. Det må vere fleire deltagarar i selskapet, og berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap kan delta. Kvar av deltagarane har eit uavgrensa ansvar for ein del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla sett skal deltagarnes ansvarsdel utgjere selskapet sine samla forpliktingar.

## **5.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom representantskapet**

Selskapet sitt øvste organ er representantskapet. Forvaltning av selskapet ligg til styret og dagleg leiing. Deltakarkommunane utøver eigarskap gjennom medlemmar dei har valt inn i representantskapet. Etter IKS-lova § 6 ligg det til fylkestinget å velje representantar til representantskapet. Valretten kan ikkje delegerast. Med unntak av dei tilsettevalde styrerrepresentantane, blir styret valt av representantskapet. Styret har forvaltningsmyndet, og må utøve myndet innanfor ramma av selskapets føremål, selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett som blir vedteke av representantskapet.

## **5.3 Uttreden av Interkommunale selskap (IKS)**

Eigarskap i interkommunale selskap kan ikkje overdragast til andre. For desse er ordninga at deltakarane kan seie opp deltakinga si med eitt års varsel. Når ein trer ut av selskapet er hovudregelen at deltakaren får utbetalt ein utløysingssum som er lik nettoverdien av andelen.

## **5.4 Fylkeskommunale-/kommunal fellestiltak:**

### **Trivselshagen IKS**

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å planleggje, byggje, eige og drive felles bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule, og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall med vidare i samsvar med vedteke funksjonsplan.
<b>Etablert</b>	07.03.2007
<b>Deltakarar</b>	Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gloppen kommune
<b>Forretningskontor</b>	Gloppen kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Lov om interkommunale selskap av 29.01.1999.
<b>Rammer</b>	Selskapsavtale av 07.03.2007, revidert 6.11.2012.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje omtala i årsmeldinga
<b>Representantskap</b>	<p>Etter selskapsavtalen skal kvar eigar ha to representantar i representantskapet. Valet følgjer den kommunale valperioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.</p> <p>Medlem til representantskapet vart vald i FT-sak 50/15 for perioden 2015 til 2019: Ole Johnny Stubhaug, med Helen Hjertaas som vara og Anders Kristian Sægrov med Rita Navarsete som vara.</p> <p>På vårmøtet i representantskapet 27.04.16 møtte Ole Johnny Stubhaug og Anders Kristian Sægrov. Helen Hjertaas og Gunn Åmdal Mongstad møtte på haustmøtet 29.09.15.</p>
<b>Val av styre</b>	<p>Representantskapet vel styre, samt leiar og nestleiar av styret for 2 år av gongen. Styret skal ha 4 medlemmar med tre vara i prioritert rekkefølgje. Dagleg leiar eller representantskapsmedlemmar kan ikkje vere medlemmar i styret.</p> <p>For Trivselshagen IKS har det vore vanleg praksis at fylkesrådmannen peikar ut to representantar til styret og informerer eigarorganet til selskapet om dette.</p>
<b>Styresamsetning</b>	<p>Heile styret med varamedlemmar var på val i 2016. Etter representantskapsmøtet i april er styret sett saman slik for 2014-2016: Jan-Kjetil Øygard (leiar), Ragnhild Bruvoll (nestleiar), Svein Hågård (SFFK) og Charlotte Østebø Nilsen (SFFK).</p> <p>Vara: 1. Knut Roger Nesdal, 2. Ina Therese Sørfonden, 3. Hallgeir Hansen.</p>
<b>Styregodtgjersle</b>	-Godtgjersle til styret: ingen
<b>Eigar- og ansvarsdel</b>	<p>Eigarprosent: 50      Eigardel: kr 47,1 mill. Sjå FT-sak 31/08.</p> <p>Fylkeskommunen eig selskapet saman med Gloppen kommune og har eit innskott på 47,1 mill. kr i selskapet.</p> <p>Kvar deltarar er ansvarleg for 1/2 av selskapet sin samla gjeld. For 2015</p>

	utgjer fylkeskommunen sin del ca. 57 mill. kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen		
<b>Revisor</b>	Kommunerevisjonen i Nordfjord.		
<b>Adresse</b>	Grandavegen 9, c/o Gloppen kommune, 6823 Sandane		
<b>Telefon/faks</b>	57 88 38 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:trivselshagen@gloppen.kommune.no">trivselshagen@gloppen.kommune.no</a> <a href="mailto:anniken.rygg@gloppen.kommune.no">anniken.rygg@gloppen.kommune.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.trivselshagen.no/">http://www.trivselshagen.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	17 657	20 846	17 363
Driftsresultat	4 301	5 632	1 845
Resultat etter skatt	805	3 060	- 109
Totalkapitalrentabilitet	2 %	1,2 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	3 %	3,5 %	4 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	86 %	87,4 %	73 %
Eigenkapitalprosent:	40 %	44,7 %	47 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Rekneskapen er avgjort etter kommunale rekneskapsprinsipp, men tabellen over er oppstilt som forretningsrekneskap.</p> <p>Etter det kommunale rekneskapsprinsipp syner rekneskapen til Trivselshagen IKS eit rekneskapsmessig mindreforbruk på om lag 1,9 mill. kr(4,1 mill. kr i 2014). Redusjonen skuldast hovudsakleg lågare driftsinntekter.</p> <p>Tala som er omarbeidd i tabellen syner eit driftsresultat på 1,845 mill. kr.</p> <p>Arbeidskapitalen er noko svekka i høve 2014. Eigenkapitalen er på 108,8 mill. kr, og utgjer 47 % av totalkapitalen.</p>		
<b>Viktige hendingar i 2015</b>	<p>Viktige saker i 2015 har vore vidare oppfølging av byggjesakene, rehabilitering av taket på Firdahallen, nye heiseveggar i Firdahallen og utviding av fjernvarmesystemet til å omfatte oppvarming til Gloppen ungdomsskule.</p> <p><b>Alvorleg og omfattande skade på badeanlegget</b> I november blei det avdekkja lause fliser i botn og veggar i både terapi- og hovudbassengen. Skadane blei straks meldt til Veidekke, då garantitida for anlegga ikkje er ute. Etter avtale med Veidekke blei bassenga halde opne ut året.</p> <p>Då bassenga blei tappa i januar, viste skadane seg å vere meir omfattande enn frykta. I tillegg er det vesentlege rustskadar i konstruksjonen for oppheng av takhimling i heile bassengområdet, då det er brukt materiale som ikkje toler klimaet i symjehallen.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Trivselshagen IKS vurderer skadane som reklamasjonssaker. Selskapet har engasjert både byggteknisk- og juridisk kompetanse for bistand i saka.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Målet er at fylkeskommunen skal få dekka behovet for areal for Firda vidaregåande skule.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylenleg?</b>	Fylkeskommunen eig halvparten av selskapet saman med Gloppen kommune. Eigarskapen i selskapet er grunngjeve ut frå at tiltaket er nødvendig for at fylkeskommunen skal få dekka behovet for areal til Firda vidaregåande skule. Samarbeidet mellom Gloppen kommune og fylkeskommunen vil framleis vere føremålstøylenleg for å nytte dei nye anlegga på ein god måte.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## Sogn og Fjordane Revisjon IKS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll, jf. kommunelova § 77 punkt
----------------	---

	4 og 5, samt attestasjonsoppdrag. Slike tenester skal i tillegg kunne leverast til kommunale føretak, interkommunalt samarbeid og interkommunale selskap tilhøyrande deltakarane. I tillegg kan selskapet yte forvaltningsrevisjon til deltakarane basert på særskilde avtalar eller rammeavtalar.
<b>Etablert</b>	01.01.2005
<b>Deltakarar</b>	Sogn og Fjordane fylkeskommune, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Sogndal, Vik og Årdal kommune.  Uttreden: kan berre skje pr. 31.12. Utløysingssummen skal vere andelen sin nettoverdi ved oppseiingsfristen sitt utløp. Summen skal likevel ikkje overstige verdien av deltakaren sitt innskot. Krav om uttreden må varslast 1 år og 3 månadar før dato for uttreden.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Rettslege rammer</b>	IKS-lova av 29. januar 1999 nr. 6.
<b>Rammer</b>	Ny selskapsavtale frå 1.1.2015 (eldre versjon av 25.09.2008)
<b>Etiske retningslinjer</b>	Har utarbeidd «Våre verdiar» som ligg på nettsidene.
<b>Representantskap</b>	Ifølgje selskapsavtalen skal kvar eigar ha éin representant i representantskapet. Representantskapet skal veljast for fire år og samsvarar med fylkeskommunal/kommunal valperiode. Representantskapet vel leiar og nestleiar. Desse blir valde for to år av gongen.  Medlem til representantskapet vart vald i FT-sak 50/15. Fylkesordføraren er eigarutsending, og møtte på ordinær representantskap i 2016.
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha 5 medlemmar med 3 vara i rekjkjefølgje. Funksjonstida er to år. Same funksjonstid gjeld for leiar og nestleiar. Dagleg leiar, representantskapsmedlem eller medlem i kontrollutvala i eigarkommunane kan ikkje vere medlemmar i styret.
<b>Styresamsetning</b>	Etter representantskapsmøte 2015 er styret sett saman slik: Arne Hovland (styreleiar), Per A. Kjøllesdal (nestleiar), Inger Johanne Fjøsne, Ivar Slinde, Britt Dagrunn Brugrand.  Neste styreval er sett til vårmøte 2017.
<b>Styregodtgjersle 2016 og dagleg leiars godtgjersle 2015</b>	- 10.11.15 vedtok representantskapet at godtgjersle til leiaren av representantskapet fall bort frå 2015. - Godtgjersle til styret skal regulerast kvart år i samsvar med Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt reglement for godtgjersle til dei folkevalde. - Styreleiar skal ha ei fast godtgjersle som utgjer 10 % av grunnsummen, gjeldande frå 2015. (grunnsummen utgjer 590 200 kr i 2015 og 614 600 kr i 2016). - Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 786 000.
<b>Eigar- og ansvarsdel</b>	Eigarprosent: 44,45 Eigardel/innskot: kr 480 000  Fylkeskommunen eig selskapet saman med sju kommunar, og har betalt inn 480 000 kr i selskapet.  Utgifter til dekking av finansiell revisjon og attestasjonsoppdrag samt administrasjonsoppgåver til kommunane vert dekka av eigarane etter fast fordelingsnøkkel der eigardel utgjer 50 % og medgått tid 50 %. Det vert fakturert a-konto to gonger årleg. Oppdrag til eigarane som gjeld andre tenester og selskapskontroll bir fakturert i samsvar med særskilde avtalar eller rammeavtalar.
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen
<b>Revisor</b>	Søreide revisjon AS
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger
<b>Telefon/faks</b>	57 65 61 00
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@sf-revisjon.no">post@sf-revisjon.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://sf-revision.no/">http://sf-revision.no/</a>

<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>				
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	
Sum driftsinntekter	5 528	4 554	5 317	
Driftsresultat	1 109	-673	650	
Resultat etter skatt	1 157	-640	665	
Totalkapitalrentabilitet	30 %	-14 %	15 %	
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-	
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	58 %	57 %	62 %	
Eigenkapitalprosent:	81 %	60 %	80 %	
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Overskotet for 2015 er på 665 193 kr. Betringa frå fjarøret skuldast vesentlege innsparinger på løn. Det har vore eit årsverk mindre enn budsjettet pga. permisjonar og sjukmeldingar. Overskotet styrkar eigenkapitalen som no utgjer 80 % av totalkapitalen.</p> <p>Selskapet har ingen langsiktig gjeld, men ei kortsliktig gjeld på 0,895 mill. kr. Omløpsmidlar tilsvara 4,2 mill. kr. Både likviditeten og soliditeten er styrka samanlikna med 2014, og er god.</p> <p>Etter 2014 vart utgiftene fordelt mellom eigarkommunane og fylkeskommunen med 10 % etter eigardel og 90 % etter medgått tid. Det er levert mindre timer til kommunane enn budsjettet. Omfordeling og ev. tilbakebetaling vert gjennomført i 2016-rekneskapen.</p>			
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>I 2015 har selskapet mellom anna revidert årsrekneskapen i alle kommunane og fylkeskommunen, gjeve revisjonsmelding for kommunale føretak, stiftingar m.m. og attestert særattestasjonar og momskompensasjon for kommunane og fylkeskommunen.</p> <p>Lærdal kommune melde seg ut av selskapet frå 1.1.2015 og er difor ikkje lenger medeigar av SF revisjon IKS. Dette gav endring i eigardelen i selskapet, og fylkeskommunen eig no 44,45 %, mot 42 % i 2014.</p>			
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Styret i SF revisjon IKS vurderer å trekke seg ut av eller avvikle Vestlandsrevisjon AS (tidl. Sogn Revisjon AS) pga. liten etterspørsel og underskot. Eigenkapitalen i selskapet er tapt. Indre Hordaland Revisjondistrikt som eig halvparten av aksjane i selskapet har uttrykt ønskje om å drive selskapet vidare, ev. åleine. Styret er difor i drøftingar med Indre Hordaland Revisjondistrikt om overtaking av SF revisjon IKS sine aksjar i selskapet. Bokført aksjekapital i Vestlandsrevisjon AS er nedskrive frå 52 800 kr til 1 kr i SF revisjon IKS sitt rekneskap.</p>			
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Eigarane sitt føremål med etablering av SF revisjon IKS er å ha eit selskap som leverer tenester innafor området kommunal revisjon. Fylkeskommunen sitt mål er å få dekka sitt nødvendige behov for revisjonstenester mv. på best mogleg måte.</p>			
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylegt?</b>	<p>I 2012 vart det vedteke ei endra kostnadsfordeling mellom deltagarane etter ynskje frå fylkeskommunen, jf. fylkesutvalsak 153/12. Det er difor naturleg at denne eigarskapen vert ført vidare.</p>			
<b>Tilråding</b>	<p><b>Vidareføre eigarskapen</b></p>			

## VIGO IKS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å utvikle/vidareutvikle, eige og/eller drifte, alt etter bestilling og i nært samarbeid med deltagarane, fylkeskommunane sitt felles inntaks- og forvaltingssystem for elevar/lærlingar i Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skuleadministrative system. Selskapet skal vidare leve, eller formidle levert, naudsynt faglege kurs eller rettleiing til deltagarane på systema ein har rettar/driftsoppgåver knytt til.
<b>Etablert</b>	01.01.2012

<b>Deltakarar</b>	Østfold, Akershus, Aust-Agder, Buskerud, Finnmark, Hedmark, Møre og Romsdal, Nord-Trøndelag, Nordland, Oppland, Sogn og Fjordane, Vestfold, Troms, Telemark, Sør-Trøndelag, Hordaland, Rogaland og Vest-Agder fylkeskommunar og Oslo kommune.		
	Uttreden: kvar enkelt deltakar kan fire år etter stiftinga tre ut av selskapet. Det må varslast eitt år på førehand, og i samsvar med IKS-lova § 30. Det vert ikkje utbetalt utløysingssum.		
<b>Forretningskontor</b>	Telemark fylkeskommune		
<b>Rettslege rammer</b>	IKS-lova av 29. januar 1999 nr. 6. Offentleglova.		
<b>Rammer</b>	Selskapsavtalen er ikkje datert		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje kjend.		
<b>Representantskap</b>	Består av ein representant med personleg vara for kvar deltakar. Leiar i hovudutvalet for opplæring er fylkeskommunen sin representant, og møtte på representantskapsmøte 13. januar og 7. april.		
<b>Val av styre</b>	Representantskapet vel styret, styreleiar og nestleiar. Styret skal bestå av 5 medlemmar med vara. Styremedlemmane har ei funksjonstid på to år, likevel slik at ved fyrstegongs val vert 3 av styremedlemmane gjeve funksjonstid på 3 år. Ved valet må det sikrast at alle opplæringsregionar er representert i styret.  Selskapet har valkomité.		
<b>Styresamsetning</b>	Styreleiar Arly Hauge, Sissel Øverdal, Bjørn Marthinsen, Rune Haugsdal og Marthe Røst. Vara: Per Magne Aadnøy og Liv Føre.		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	Går ikkje fram av årsrekneskapen.  I selskapsavtalen § 5 står det at representantskapet vedtek satsar og reglement for godtgjersle til medlemmar av representantskap og styre.		
<b>Eigar- og ansvarsdel</b>	Dei 19 deltakarane har kvar ein del på 1/19 i selskapet, og er ansvarleg for 1/19 av selskapets samla gjeld.  Kvar av deltakarane skal årleg betale inn eit beløp etter forslag frå representantskapet og vedtak i fylkestinget under eigen budsjettpost med forfall pr. 15. januar kvart år til dekning av «felleskostnadar».		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen		
<b>Revisor</b>	Telemark kommunerevisjon		
<b>Adresse</b>	Postboks 2844 Kjørbekk, 3702 SKIEN		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@vigodrift.no">post@vigodrift.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.vigoiks.no">www.vigoiks.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei to siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Sum driftsinntekter	23 874	62 686	73 513
Driftsresultat	-12 486	2 265	3 691
Resultat etter skatt	-11 120	3 304	4 564
Totalkapitalrentabilitet	-50 %	14 %	14 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	631 %	587 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	47 %	23 %	26 %
Eigenkapitalprosent:	71 %	44 %	54 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Rekneskapen er avgjort etter kommunale rekneskapsprinsipp, men tabellen ovanfor er oppstilt som forretningsrekneskap.</p> <p>Etter det kommunale rekneskapsprinsipp syner rekneskapen til Vigo IKS eit rekneskapsmessig mindreforbruk på om lag 16,4 mill. (3,3 mill. kr i 2014). Den store auken skuldast bruk av fond.</p> <p>Det ordinære resultatet, før interne finanstransaksjonar, syner eit overskot på om lag 4,6 mill. kr. Dette bidreg til å styrke eigenkapitalen som er på 18,9 mill. kr.</p>		

	Vigo IKS har ei langsiktig gjeld på om lag 0,8 mill. kr, og alt er knytt til pensjonsforpliktingar. Kortsiktig gjeld er på om lag 15,1 mill. kr og omløpsmidlar er om lag 34,2 mill. kr. Dette gir Vigo IKS ein god arbeidskapital og sjølvfinansieringsgrad, og syner såleis ein god likviditet.
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>I 2015 har selskapet brukt mykje tid til arbeid med prosjektet for nytt skuleadministrativt system – Visma Flyt Skole.</p> <p>Revitalisering av VIGO-systemet blei ferdigstilt i 2015. Hovudløysninga er teknisk oppgradert, og web-modulane har fått nytt brukargrensesnitt. Det har også blitt jobba mykje med implementering av det nye analyseverktøyet QlickView.</p> <p>Selskapet samarbeider med Utdanningsdirektoratet om utvikling av nytt administrasjonsverktøy.</p> <p>Det har vore god framdrift i utviklinga av den nye Brukeradministrasjonsløysninga (VIGO-BAS) siste året.</p> <p>I 2015 fornya Vigo IKS samarbeidsavtalen med Lex Norsk Skoleinformasjon.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Vigo IKS koncentrer arbeidet sitt rundt fire områder; samhandling, kvalitet, kompetanse og avtaleforvalting. Selskapet fokuserer på å auke samarbeidet på tvers av fylkesgrenser innan IKT, og å fremje kvaliteten av elev- og lærkingedata.</p> <p>Framover vil Vigo IKS fortsetje arbeidet med Visma Flyt Skole. Etter planen skal VIGO-BAS og QlickView takast i bruk i løpet av 2016.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Fylkestinget vedtok i sak 63/10 å gå inn som eigar i eit felles interkommunalt selskap for fylkeskommunane, eit selskap kalla Vigo IKS. Føremålet til selskapet er å ta hand om drifta av Vigo og eit eventuelt samarbeid om skuleadministrative system.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Fylkeskommunen var forplikta til å delta i dei første fire åra etter selskapet starta opp i 2012.</p> <p>Fylkeskommunen har framleis behov for tenestene som Vigo IKS driftar. Det er difor tenleg at fylkeskommunen held fram i samarbeidet.</p>
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## 6. Aksjeselskap (AS)

### 6.1 Avgrensa ansvar for deltagarane

Eit aksjeselskap skal ha ein minste aksjekapital på 30.000 kr, og må til ei kvar tid ha eigenkapital og likviditet som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Eit særtrekk ved denne selskapsforma er at deltagarane ikkje er ansvarleg for selskapet sine forpliktingar, med mindre dette er særskilt avtala. På den andre sida rår ikkje eigarane fritt over selskapet si inntekt og formue. Ønskjer aksjeeigarane å trekke ut midlar av selskapet, må dette skje etter nærmare reglar i aksjelova for utdeling av utbytte, nedsetting av aksjekapitalen eller oppløysning av selskapet.

### 6.2 Eigarskapen vert utøvd gjennom generalforsamlinga

Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane det øvste myndet i selskapet. I generalforsamling kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak sette rammer og gi nærmare reglar for styret og dagleg leiari si leiing av selskapet. Det er generalforsamlinga som vel styret i selskapet.

**Styret samla er øvste forvaltingsorgan, og dagleg drift vert ivaretaken av dagleg leiar**  
 Selskapet vert leia av eit styre og en dagleg leiar. Styret har det overordna ansvaret for forvaltinga av selskapet, og for at det vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål og innanfor ramma av lovgjevinga, samt selskapet sine vedtekter og instruksar fastsatt av aksjonærane gjennom generalforsamling. Dagleg leiar står for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, og skal i denne samanheng følgje retningsliner og pålegg som styret har gitt.

### 6.3 Uttreden av aksjeselskap

Dersom fylkeskommunen vurderer at det rette er å selja aksjane sine i eit aksjeselskap, vil aksjelova, saman med selskapet sine vedtekter og eventuell aksjonæravtale regulere nærmare korleis salet kan gjennomførast.

### 6.4 Finansielle mål

#### F1 Holding AS

<b>Føremål</b>	Selskapet si verksemd er investeringsverksemd, her kjøp og sal av aksjar i transportselskap og anna som står i samband med føremålet.
<b>Etablert</b>	23.09.2010. Sjå fylkestingsak 16/11.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 100. Aksjeposten sin pålydande verdi: 147 250 000 kr, fordelt på 1 472 500 aksjar, kvar pålydande 100 kr.</p> <p>I 2011 overførte fylkeskommunen heile aksjeposten sin i Fjord1 AS til F1 Holding AS. Denne aksjeposten i Fjord1 AS er på 59 %. Fylkestinget har i august 2015 i FT-sak 30/16 vedteke å selje F1 Holding sine aksjar i Fjord1 til Havliafjord AS. Salet skjer trinnvis med sal av 26 % av Fjord1 aksjane no og seinare opsjon (put and call) på dei siste 33 % innan mars 2019.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekene, revidert 2. mars 2015.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Selskapet har vedteke etiske retningslinjer i styremøte dagsett 18.05.15
<b>Generalforsamling</b>	<p>Generalforsamlinga består av eigarutsending frå fylkeskommunen til selskapet. Eigarutsendinga er vald for 4 år og følgjer fylkesvalperioden.</p> <p>Valt eigarutsending for den resterande fylkesvalperioden 2011-2015 er fylkesrådmannen. Han møtte på generalforsamlinga i 2016.</p>
<b>Val av styre</b>	Styret består av éin medlem. Vedtekene regulerer ikkje kor lenge styret sit, slik at aksjelova sine reglar gjeld.
<b>Styresamansetning</b>	Styrets samansetning er etter ekstraordinær generalforsamling 2. mars 2015: Jan Øhlckers.
<b>Styret og dagleg leiars godtgjersle 2014</b>	<p>Det er ikkje honorar for styret.</p> <p>Dagleg leiar har gjennom sitt eige selskap fått dekka eit honorar på kr 239 500 i 2015 etter gjeldande konsulentavtale. I tillegg er det betalt reiseutgifter.</p>
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen
<b>Revisor</b>	EY AS
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger
<b>Telefon/faks</b>	57 65 61 00/415 30 963
<b>e-post</b>	<a href="mailto:jan@vidsyn.as">jan@vidsyn.as</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:****(Morselskap-rekneskap<sup>9</sup>)**

1000 kr	2013	2014	2015
Driftsresultat	-129	-504	-499
Netto finanspostar	398	81	29 667
Ordinært resultat før skatt	269	-423	29 168
Årsresultat	193	-308	29 019

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Konsernet hadde i 2015 eit resultat <u>før</u> skatt på 211,3 mill. kr. Tilsvarande var resultatet for 2014 eit overskot på 110,9 mill. kr. Dette er ei betring i høve 2014 på 100,4 mill. kr og skuldast fallende oljepris og rentenivå i 2015, samt fokus på kostnadskontroll og inntening i kontraktane.</p> <p>Årsresultatet til morselskapet i 2015 var 29 mill. kr og inntektene kjem fra siste års utbytte frå Fjord1 og renteinntekter av morselskapet sine bankinnskot. Morselskapet har hatt unormalt høge utgifter til dagleg leiing pga. salsprosessen og det er venta at det og vil gjelde i 2016.</p> <p>Eigenkapitalen i morselskapet (F1 Holding AS) er på 364,5 mill. kr. Dette svarar til om lag 100 % av totalkapitalen.</p> <p>Utbytte frå Fjord1 AS for 2014 på 29,5 mill. kr er inntektsført for selskapet i 2015. Desse vart på ekstraordinær generalforsamlinga i F1 Holding [dato] vedteke overført som ekstraordinært utbytte og vil bli inntektsført i fylkeskommunen i 2016. Det er vedteke utbytte for 2015 i Fjord1 etter ekstraordinær generalforsamling 9.9.2016. F1 Holding vil få utbetalt 59 % av 50 millionar kr i 2016. Det vil bli lagt opp til at desse inntektene vert utbetalt som ekstraordinært utbytte i 2016 til fylkeskommunen.</p>
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Morselskapet:</p> <p>Kvartalsrapportar og styreprotokollar frå Fjord1 AS vert sendt over til F1 Holding som har rapportert vidare til fylkesutvalet.</p> <p>Styret har arbeid med å få ein enklare styringsstruktur for selskapet. Vedtekten vart endra ved ekstraordinær generalforsamling 2. mars 2015 slik at styret består av ein medlem og det er vedtektsfesta at fylkesordføraren representerer F1 Holding på generalforsamling og eigarmøte i Fjord1.</p> <p>I 2015 har hovudtyngda av arbeidet i selskapet knytt seg til prosessen rundt fylkeskommunen sine aksjar i Fjord 1. Denne prosessen er enno ikkje avslutta, men fylkestinget vedtok i sak 30/16 på møte 26.08.2016 å selje aksjar til Havilafjord AS, den andre aksjonären i Fjord1 AS. Salet inneber eit trinnvis sal av aksjane ved at F1 Holding AS fyrst sel 26 % av aksjane no. Havilafjord AS har så ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 33 % mellom 1. januar 2017 og 31. mars 2019, medan F1 Holding AS har rett (opsjon) til å selje resterande 33 % til Havilafjord AS mellom 1. januar 2019 og 28. februar 2019.</p> <p>Sals- og renteinntekta vert overført som ekstraordinært utbytte frå F1 Holding AS til fylkeskommunen i 2016 og ved seinare bruk av opsjonane.</p>

<sup>9</sup> Fjord1 AS er konsolidert i F1 Holding AS som konsern. Her er berre tal for morselskapet.

<b>Viktige planar for dei komande åra</b>	Det er ikkje lagt spesielle planar utover å forvalte eigaposten i Fjord1-konsernet på best mogleg måte.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Finansielle mål: F1 Holding AS vart etablert for å forvalte aksjane i Fjord1 AS. Bakgrunnen var å kunne bruke F1 Holding AS som eit middel ved ein eventuell bruk av forkjøpsretten. No sikrar eigenkapitalen i selskapet moglegheiter ved investering. Fylkeskommunen får utbetalt utbytte frå Fjord1 AS via dette selskapet.
<b>Er eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Det er framleis føremålstenleg å eige aksjane i Fjord1 AS gjennom F1 Holding AS.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Fjord1 AS – einskilde postar

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemder, å drive transport-, kommunikasjons-, og reiselivsverksemd. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde når dette er hensiktsmessig og er eigna til å styrke hovudføremålet, eller dette fører til ei meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.
<b>Etablert</b>	09.05.2001
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	I 2011 overførte fylkeskommunen heile aksjeposten i Fjord1 til selskapet F1 Holding AS, som er heileigd av fylkeskommunen. Denne aksjeposten var på 59 %. Andre aksjonærar er Havlafjord AS med 41 % av aksjane. Fylkestinget har i august 2016 i FT-sak 30/16 vedteke å selje F1 Holding sine aksjar i Fjord1 til Havlafjord AS. Dette medfører at F1 Holding overfører 26 % av aksjane i Fjord1 AS til Havlafjord AS hausten 2016, slik at F1 Holding eig 33 % og Havlafjord eig 67 %.  Selskapet sin aksjekapital er på 250.000.000 kr delt på 100.000 aksjar kvar pålydande 2.500 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Flora kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten, endra 21. april 2004, 21. desember 2010, 20. januar 2012, mai 2012. Sjå FT-sak 13/12. Aksjonæravtale dagsett 25.08.2016 (sjå FT-sak 30/16)
<b>Etiske retningslinjer</b>	Kjem ikkje til uttrykk i årsmelding.
<b>Generalforsamling</b>	Aksjonærane er generalforsamlinga til selskapet.  Fylkesordføraren er valt eigarutsending frå F1 Holding AS, jf. vedtekten. Fylkesordføraren møtte på ordinær generalforsamling i 2015 saman med fylkesrådmann Tore Eriksen og dagleg leiar i F1 Holding, Jan Øhlckers.  Det vart gjennomført ekstraordinær generalforsamling 7. desember 2015 med val av nye styremedlemmar.
<b>Val av styre</b>	Selskapet sitt styre skal bestå av 8 medlemmar. Bedriftsforsamlinga er avvikla. Generalforsamling og dei tilsette vel styret. Styret vel sjølv styreleiar og nestleiar i samsvar med reglar fastsett i aksjonæravtalen.  Fylkeskommunen har fram til hausten 2016 peika ut 4 medlemmar til styret, inkludert styreleiar. I forbindelse med sal av F1 Holding sine aksjar i Fjord1, skal fylkeskommunen etter ny aksjonæravtale peike ut 2 medlemmar til styret etter at salet er gjennomført.  Representantar vald av fylkeskommunen gjennom F1 Holding AS fram

	<p>til november 2015 var: Reidar Sandal, Nils R. Sandal, Heidi Kathrin Osland og Lars Birkeland, sjå FU-sakene 56/12 og 77/14. Etter at fylkestinget i november fatta vedtak om å selje aksjane i Fjord1 til Torghatten gjekk alle dei fylkeskommunale styremedlemmane av. I desember 2015 vart det peika ut nye styrerrepresentantar: styreleiar Pål W. Lorentzen, Bente Nesse, Arvid Andenæs, Vidar Grønnevik, sjå FU-sak 114/15</p> <p>Varamedlemmar er Arve Helle, Jan Magne Herstad, Klaus Arne Iversen og Bjørn Erik Hollevik, sjå FU-sak 56/12.</p> <p>Valperioden er formelt sett to år, men likevel slik at det så langt har vore underforstått at valperioden er 4 år og såleis i det vesentlege samanfallande med den fylkeskommunale valperioden.</p>		
<b>Styresamsetning</b>	Styret er etter ekstraordinær generalforsamling 7. desember 2015 sett saman slik for perioden 2014-2016: Pål W. Lorentzen (leiar), Vegard Sævik (nestleiar), Per Sævik, Bente Nesse, Arvid Andenæs, Vidar Grønnevik, Arnstein Åmås (tilsetterep.) og Atle Olav Trollebø (tilsetterep.). Øyvind Øksnes og Daniel Nedrelid er observatørar og tilsetterepresentantar.		
<b>Styregodtgjersle for 2015 og dagleg leiars godtgjersle i 2014</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Styreleiar til 26.11.15: 193 700 og ingen variabel,</li> <li>-Styreleiar 07.12-31.12.15: 100 000 etter medgått tid</li> <li>-Nestleiar: 104 100 kr pr. år og ingen variabel,</li> <li>-Medlemmar heile året: 49 800 + 2 865 per fysiske møte,</li> <li>-Medlemer til 26.11.15: 44 800 + 2 865 per fysiske møte,</li> <li>-Medlemer 07.12-31.12.15: 4 200 + 2 865 per fysiske møte,</li> <li>-Observatørar: 24 900 + 2 865 per fysiske møte,</li> <li>-Vara: 3 400 per fysiske møte.</li> <li>-Dagleg leiar i 2015: lønn 2 115 055 kr, pensjonsutgifter 65 749, andre godtgjeringar 133 056 kr.</li> </ul>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen		
<b>Revisor</b>	EY AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 354, 6902 Florø.		
<b>Telefon/faks</b>	57 75 70 50		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:fjord1@fjord1.no">fjord1@fjord1.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.fjord1.no/">http://www.fjord1.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b> <b>(Fjord1-konsernrekneskap)</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	2 355 743	2 349 413	2 242 479
Driftsresultat	152 107	219 651	282 630
Årsresultat	27 536	95 095	181 933
Totalkapitalrentabilitet	4 %	6 %	7,6 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	9 %	13 %	17,9 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-10 %	-10 %	-9,3%
Eigenkapitalprosent:	25 %	27 %	29,7 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Årsresultatet i 2015 har auka med om lag 87 mill. kr samanlikna med 2014.  Nøkkeltala i tabellen ovanfor syner at avkastning på investert kapital og		

	<p>sjølvfinansieringsgraden er betra frå 2014. Når det gjeld arbeidskapital i prosent av driftsinntekter er denne framleis negativ.</p> <p>Det er nedbetalt 230 mill. kr i avdrag på langsiktig gjeld og bidreg til at konsernet viser ei positiv utvikling i forhold til sjølvfinansieringsgraden, og betra soliditet.</p>
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Fjord1 – konsernet er eitt av dei største transportselskapa i Noreg. Fjord1 AS har 1235 årsverk og hadde ein samla trafikkvekst på 2,6 prosent på ferjerutene samanlikna med 2014.</p> <p>Frå 2012 til 2015 har Fjord1 AS har hatt reduksjon i driftsavbrot og kontaktskadar (kai-kollisjon og grunnstøyting) på over 65 prosent.</p> <p>I 2015 flytta selskapet reiselivsaktiviteten sin ut i eit eige selskap, «The Fjords», som er eigd saman med Flåm AS. Gjennom selskapet WF Holding AS er Fjord1 AS medeigar i Widerøe`s Flyveselskap AS. Fjord1 AS har ein eigardel på 34 % i WF Holding AS.</p> <p>For ferjedrifta var dei underliggjande driftsresultata i 2015 betre enn for året før. Bidraga frå dei ulike kontraktområda i ferjedrifta har vore varierande. Det er inngått forlik med Fylkeskommunen i Sør – Trøndelag om oppgjer for bortfall av trafikk inntekter i sambandet Flakk - Rørvik. Fjord1 AS har i 2015 netto investert 36 millionar kr i driftsmiddel.</p> <p>Kontraktane selskapet har hatt om drift av sambanda i Balestrand og Mannheller – Fodnes gjekk ut 31.12.2015. Ny kontrakt starta opp på desse sambanda 1.1.2016. Frå same dato starta også ny kontrakt for Fylkesvegsambanda i Sogn og Fjordane opp som planlagt.</p> <p>Det var utlyst anbodskonkurranse på ferjesambanda Halhjem – Sandvikvåg og Arsvågen – Mortavika i 2015. Fjord1 AS deltok i denne anbodskonkurranse. Tilboden vart avvist og selskapet er invitert til vidare forhandlingar med oppdragsgivar om drift av sambanda for åra 2017 og 2018.</p> <p>Utlyste anbodskonkurransar i 2015 er vesentleg skjerpa med omsyn til utslepp og energieffektivitet. Fjord1 AS har dette året levert tilbod basert på biodrivstoff som energiberar. I 2016 er det forventa at fleire ferjestrekningar i Noreg vert lyste ut på anbod. Fjord1 AS er posisjonert for å delta ved utlysing av nye anbod.</p> <p>Fjord1 AS har rett til kompensasjon for bortfall av trafikkinntekter som følge av at oppdragsgivar endrar føresetnadene knytte til rabattstruktur og takstsoner utover det som var lagt til grunn i anboden. Frå og med 2010 er det for ein del kontraktar ikkje gjennomført endeleg oppgjer frå oppdragsgivar. For desse kontraktane vert det utbetalet ein årleg kompensasjon som blir inntektsført etter same prinsipp som tidlegare år. Styret forventar at dei uavklarte sakene vil kunne løysast gjennom dialog med oppdragsgivar.</p> <p>Transportverksemrd medfører ureining av det ytre miljøet. Ureininga er særleg knytt til bruk av fossilt brensel med utslepp av NOx og CO2. Gjennom samarbeid i næringa, med motorleverandørar og forskingsmiljø sokjer Fjord1 AS å finne tiltak som kan redusere nivået på uehdige utslepp til luft. Selskapet sine utslepp ligg innanfor alle formelle krav som styresmaktene stiller.</p>

	<p>I 2015 vart Fjord1 AS det første selskapet i verda som inngjekk avtale om å drive skip på 100 prosent biodiesel. Frå 2016 nyttar to av selskapet sine ferjer fornybart bio-drivstoff som energikjelde i normal rutedrift. Bruken av fornybar energi gjev store reduksjonar i utslepp av CO2 samanlikna med fossilt brensel.</p> <p>Selskapet vil framover satse aktivt på utvikling og innføring av ny teknologi, med spesielt fokus på det grøne skiftet sine krav til energieffektivisering og utsleppsreduksjonar.</p> <p>I samband med Fjord1-løftet som vart sett i gong i desember 2014, har alle leiarane i administrasjonen, dei hovudtillitsvalde og 180 kapteinar i flåten starta våren 2015 på eit toårig leiarutviklingsprogram. Programmet går over fire samlingar.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Finansielle formål: Målet med eigarskapen er å få god avkastning som står i samsvar med risikoprofilen til selskapet. Selskapet er eigd av F1 Holding AS. Selskapet har ikkje gjeve F1 Holding AS utbytte i 2012 og 2013. Det er avsett utbytte på til saman 50 millionar kr for 2015 i Fjord1 AS etter ekstraordinær generalforsamling 9.9.2016. F1 Holding AS sin del av utbytte vert inntektsført i 2016 og er planlagt som utbytte til Sogn og Fjordane fylkeskommune våren 2017, som del av årsoppgjaret for 2016.</p> <p>Fylkeskommunen sitt mål med eigarskapen er over tid å få ei god avkastning. Fylkeskommunen via F1 Holding AS må følgje opp selskapet som ansvarleg eigar.</p>
<b>Status</b>	Fylkeskommunen har gjennom F1 Holding as vedteke å selje sine aksjar i Fjord1 AS, sjå salet nærmare omtala under «viktige hendingar 2015» for selskapet F1 Holding AS.

## Firda Billag AS

<b>Føremål</b>	Selskapet si verksemeld er å drive transportverksemeld og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet skal tillegg eige og forvalte fast eigedom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemeld.
<b>Etablert</b>	20.05.2011. Sjå arkivsak 10/1901.
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Fylkeskommunal eigarprosent: 5. Aksjane sin pålydande verdi er 500 000 kr.</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er på 10 000 000 kr fordelt på 10 000 aksjar à 1 000 kr fullt innbetalt og pålydande namn.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 20.06.12.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Kjem ikkje fram av årsmeldinga.
<b>Generalforsamling</b>	<p>Aksjonærane utgjer generalforsamlinga.</p> <p>Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin eigarutsending i selskapet. Trude Brosvik møtte med fullmakt på generalforsamlinga i 2016.</p>
<b>Val av styre</b>	<p>Styret har 5 medlemmar med 2 vara. I tillegg kjem 3 tilsetterepresentantar og eventuelt 3 vara så langt dei tilsette har peika ut slike i samsvar med aksjelova sine reglar.</p> <p>Tenestetida for styremedlemmane er 2 år. Suppleringsval kan gjerast i valperioden.</p>

	<p>Selskapet har ei valnemnd på 5 medlemmar. Dei tre største aksjonærane i selskapet har rett til å velje minst 2 av medlemmane i valnemnda, og ein av desse medlemmane skal vere nemdleiar. Dei 3 andre medlemmane i valnemnda skal veljast av generalforsamling med vanleg fleirtal.</p> <p>Valnemnda har tenestetid på eitt år om gongen.</p>		
<b>Styresamsetning</b>	<p>Følgjande styre vart valt på generalforsamling i 2016 for 2 år: Leiar Agnar Strømsnes (attval), Christina Kvamme (attval), Petter Sortland (attval) og Inger Johanne Osland (attval), Mariel Eikeset Koren (ny). Vara er 1. Oddmund Klakegg (attval) og 2. Frida Melvær (attval).</p> <p>Valnemnd for eitt år vart vald på generalforsamling i 2016: Ordførar i Flora (leiar), Ordførar i Førde, Ordførar i Gloppe, Ordførar i Askvoll, Ordførar i Fjaler.</p>		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Styreleiar 116 020 kr pr. år</li> <li>- Styremedlemmar 29 005 kr pr. år</li> <li>- Vara 2 110 kr pr. møte.</li> <li>- Dagleg leiar: kr 1 032 142 kr pluss anna godtgjersle på kr 4226 kr.</li> </ul>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 204, 6802 Førde		
<b>Telefon/faks</b>	57 72 50 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@firda-billag.no">post@firda-billag.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.firda-billag.no/">http://www.firda-billag.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra: (Konsernrekneskap)</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	525 927	418 070	395 306
Driftsresultat	3 770	-221	-1 655
Resultat etter skatt	1 317	-1 498	545
Totalkapitalrentabilitet	2 %	1 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	28 %	16 %	22 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	5 %	5 %	9 %
Eigenkapitalprosent:	35 %	35 %	39 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Konsernet har hatt ein nedgang i omsetnaden på 5,4 % i 2015, sett i høve 2014. Dette skuldast i hovudsak at Transferd AS si avdeling i Ålesund blei sold til Veøy Møre AS i november 2015.</p> <p>Konsernet hadde eit årsresultat på 0,545 mill. kr, medan morselskapet, Firda Billag AS, har eit overskot på 2,386 mill. kr. Begge syner sterkt betring i høve 2014.</p> <p>Det har vore ein auke i omløpsmidlar på om lag 20 mill. kr. Kortsiktig gjeld har også auka, men mindre enn omløpsmidlane. Dette styrkar arbeidskapitalen og betrar selskapets evne til å møte sine betalingsforpliktingar. Eigenkapitalprosenten er også styrka.</p> <p>Firda Billag Buss AS er ikkje med i konserntalla. Firda Billag AS selde 50 % av aksjane sine i Firda Billag Buss AS i 2013, og er difor ikkje lenger eit datterselskap i konsernet Firda Billag AS. Firda Billag Buss AS leverte eit sterkt resultat i 2015.</p>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Godsselskapet Transferd AS har hatt underskot gjennom fleire år. Resultatet i 2015 vart også negativt. Gjennom året vart det arbeidd med fleire tiltak for å betre drifta i selskapet. Hausten 2015 vart selskapet si avdeling i Ålesund sold til Veøy Møre AS. Gjennom dette salet er risikoene på drifta redusert.</p> <p>Firda Billag Buss AS (FBB) er no eigd 50 % av Norgesbuss AS som er ein del av Torghatten ASA og 50 % av Firda Billag AS. Det følgjer av</p>		

	<p>aksjonæravtalen at Firda Billag Buss AS er ein del av konsernet Torghatten ASA. FBB blir likevel drifta som tidlegare med forretningsstad i Førde, og integrert driftsmessig med Firda Billag AS. Firda Billag Buss leverte eit sterkt resultat i 2015.</p> <p>Det vart halde eigarmøte i forkant av generalforsamlinga 25.05.16, der temaet var eit eventuelt sal av aksjane i selskapet. På generalforsamlinga fekk styret fullmakt til å kjøpe inntil 11 % av eigne aksjar. Fullmakta gir høve til å kjøpe aksjar frå aksjonærane i Firda Billag AS i ein fullmaksperiode på to år frå generalforsamlinga sitt vedtak.</p>
<b>Utsikter for dei komande åra</b>	<p>Det vert arbeidd med å avvikle delar av aktiviteten Transferd har på Otta. Etter dette vil Transferd ha det vesentlege av sin aktivitet innan fylket. Det er budsjettet med eit mindre overskot for 2016, og så langt i år har selskapet halde seg innanfor budsjettet.</p> <p>FBB har sikra seg ein god posisjon i bussmarknaden i fylket, m.a. rute- og skulebusskøyringa i Nordfjord og Sunnfjord. I 2015 deltok FBB i anbodskonkurranse for køyring i Sogn, men vann ikkje denne konkurransen.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Finansielle mål: Var opphavleg skipa som eit IKS for å sikre infrastrukturen i Sunnfjord. Fylkeskommunen kom inn som eigar saman med 13 kommunar ved at fylkeskommunen i 1997 overtok FSF (Fylkesbåtane i Sogn og Fjordane) sin eigardel i det opphavlege latalaget. Selskapet vart endra til eit aksjeselskap grunna nye rammevilkår. Dette var eit naudsynt tiltak for å sikre selskapet konkurranseskraft. Sjå sak handsama i fylkestinget, FT-sak 09/10.</p> <p>Etter det har målet med fylkeskommunalt eigarskap vore av meir finansiell karakter.</p>
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Under handsaming av eigarmeldinga 2014 vedtok fylkestinget å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen. Fylkesutvalet fekk fullmakt til å godkjenne salsavtale. Prosessen er i gong, og fylkesutvalet vert orientert med løypemeldingar om arbeidet fram til salsavtale vert lagt fram for endeleig godkjenning.
<b>Status</b>	<b>Fylkestinget har vedteke prosess for avvikling av eigarskapen.</b>

## Sogn og Fjordane Energi AS

<b>Føremål</b>	<p>Selskapet sitt føremål er produksjon, omsetting og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemnd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette.</p> <p>Verksemda kan også drivast i samarbeid med, eller ved deltaking i, andre selskap med tilsvarande formål.</p> <p>Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde og selskap når dette er eigna til å styrke hovudføremålet eller fører til meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.</p> <p>Selskapet skal drivast på forretningsmessig basis med vekt på langsiglig verdiskaping for eigarane.</p>
<b>Etablert</b>	16.09.2002
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 48,15 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 356 mill. kr</p> <p>Andre eigarar er BKK (38,54 %), Flora kommune, Gloppe kommune/Gloppe Energi AS, Bremanger kommune, Askvoll kommune, Selje kommune, Eid kommune og Naustdal kommune</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er totalt NOK 739 610 500 fordelt på 4. 930 737 A-aksjar pålydande NOK 100 og 2 465 368 B-aksjar pålydande NOK 100.</p>

	To tredjedeler av aksjane skal vere A-aksjar, resten skal vere B-aksjar. A-aksjane kan berre eigast av, og vere omsettelege til, aktørar som kan defineraast som offentlege etter industrikonsesjonslova.  Selskapet sitt styre skal godkjenne overdraging av aksjar. Samtykke kan berre nektast når det ligg føre sakleg grunn. Ved overdraging av aksjar har dei andre aksjonærane forkjøpsrett.		
<b>Forretningskontor</b>	Gloppe kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova. Industrikonsesjonslova		
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 12.06.2009. Dokument 1154347-v3 om eigarstyring og selskapsleiing utarbeidd av Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES).		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Årsmeldinga omtalar ikkje slikt regelverk.		
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av aksjonærane.  Fylkesordføraren er eigarutsending, og møtte på generalforsamlinga i 2016.		
<b>Val av styre</b>	Generalforsamlinga vel for to år av gongen tre medlemmar av ein valkomité som skal vere representantar for aksjeeigarane. Generalforsamlinga vel leiar i valkomiteen. Det er utarbeidd eigne instruksar for komiteens arbeid.  Selskapet sitt styre skal ha frå 8 til 9 medlemmar med like mange personlege vara. Inntil 6 medlemmar skal veljast av generalforsamlinga og inntil 3 skal veljast av og mellom dei tilsette. Generalforsamlinga vel leiar og nestleiar til styret. Alle val gjeld for 2 år. Styremedlemene kan ta attval.  Val av styremedlemer er regulert i aksjonæravtale med bakgrunn av storleiken på eigardelen, og skal sikre brei representasjon frå aksjeeigarane mellom dei aksjonærvalde medlemmane i styret.		
<b>Styresamansettning</b>	Etter generalforsamlinga i 2016 er styret sett saman slik: Styreleiar Per A. Kjøllesdal frå SFFK (vara: Sigurd Reksnes), nestleiar Birger C. Schønberg (vara: Atle Neteland), Arvid Lillehauge frå SFFK (vara: Hilmar Høl), Olin Johanne Henden frå SFFK (vara: Hogne Bleie), Anne Marit Steen (vara: Bjarne Skaar) og Jan-Helge Dahle (vara: Leidulf Gloppestad)  Valnemnda: Jenny Følling, Jannicke Hilland, Leidulf Gloppestad.		
<b>Styregodtgjersle i 2016 og dagleg leiarars godtgjersle i 2015</b>	-Styreleiar: 162 000 kr pr. år -Nestleiar: 90 000 kr pr. år -Medlem: 77 800 kr -Vara: 4 530 kr pr. møte Det vert ikkje utbetaltaapt arbeidsforteneste til styremedlemmar. Dagleg leiar si lønn i 2015: 1 326 000 kr (+619 000 til ny konsernsjef frå 01.09.15), pensjonsyttingar: 122 000 kr (+ 65 000), andre godtgjeringar: 55 000 kr (+ 52 000).		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Bukta, 6823 Sandane		
<b>Telefon/faks</b>	57 88 47 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@sfe.no">post@sfe.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://sfe.no/">http://sfe.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b> <b>(Konsernrekneskap)</b>			
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Sum driftsinntekter	1 375 893	1 620 240	1 041 588
Driftsresultat	417 611	623 713	268 020
Årsresultat	134 347	418 564	112 756
Totalkapitalrentabilitet	10 %	13 %	5 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	21 %	22 %	13 %
Arbeidskapital i % av	-24 %	-5 %	- 41 %

driftsinntekter			
Eigenkapitalprosent:	39 %	39 %	39 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Konsernet fekk eit overskot etter skatt på 113 mill. kr i 2015, noko som er ein reduksjon på 306 mill. kr i høve 2014. Korrigert for dei ekstraordinære forholda i fjar (salsvinst på 507 mill. kr frå sal av medeigarandel i Leirdøla kraftverk og nedskrivning av kraftverka Svelgen III og IV) er årets resultat 24 mill. kr betre enn resultatet i 2014. Ei betring i resultatet skuldast i hovudsak lågare driftskostnadane enn venta. Redusjonen i driftskostnadane er eit resultat av resultatforbetringsprogrammet « eit sterkare SFE» som blei sett i gong i 2015.</p> <p>Totalkapitalrentabiliteten er svekka i høve til 2014, men nøkkeltalet må sjåast i samanheng med salet av medeigarandelen i Leirdøla kraftverk. Totalkapitalrentabilitet på 5 % syner eit tilfredstilande resultat gitt dei låge kraftprisane som har prega 2015.</p> <p>Tilsvarande er dei andre nøkkeltala svekka, medan eigenkapitalsprosenten ligg stabilt på 39 % og viser at selskapet framleis har god soliditet. Bokført eigenkapital pr.31.12.15 har ein liten auke samanlikna med utgåande balanse 2014, og er på 2,3 mrd. kr.</p> <p>Utbytte til Fylkeskommunen i 2015 er 29 mill. kr.</p> <p>Utbytte til fylkeskommunen tidlegare:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>2011: 19,2 mill. kr</li> <li>2012: 27,8 mill. kr</li> <li>2013: 48,4 mill. kr</li> <li>2014: 37,3 mill. kr</li> </ul>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Selskapet produserte 2 062 GWh i 2015 mot 2048 GWh i 2014. Kraftforbruket i eige forsyningsområde var på 656 GWh i 2015, ein reduksjon på 17 GWh frå 2014. Lågare temperatur i 2015 samanlikna med året før er hovudgrunnen til auken. Kraftleveranse til sluttbrukardar var i 2015 på 813 GWh mot 989 GWh i 2014. Sal til sluttbrukarkundar i 2015 var på 882 GWh.</p> <p>Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) har i 2015 gjennomført investeringar på til saman 399 mill. kr i fysiske driftsmiddel. Av dette er investering i nettanlegg 272 mill. kr, noko som er vesentleg høgare enn for nokre år sidan. Investeringane i nettanlegg vil vere høge også dei komande åra, for å forbetra leveringstryggleiken og for å kunne knytte auka kraftproduksjon inn på nettet.</p> <p>Året 2015 gav ein lågare kraftpris enn i 2014. Systemprisen på Nordpool vart i gjennomsnitt over året på 18,7 øre/kWh. Dette er ein reduksjon på 6,1 øre/kWh eller 25% samanlikna med system-prisen i 2014 på 24,8 øre/kWh. Systemprisen i 2013 var 29,7 øre/kWh. Kraftprisen i NO5 som er prisområdet mesteparten av SFE sin produksjon vert levert i vart 17,6 øre/kWh. Svakt kraftnett i området gjer at kraftprodusentane på Vestlandet får dårlegare betalt for sin produksjon enn det andre delar av Noreg får.</p> <p>Byggeperioden for Statnett si 420 kV-line mellom Ørskog og Sogndal medfører planlagde omkoplinger i hovudnettet, og tidvis uvanelege og meir risikofylte koplingsbilde enn ved «normaldrift». For SFE medfører dette ein vesentleg auka økonomisk risiko. For SFE sin kraftproduksjon har utkoplingane i hovudnettet medført lange periodar med pålagte produksjonsavgrensinger der SFE ikkje får utnytte produksjonsapparatet fullt ut.</p> <p>Felles elsertifikat i Norge og Sverige gjev grunnlag for utvikling av meir fornybar energi. Dersom elsertifikata fører til eit stort overskot av energi vil dette presse kraftprisen ned, og redusere verdien av SFE sin eksisterande kraftproduksjon. Fall i brenselprisar og auke i sol og</p>		

	<p>vindkraft i Europa har saman ført til eit kraftig fall i kraftprisane, og gjer at utsiktene til å bygge ut ny lønsam kraftproduksjon er svekka. Strenge klimamål i Norge og Europa kan medføre ei konkurransevriding for den kraftkrevjande industrien, med fare for at denne industrien flyttar produksjonen ut av verdsdelen.</p> <p>Det vart lagt fram ein stortingsproposisjon om endringar i energilova i desember 2015. Her føreligg det blant anna forslag om nye krav til selskapsmessig og funksjonelt skilje mellom nettverksemd og anna verksemd ved energiføretak.</p> <p><b>FOU</b></p> <p>SFE deltek saman med nokre andre energiselskap og eSmart Systems AS i FoU- og IFU-prosjektet «Intelligent driftssystem for utnyttelse av fleksibiliteten i smarte nett». Prosjektet er planlagt gjennomført i perioden 2013-2016. Prosjektet har som mål å levere neste generasjons IT-plattform for energibransjen. Utgangspunktet er å utvikle/sette ny teknologi i system for å handtere morgondagens nett og kundar, der stikkord er utnytting av AMS-informasjonen, vesentleg større innslag av distribuert produksjon, prosumentar og ny sensorteknologi.</p> <p>I 2015 etablerte SFE prosjektet «Smart Valley» i Hyen i Nordfjord. Formålet er å utvikle «smarte» løysingar for elektrisitetsbruk ved hjelp av «Big Data» og moderne teknologi som skal redusere investeringsbehovet i kraftnettet, forbetre elektrisitetsbrukaren si oppleveling og gje meir presise data frå produksjonsanlegg. Prosjektet involverer både kraftnettet, elektrisitetsproduksjonen og elektrisitetsforbruket i området.</p> <p>SFE har bidrige vesentleg saman med bransjen for å få etablert ingeniørutdanning i elkraft/energi/miljø ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Studietilbodet vart starta opp hausten 2012.</p> <p>SFE har samarbeid med forskingsprogram Fornybar Energi ved Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane, og deltek som partner i forskingsprosjektet RELEASE om lokale miljøverknader ved utvikling av berekraftig fornybar energi. SFE deltek som partner i Norsk Vannkraftsenter som vart etablert i 2014 , og gjennom direkte bidrag til bransjefinansiert, miljøretta energiforsking organisert gjennom Energi Norge og REN (Rasjonell Elektrisk Nettvirksomhet).</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>SFE arbeider kontinuerleg med å få fram ny lønsam produksjonskapasitet innan vasskraft. Grunnevatn og Leknesvatn kraftverk i Skorvenvassdraget (ca. 16 GWh - Askvoll kommune) er under bygging, og vert ferdigstilt i 2016. Selskapet fekk i februar 2015 løyve til bygging av Littlevatnet småkraftverk (19 GWh – Flora kommune) og i november 2015 løyve til planendring for gitt konsesjon for bygging av Østerbø kraftverk (storleik 165 GWh – Høyanger kommune). Det er også gitt konsesjon for 4 småkraftverk tilhøyrande Svelgen Kraft AS (ca 25 GWh - Bremanger kommune). Konsesjonssøknader for utbyggingar i Gjengedalsvassdraget, (ca 150 GWh i Gjengedal kraftverk pluss 19 GWh i Ommedal kraftverk – Gloppen kommune) og Bredvatn kraftverk i Åskårvassdraget (ca 65 GWh netto ny kraft – Bremanger kommune) er under handsaming. I samarbeid med Stranda Energi AS er det via Firdakraft AS søkt konsesjon for Hauge kraftverk (ca 15 GWh - Stranda kommune).</p> <p>SFE har vore aktiv i prosessen med etableringa av nytt sentralnett. Ein arbeider med siktemål ferdigstilling i løpet av hausten 2016. Prosessen starta i 2005 og har vore tidkreyjande.</p> <p>Gjennomsnittleg hadde nettkundane som opplevde straumbortfall ei utetid på 281 minutt. På grunn av manglande reserve i tunglast er Florø, som også er største uttakspunkt, det mest risikofylte område for</p>

	<p>utfall. Konsesjon for forsterka innføring til Florø vart gitt av OED i 2011. Anleggsarbeida har pågått over fleire år, og vert ferdigstilt i 2016.</p> <p>Ved inngangen til 2016 hadde SFE sine vassmagasin ein fyllingsgrad på 90%. Dette er høgare enn normalt. Snømengda i fjellet er om lag som normalt, men høge vassmagasin gjer at venta produksjon i 2016 er noko høgare enn middelproduksjonen på 1 908 GWh.</p> <p>Felles marknad for elsertifikat i Noreg og Sverige gjev eit grunnlag for utvikling av nye 28,4 TWh fornybar energi. For SFE kan dette medføre moglegheiter for utbygging av meir fornybar kraft. Konsernet har konsesjonsgitte vasskraftprosjekt på vel 200 GWh som er under prosjektering og knapt 20 GWh under bygging. Om elsertifikata fører til eit stort overskot av energi vil det presse kraftprisen ned, noko som vil redusere verdien av SFE sin eksisterande kraftproduksjon.</p> <p>SFE sin prognose for 2016 viser eit resultat som er vesentleg svakare enn resultatet i 2015. Ettersom SFE si hovudinntening er basert på vasskraftproduksjon er konsernet utsett for stor risiko for variasjon i årsresultatet grunna varierande kraftpris og produksjonsvolum/tilsig.</p> <p>SFE forventar store investeringar i nødvendig nettutbygging og investering i vasskraftanlegg dei neste åra. Selskapet sine planar viser at nærmare 70% av desse investeringane kan eigenkapitalfinansierast sett samla over ein 10-årsperiode.</p> <p>Fylkestinget har tidlegare – i førebuingane til forvaltningsreforma – skipa Sogn og Fjordane Holding AS for eventuell forvaltning av aksjane i SFE, sjå nedanfor.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Finansielle mål: SFE vart etablert som ei følgje av at SFE tidlegare var ein del av den fylkeskommunale forvaltninga og ein ønskte å skilje dette ut frå den fylkeskommunale verksemda.</p> <p>Eit viktig mål for fylkeskommunen var å bidra til å utvikle SFE som ein konkurransedyktig og lønnsam aktør i den nasjonale / internasjonale energibransjen. Basert på dette skal selskapet gje fylkeskommunen god avkastning på investert kapital kvart år gjennom utbytte.</p> <p>Fylkeskommunen som eigar må sørge for at styret i selskapet til ei kvar tid har nødvendig kompetanse til å utvikle selskapet som ein lønnsam og sterk aktør i bransjen.</p> <p>Mål om å sikre næringsutvikling: Selskapet er eit viktig instrument for auka satsing innan fornybar energi i fylket. Fylket har eit stort potensiale her og SFE spelar ei viktig rolle med å bygge opp nødvendig kapasitet i nettet for ei slik satsing. SFE sin kompetanse er viktig for å realisere fylket sitt potensiale på dette området.</p>
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Investeringa i SFE har gitt fylkeskommunen god avkastning på investert kapital.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Sogn og Fjordane Holding AS

<b>Føremål</b>	Sogn og Fjordane Holding AS vart etablert av fylkeskommunen som eineeigar for eventuell forvaltning av aksjane i SFE AS. Aksjane i SFE AS er framleis eigmde direkte av fylkeskommunen. Selskapet er ei investeringsverksemde; under dette kjøp og sal av aksjar, andelar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom, og anna verksemde som står i samband med dette.
<b>Etablert</b>	29.11.2005
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal</b>	Eigarprosent: 100. Aksjane sin pålydande verdi: 30 000 kr

<b>eigardel</b>	Aksjekapitalen vart endra frå 100 000 kr til 30 000 kr i generalforsamlinga i juni 2012. Aksjekapitalen er såleis 30 000 kr, fordelt på 30 000 aksjar, kvar pålydande 1 krone.		
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtektene 21.06.2012		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Fylkeskommunen sine etiske retningsliner gjeld for selskapet.		
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av fylkeskommunen sin eigarutsending. Eigarutsendingen er vald for 4 år og følgjer fylkesvalperioden. For perioden 2015-2019 er fylkesordføraren eigarutsending.  Fylkesordføraren møtte på generalforsamlinga i 2016.		
<b>Val av styre</b>	Selskapet skal ha eit styre med tre medlemmar, og tre vara i prioritert rekjkjefølgje. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane gjev tilråding til generalforsamlinga om val av styre. Valperioden er 2 år.		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2015 for perioden 2014-2016 er styret sett saman slik: Styreleiar Åshild Kjelsnes, nestleiar Anders Ryssdal, medlem Noralv Distad.  Vara: 1. Nils P. Støya, 2. Anita Nybø, 3. Marit Barsnes Krogsæter.		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiar godtgjersle i 2015</b>	Det er ingen godtgjersler for styremedlemmane. Det er ingen tilsette i selskapet. Dei administrative oppgåvene er lagt til administrasjonen i SFE AS.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	c/o SFE AS, Bukta, 6823 Sandane		
<b>Telefon/faks</b>	57 88 47 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@sfe.no">post@sfe.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://sfe.no/">http://sfe.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-9	-7	-4
Resultat etter skatt	-9	-7	-4
Totalkapitalrentabilitet	-10 %	-9 %	-6 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	100 %	100 %	100 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet er eit holdingselskap utan driftsinntekter og det har ikkje vore aktivitet i selskapet i 2015. Eigenkapitalen er redusert tilsvarende det negative resultatet i 2015 på 4 124 kr. Eigenkapitalen utgjer 67 830 kr.		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	Det har ikkje vore drift i selskapet i 2015.  I sak 109/15 bad FU om å få framlagt ei sak der Sogn og Fjordane Holding AS vert organisert på tilsvarende måte som F1 Holding AS. Fylkesrådmannen orienterte fylkesutvalet om handlingsrommet og ulike alternativ, i møte 13. april 2016. Fylkesrådmannen vil kome attende med ei politisk sak som følgjer opp dette notatet.		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Det er ikkje lagt spesielle planar, dette vil avhenge av utviklinga i kraftmarknaden.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Finansielle mål: Å kunne nytte selskapet i samsvar med føremålet dersom det skulle bli ynskjeleg.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Selskapet vart oppretta som ein beredskap i høve forvalningsreforma for å sikre lokalt eigarskap i dei to store selskapa; SFE AS og Fjord1 AS. Forvalningsreforma vart gjennomført utan at det vart turvande å nytte dette beredskapsinstrumentet for SFE AS.  Det kan framleis verte aktuelt å overføre aksjane i SFE AS til Sogn og		

	Fjordane Holding AS. Dette tilseier at fylkeskommunen framleis bør oppretthalde eigarskap i selskapet, slik at vi har høve til å overføre aksjane ved behov.
Tilråding	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## 6.5 Næringsutvikling

### Botnaneset Industriselskap AS – selt i 2016

<b>Føremål</b>	Føremålsparagrafen til selskapet vart endra 31. mai 2012. Gjeldande føremål til selskapet er:  «Å legge til rette for næringslivet på sunt økonomisk grunnlag i regionen og spesielt bidra til å legge forholdene til rette for en videreutvikling av den olje- og gassrette virksomheten i regionen, blant annet gjennom deltagelse i høringsrunder og politiske prosesser. Dessuten kan selskapet være med i andre selskap med lignende formål.»		
<b>Etablert</b>	19.03.1981		
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 0,63 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 100 000 Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein A-aksje.  Flora kommune har ein A-aksje. B-aksjonærar: Fjord Base AS med 148 B-aksjar, Sparebanken Vest og Sparebanken Sogn og Fjordane har fem B-aksjar kvar.  Selskapets aksjekapital er 16 000 000 kr, fordelt på 2 A-aksjar og 158 B-aksjar, kvar pålydande 100 000 kr.		
<b>Forretningskontor</b>	Flora kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 31.05.12 og aksjonæravtale		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Det er ikkje meld om at etiske retningslinjer er utarbeidd i selskapet.		
<b>Generalforsamling</b>	Ved avstemming har kvar A-aksje 81 stemmer, medan kvar B-aksje har 1 stemme.  Fylkesordføraren er eigarutsending til selskapet. Fylkesvaraordføraren møtte på generalforsamling i 2016.		
<b>Val av styre</b>	Selskapet vert leia av eit styre på inntil 10 medlemmar med personlege vara, 4 styremedlemmar med eventuelle personlege vara blir peikt ut av A-aksjonærane. 4 styremedlemmar med eventuelle personlege vara peikast ut av B-aksjonærane. I tillegg kan inntil 2 medlemmer med næringspolitisk bakgrunn peikast av B-aksjonærane. Styrets leiar blir vald av B-aksjonærane. Styret veljast for eitt år av gongen.		
<b>Styresamsetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2016 er styret sett saman slik: Kjartan Longva (leiar), Oddgeir Igland (nestleiar), Åshild Kjelsnes, Bengt Solheim-Olsen, Bente Frøyen Steindal, Odd Husebø, Per Arvid Nødseth, Per Ytrehus.		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiars godtgjersle i 2015</b>	-Styreleiar: 50 000 kr pr. år, -Nestleiar: 40 000 kr pr. år, -Andre styremedlemmar: 25 000 kr pr. år. -Møtegodtgjersle for vara 5000 kr pr. møte -Lønn dagleg leiar: Dagleg leiar er leigd inn av Fjord Base AS.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb 103, 6901 Florø		
<b>Telefon/faks</b>	57 75 18 00/90 97 70 27		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:Jim.haugland@incgruppen.no">Jim.haugland@incgruppen.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-1 023	-1 136	-599

Resultat etter skatt	335	246	651
Totalkapitalrentabilitet	2 %	1 %	3,2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	98 %	98 %	99 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet har ikkje ordinære driftsinntekter, men renteinntekter frå ei fordring på Fjord Base AS på 1,587 mill. kr som overstig både driftskostnadane og finanskostnadane. Rekneskapen syner eit overskot på 0,651 mill. kr.</p> <p>Selskapet har god soliditet med ein eigenkapital på 31,016 mill. kr som utgjer 99 % av totalkapitalen.</p>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	Årsmeldinga omtalar ikkje dette.		
<b>Viktige planar for dei komande åra</b>	Årsmeldinga omtalar ikkje dette.		
<b>Status</b>	<b>Fylkeskommunen selde sin aksje i selskapet i 2016.</b>		

## Fjord Invest Såkorn AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å investere i konkurransedyktige såkornbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillende avkastning for eigarane.
<b>Etablert</b>	28.06.2004
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Fylkeskommunal eigarprosent: 50,58 Aksjeposten sin pålydande verdi er 15 350 000 kr. Andre eigarar er REKOMP (32,95%) og Fjord Invest AS (16,47%)  Selskapet sin aksjekapital er på 30 350 000 kr fordelt på 30 350 aksjar à 1000 kr fullt innbetalt og lydande på namn.
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekter opphavleg frå 18. mars 2011 vart endra i generalforsamling dagsett 19. juni 2015.  Fylkesutvalet godkjente i sak 17/11 ein aksjonæravtale, samt framlegg til vedtektsendring.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Kjem ikkje fram av årsmeldinga eller rapport frå eigarutsending.
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av aksjeeigarane.  Fylkesordføraren er eigarutsending, og møtte på generalforsamling i 2016.
<b>Val av styre</b>	Etter vedtektsendringa i 2015 er det ikkje talfesta kor mange medlemmar styret skal ha. Det er ikkje vedtektsbestemt valperiode, men praksis er at medlemane er valt for 2 år og følgjer aksjelova sine reglar. Generalforsamlinga vel valkomité for 2 år av gongen.
<b>Styresamsetning</b>	Styret etter generalforsamling i 2016: Vidar Grønnevik (leiar) (attvald), Eli-Grete Høyvik (valt for 1 år, vald for 2 år), Ingar Valvik (vald for 2 år).  Valkomité: Karen Marie Hjelmeseter (leiar) (vald for 2 år), Bente Nesse (1 år att).
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiars godtgjersle i 2015</b>	-Styreleiar: 30 000 kr pr. år. -Styremedlem: 15 000 kr pr. år. I tillegg vert det betalt 4000 kr pr. møte. -Selskapet har ingen tilsette. Forvaltningshonorar til Fjord Invest Management AS er 4 % av forvaltningskapitalen, for 2015 er honoraret

<b>Fylkeskommunalt lån</b>	1 829 052 kr mot 1 929 604 kr i 2014. Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 47, 6801 Førde		
<b>Telefon/faks</b>	95 00 01 20/ 947 74 175		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:Hkh@fjordinvest.no">Hkh@fjordinvest.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.fjordinvest.no/">http://www.fjordinvest.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	0	0	0
Driftsresultat	-2 352	-2 183	- 2 059
Resultat etter skatt	-5 582	- 4 183	- 1 866
Totalkapitalrentabilitet	- 5 %	- 7 %	- 8 %
Sjølvfinansiering i % av <b>Langsiktig gjeld</b>	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-	-	-
Eigenkapitalprosent:	99,7 %	99,8 %	99,7 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Årsresultatet i 2015 er på -1,866 mill. kr. Forbetringa i høve 2014 skuldast mindre nedskrivningar av finansielle omløpsmidlar. I 2015 vart ikkje porteføljeselskapa nedskrivne, medan nedskriving av porteføljeselskapa i 2014 var på 2,4 mill. kr. Balanseført verdi av porteføljen ved årsskiftet er 15 mill. kr. (mot 13,8 mill. kr i 2014)</p> <p>Selskapet har god likviditet og soliditet. Samla eigenkapital er på om lag 22 mill. kr, dette svarar til ein eigenkapitalprosent på 99,7 %. Mandatet til Fjord Invest Såkorn AS inneberer høg risiko og det er difor viktig med god eigenkapitalprosent for å kunne bere eventuelle tap. Likvide midlar (bankinnskot) utgjer 6,9 mill. kr mot ei kortsliktig gjeld på 70 385 kr.</p>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	Det er gjennomført to oppfølgingsinvesteringar i eksisterande portefølje i 2015.		
<b>Viktige planar dei komande åra</b>	Styret har fokus på arbeidet med å vidareutvikle selskapa i porteføljen. Fleire av selskapa er i tidleg utviklingsfase og Fjord Invest Såkorn har ei variert portefølje når det kjem til fordeling av investert kapital på ulikebransjar. Dette kan bidra til at fondet er mindre sårbart i høve utfordringar i enkelte bransjar, men det er likevel viktig å understreke at investeringsmandatet til fondet medfører høg risiko.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling: Målet med eigarskapen er å vidareutvikle Fjord Invest Såkorn AS som eit viktig regionalt investeringsselskap for nyestablerte bedrifter. Gjennom eigarskapen i selskapet bidreg fylkeskommunen indirekte med kapital for å skape ny verksemd i fylket. Dette er ei langsliktig investering for fylkeskommunen, som også vil kunne bety ytterlegare kapitaltilførsel.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøylenleg?</b>	Investeringa i selskapet er grunngjeven i selskapet si rolle som regionalt investeringsselskap for bedrifter i ein tidleg fase. Det er mangel på investorkapital i fylket og selskapet har ei viktig rolle med omsyn til etablering og utvikling av nye selskap. Fylkeskommunen sin investering var viktig for å få selskapet etablert. Det er viktig at fylkeskommunen her opptrer som langsliktig eigar.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## Fjord Norge AS

<b>Føremål</b>	Selskapet har ikkje erverv som føremål. Internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Selskapet har også anledning til å drive internasjonal marknadsføring. Det skal særskilt arbeidast for å utvikle eit heilårleg reiseliv (endra på ordinær generalforsamling 31.05.16)
<b>Etablert</b>	01.02.1993
<b>Aksjekapital/</b>	Fylkeskommunal eigarprosent: 8,9

<b>Fylkeskommunal eigardel</b>	74 aksjar pålydande 5000 kr, totalt pålydande 370 000 kr.		
<b>Forretningskontor</b>	Bergen		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtekter, sist endra på generalforsamling 31.05.16.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje kjend.		
<b>Generalforsamling</b>	Aksjonærane utgjer generalforsamlinga. Fylkesordføraren er eigarutsendig. Ingen frå fylkeskommunen møtte på generalforsamling i 2016.		
<b>Val av styre</b>	Styret består av 9 medlemmar som blir valde for 2 år av gongen. Fylkeskommunane peikar ut éin medlem kvar. Generalforsamlinga vel styreleiar.  Selskapet har ein valkomité sett saman av 4 medlemmar, ein frå kvart fylke.		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2016 er styret sett saman slik: Styreleiar Terje Devold, Elisabeth Bakken, Hilde Gunn Bjelde, Ole Warberg, Elisabeth Saupstad, Erik Berg, Ragna Brenne Bjerkeset, Mona Hellenes og Endre Høgalmen. Sistnemnde er peika ut av fylkeskommunen.  Valkomité: Kjetil Smørås (leiar) (2016-2017), Roar Harsvik(2016-2017), Janne Johnsen (2017-2018) og Sigurd Kvikne (2016-2017).		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiar godtgjersle i 2015</b>	Godtgjersle for styret: - Reisekostnader etter rekning - Diettgodtgjersle for reie til/frå styremøta (staten sine satsar) - Styreleiar 53 475 kr per år - Styremedlemmar: 3 743 kr per møte Lønn og anna godtgjersle til dagleg leiar: 1 072 935 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Gabrielsen Revisjon AS		
<b>Adresse</b>	Torggaten 3, 5014 Bergen		
<b>Telefon/faks</b>	55302640		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:info@fiordnorway.com">info@fiordnorway.com</a>		
<b>Nettstad</b>	<a href="http://www.fiordnorway.com">www.fiordnorway.com</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	46 991	47 653	42 830
Driftsresultat	277	532	145
Resultat etter skatt	6	2	37
Totalkapitalrentabilitet	-1 %	5 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	11 %	10 %	12 %
Eigenkapitalprosent:	43 %	33 %	47 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har eitt overskot på 37 196 kr i 2015. Selskapet har ikkje mål om profittmaksimering og resultatet svarar difor til eit normalt rekneskapsår.  Dei fire fylkeskommunane på vestlandet bidrog i 2015 med tilskot på 12,074 mill. kr. Dette er ein reduksjon på om lag 4 mill. kr i høve 2014. Likviditeten og soliditeten er tilfredsstillande.		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	Føremålsparagrafen vart endra på ordinær generalforsamling i mai 2015. I tillegg vart det tatt inn reglar om utbytte og likvidasjon i vedtekten. Det skal ikkje delast ut utbytte til aksjonærane.  2015 blei det hittil beste internasjonale reiselivsåret i Fjord Norge-regionen. Landsdelen har aldri hatt fleire internasjonale gjestedøgn, og regionen har aldri før hatt fleire internasjonale turistar.  Mange har vist til ei svak norsk krone for å forklare veksten, men Fjord		

	<p>Norge AS syner også til at selskapet på vegner av regionen dei siste fem åra har investert nærmere 300 mill. kr i å marknadsføre og selje Fjord Norge-regionen internasjonalt.</p> <p>Fjord Norge har i 2015 konsentrert seg om den internasjonale ferie- og fritidsmarknaden.</p> <p>Også i 2015 var Fjord Norge-regionen på topp i fleire internasjonale kåringar.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>For at reiselivet skal stå fram som ein av dei viktigaste framtidsnæringane på Vestlandet skal Fjord Norge arbeide med følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-profesjonalisere og utvikle den kommersielle delen av distriktsnæringa</li> <li>-berekraftig perspektiv og fellesgodefinansiering for reiselivsutviklinga</li> <li>-sikre moglegheit for heilårsturisme gjennom betre infrastruktur og lengre opningstider.</li> </ul> <p>I 2015 utvikla selskapet ein ny digital plattform. Arbeidet med å digitalisere marknadsarbeidet og utvikle kompetansen i organisasjonen innan dette feltet, er ei sentral prioritering for selskapet i åra framover.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling og fylkeskommunale fellestiltak
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Selskapet er eit fellestiltak mellom fylkeskommunar på vestlandet. Selskapet driv internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet til Sogn og Fjordane. Som eit ledd i å vere regional utviklingaktør er det føremålstenleg å vere eigar i selskapet saman med dei andre fjord-fylkeskommunane på vestlandet.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Framtidsfylket AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, drifte nettportalen <a href="http://framtidsfylket.no">framtidsfylket.no</a> og anna rekrutteringsarbeid som i vid forstand skal vere i verksemder si interesse. Selskapet er eit felles verktøy for alle verksemder i Sogn og Fjordane, og har difor som målsetjing å vere eit non-profit selskap som arbeider for fellesskapet.
<b>Etablert</b>	01.02.2008
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 2,8 Aksjane sin pålydande verdi: 18 298,63 kr. Andre eigarar er privat næringsliv i fylket, tre sparebankar i fylket, Stiftinga Vestlandsforskning, Lotteri- og stiftningstilsynet, NHO Sogn og Fjordane og Sunnfjord Næringsråd. Framtidsfylket har også eigne aksjar.  Selskapet sin aksjekapital er 658 750 kr fordelt på 612 aksjar, kvar lydande på 1 076,39 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 19.07.2009.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Selskapet er aktive i prosjekt «Samfunnsansvar», og er aktuelle som nære samarbeidspartnarar der. Selskapet omtalar ikkje etiske retningslinjer og samfunnsansvar i årsmeldinga.
<b>Generalforsamling</b>	Generalforsamlinga består av aksjonærane. Her gjev kvar aksje ei røyst. Aksjeeigarane har rett til å møte med fullmektig.  Jan Heggeheim er eigarutsendig, og møtte på generalforsamlinga i 2015.
<b>Val av styre</b>	Generalforsamlinga vel valkomité. Styret skal bestå av 5-7 medlemmar. Styreleiar blir vald på generalforsamlinga. Aksjeeigarar i form av private bedrifter, organisasjonar som spring ut frå private bedrifter eller organisasjonar som private bedrifter eig, skal ha fleirtal i styret.
<b>Styresamsetning</b>	Etter generalforsamling i 2016 består styret av:

	Leon Bakkebø, styreleiar, Sparebaken Sogn og Fjordane (attval som styreleiar i 1 år til) Randi Paulsen Humborstad (på val i 2017) Kjetil Kvåle, Kunnskapsparken (på val i 2017) Jannicke Lindvik, SFE (på val i 2018) Inger Johanne Osland (på val i 2017) Finn Ove Øen (fastmøtande vara, ny, på val i 2018) Etter generalforsamlinga i 2016 består valnemnda av: Arvid Andenæs (leiar), Rolf Domstein og Trine Lerum.		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiar godtgjersle i 2015</b>	Inga styregodtgjersle. Honorar for arbeid med prosjekt og oppgåver utover vanleg styrearbeid kan avtalast med dagleg leiar. Dagleg leiar: 695 708 kr. Anna godtgjering: 60 292 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb 600, 6804 Førde		
<b>Telefon/faks</b>	913 21 392		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:gro@framtidfsfylket.no">gro@framtidfsfylket.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.framtidfsfylket.no">www.framtidfsfylket.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	4 728	4 167	4 838
Driftsresultat	37	-9	73
Resultat etter skatt	44	-3	74
Totalkapitalrentabilitet	3 %	-0,1 %	5 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	20 %	18 %	26 %
Eigenkapitalprosent:	73 %	69 %	73 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Rekneskapen for 2015 syner eit overskot på 73 866 kr. Dette er ei betring i høve 2014.</p> <p>Selskapet har som målsetjing å vere eit non-profit selskap. Per i dag kjem inntektene frå betalingstenester på Framtidfsfylket.no, eigenandel frå traineebedrifter og sal av tenester til prosjektet «Framtidfsfylket karrieremesser». «Framtidfsfylket karrieremesser» er eit separat prosjekt som blir finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, regionråda i fylket og standsal. Grunnfinansieringa av aktivitetane utanom messene kjem frå Stiftinga REKOMP.</p> <p>Eigenkapitalprosenten og arbeidskapitalen er god.</p>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Aktiviteten i 2015 var i tråd med tidlegare år, med sterkt fokus på eigne karrieremesser, samt deltaking på andre viktige rekrutteringsmesser, koordinering og marknadsføring av selskapet si regionale traineeordning (Framtidfsfylket Trainee) og ikkje minst høg aktivitet mot målgruppene på nett (portolen til Framtidfsfylket og høg aktivitet på sosiale medium).</p> <p>I tillegg vart mykje tid brukt til å produsere eit eige høgkvalitetsmagasin til distribusjon på karrieremesser, samt til utdeling internt i fylket på festivalar, kafear og liknande. Nettportalen <a href="http://framtidfsfylket.no">framtidfsfylket.no</a> vart flytta over på ein ny plattform.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Fortsette drifta i tråd med tidlegare år.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling: Fylkeskommunen vart aksjonær hausten 2009 etter ein retta emisjon i selskapet. Grunngjevinga for å gå inn på eigarsida var at selskapet allereie var ein viktig samarbeidspartner for fylkeskommunen, samt at selskapet oppfyller dei kriteria som fylkeskommunen har for eigarskap i selskap. Selskapet bidrar til å skaffe kompetent arbeidskraft til næringslivet og offentlege etatar i fylket.		

<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Sidan selskapet arbeider for å løyse ei av dei større utfordringane til fylket - rekruttering av høgt utdanna arbeidskraft - er eigarskapen vurdert som føremålstenleg.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Gulen og Masfjorden Utvikling AS

<b>Føremål</b>	Selskapet har som føremål å legge til rette for auka næringsverksemد i kommunane Gulen og Masfjorden. Selskapet skal ved å vere ein pådrivar og koordinator for private aktørar, medverke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet. Selskapet skal vidare vere ein koordinator for offentlege midlar til næringsarbeid, og vere ein pådrivar for at næringslivet skal få ei god kunnskaps- og teknologisk utvikling. Selskapet kan drive kjøp/sal og ha anna verksemد i samband med dette. Selskapet kan delta i andre selskap med liknande verksemد. Selskapet skal ha eit nært samarbeid med Gulen/Masfjorden Næringsråd.		
<b>Etablert</b>	27.06.2008		
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 22,42. Aksjane sin pålydande verdi: 1 156 250 kr.  Andre eigarar er Gulen kommune, Masfjorden kommune, Hordaland fylkeskommune og SIVA.  Selskapet sin aksjekapital er på 5 156 250 kr fordelt på 20 625 aksjar à 250 kr og lydande på namn.		
<b>Forretningskontor</b>	Gulen kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtekten, sist revidert 09.06.2016.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje rapportert om.		
<b>Generalforsamling</b>	Eigarane utgjer generalforsamlinga. Innkalling til ordinær generalforsamling skal vere sendt ut seinast 14 dagar før.  Fylkesordføraren er utsending til selskapet. Fylkesvaraordføraren møtte på generalforsamling i 2016.		
<b>Val av styre</b>	Styret skal bestå av 3-9 personar som vert valde for eitt år om gangen. I tillegg kan det veljast 1 til 3 vara. Minst 50% av styremedlemmane skal veljast frå næringslivet i Gulen og Masfjorden kommunar. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar.  I 2016 vart vedtekten endra slik at selskapet skal ha ei valnemnd som gir tilråding i samband med val av styremedlemmar. Valnemnda skal bestå av tre eller fleire medlemmar som vert valde av generalforsamlinga med ei tenestetid på to år. Generalforsamlinga vel leiar i valnemnda. Generalforsamlinga vedtek instruks for valnemnda.		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2016 er styret samansett slik: Styreleiar Marit Austgulen Wick, Nestleiar Karstein Totland, Hallvard Oppedal, Audhild Schaathun, Hans-Martin Martinussen, Steinar Østerbø, Arve Hatlevik. Schaathun er peika ut av Sogn og Fjordane fylkeskommune.		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiars godtgjersle i 2015</b>	-Styreleiar: 20 000 kr -Styremedlemmar: 15 000 kr. -Representantane frå kommunane Gulen og Masfjord avstår frå å få styrehonorar. -Dagleg leiar si lønn i 2015: 537 550 kr til dagleg leiar, andre godtgjersler 5257 kr.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen		
<b>Revisor</b>	Bjørgvin Revisjon AS		
<b>Adresse</b>	Sløvåg, 5960 Dalsøyra		
<b>Telefon/faks</b>	57 78 18 32		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:solveig@gmu.no">solveig@gmu.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://gmu.no/">http://gmu.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>

Sum driftsinntekter	1 361	794	865
Driftsresultat	-76	-149	- 160
Resultat etter skatt	432	362	169
Totalkapitalrentabilitet	3 %	2 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	923 %	1 628 %	1 515 %
Eigenkapitalprosent:	99 %	99 %	99 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	I 2015 hadde selskapet eit driftsresultat på - 0,160 mill. kr. Renteinntekter utgjer 0,379 mill. kr og resultat etter skatt vert 0,169 mill. kr. Overskotet vert føreslege overført til annan eigenkapital.  I 2015 har selskapet motteke driftstilskot frå Gulen kommune på 535 500 kr og frå Masfjorden kommune på 250 000 kr.  Selskapet har ikkje langsiktig gjeld. Kortsiktig gjeld utgjer 0,2 mill. kr og omløpsmidlar er 13,3 mill. kr. Dette gir ein svært god arbeidskapital. Eigenkapitalen er på 16,5 mill. kr, og utgjer 99 % av totalkapitalen. Selskapet syner difor ein svært god soliditet.		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	Vedtektene vart endra slik at selskapet skal ha ei valnemnd som gir tilråding i samband med val av styremedlemmar. Generalforsamlinga har vedteke instruks for valnemnda.  GMU arbeidde i 2015 etter handlingsplanen som vart oppdatert i 2014. Det viktigaste arbeidet i 2015 var profilering av regionen. GMU hadde fleire ulike arrangement knytt til arbeid, bustad og fritid, m.a. «Møt spydspissane i Gulen og Masfjorden» og «Bli spydspiss i Gulen og Masfjorden». I november arrangerte GMU jobbmessa saman med NAV. Gass til Gulen har vore sterke attende på agendaen til GMU siste året. GMU arrangerte som vanleg næringskonferanse i 2015. Vidare utførte GMU fakturering og anna adm. arbeid for Næringsrådet. Dagleg leiar deltok på eit mangfald av messer, konferansar, møte og arrangement knytt til handlingsplan og etter ønske frå eigarkommunane. GMU rettleia 18 bedrifter med etablering av selskap, søknad om støtte, budsjett, ideutvikling og marknadsføringstiltak.		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	GMU har etablert eit tettare samarbeid med kommunane, og får positive attendemeldingar om arbeidet som blir gjort. I samsvar med eigarane sitt ønskje er den viktigaste oppgåva profilering av regionen. Etablerarrettleiring er også viktig arbeid for selskapet.  GMU er lokalisert i Sløvåg Næringsbygg. I løpet av sitt første driftsår har bygget nesten fylt opp lokala. For GMU er det positivt å vere tilknytt miljøet i Gulen Industrihamn, og å vere lokalisert midt i regionen. Dette gjer GMU meir tilgjengeleg for dei fleste.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling: Eigarskapen i selskapet er i samsvar med fylkeskommunen sitt mål om å bidra til regional næringsutvikling. Selskapet bidrar til styrking av næringsgrunnlaget i Gulen/Masfjorden. Fylkeskommunen har hatt eit engasjement i utviklinga av naturgassbasert industri i Sløvåg og har også på den måten bidrege til å styrke næringsgrunnlaget generelt i denne delen av fylket.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøyning?</b>	Selskapet arbeider med næringsutvikling og samsvarer i utgangspunktet med eitt av kriteria for fylkeskommunalt eigarskap.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## Innovasjon Norge AS

<b>Føremål</b>	Selskapet er eit særlovselskap. Selskapet sitt føremål er å vere staten og fylkeskommunane sitt verkemiddel for å realisere verdiskapande næringsutvikling i heile landet, og bidra til å utvikle ulike distrikt og regionar sine næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering. Innovasjon Norge skal samarbeide med Sametinget om næringsutvikling i samiske område.
----------------	--

<b>Etablert</b>	19.12.2003		
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 2,58 %. Innskoten kapital frå fylkeskommunen: 505 474 kr.</p> <p>Selskapet er eigd av staten med 51 % og av fylkeskommunane med ein eigardel på til saman 49 %. Kvar fylkeskommune har like stor eigardel.</p> <p>Den totale innskotskapitalen i selskapet er 19 600 000 kr. Staten sin innskotskapital er 10 000 000. Fylkeskommunane sin innskotskapital er til saman og likt fordelt 6 600 000 kr.</p>		
<b>Forretningskontor</b>	Oslo kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Lov om Innovasjon Norge av 19.12.03 nr. 130.		
<b>Rammer</b>	Vedtekten datert 19.12.03, revidert 21.06.05, 17.12.09, 18.06.13, 18.06.14 og 05.07.16. Strategiplan 2016-2020.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Selskapet er tilknytt FNs Global Compact og følgjer GC sine ti prinsipp for godt samfunnsansvar. Prinsippnotat om samfunnsansvar vedteke i 2011. Selskapet har etiske retningslinjer og varslingsrutinar.		
<b>Føretaksmøte</b>	<p>Eigarane møter på føretaksmøte. Hovudstyret i selskapet førebud saker til føretaksmøte.</p> <p>Det er krav til simpelt fleirtall av innskotskapitalen som er representert i føretaksmøte, dersom ikkje eit anna fleirtalskrav følgjer av vedtekten.</p> <p>Fylkesordføraren er utsending. Jan Heggheim møtte for fylkeskommunen på føretaksmøtet i 2016.</p>		
<b>Val av styre</b>	Hovudstyret skal ha maksimalt 9 medlemmar, ekskl. dei tilsette sine representantar. Medlemmane si funksjonstid er to år med moglegheit til å forlenga. Val vert førebudd av ein valkomité. Aksjelova sine føresegner om representasjon av begge kjønn i styrer skal følgjast, jf. asl. § 20-6.		
<b>Styresamansetning</b>	<p>Etter generalforsamlinga i 2016 er hovudstyret sett saman slik:</p> <p>Per Otto Dyb (styreleiar), Jørand Ødegård Lunde (nestleiar), Arvid Andenæs, Kim Daniel Arthur, Kristin Misund, Helene Falch Fladmark, Wenche Kjølås, Jan Løkling og Heidi Wang. Funksjonstid er 2016-2018.</p> <p>Valkomité: Ingelise Arntsen (leiar), Gunn-Marit Helgesen, Arne Benjaminsen.</p> <p>Jenny Følling og Hilmar Høl er leiar og medlem i styret i Innovasjon Norge avd. Sogn og Fjordane.</p>		
<b>Styregodtgjersle 2016 og dagleg leiars godtgjersle i 2015</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Styreleiar: 297 000 kr pr. år</li> <li>-Nestleiar: 178 000 kr pr. år</li> <li>-Andre styremedlemmar: 148 000 kr pr. år</li> <li>-Tilsette sine representantar: 95 500 kr pr. år,</li> <li>-Tilsette sine vara: 4 750 pr. møte</li> <li>-Medlem av valkomiteen: 3 600 kr pr. møte.</li> <li>-Løn dagleg leiar: 2 504 000 kr. Anna godtgjersle: 12 000</li> </ul>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 448 Sentrum, 0104 Oslo		
<b>Telefon/faks</b>	22 00 25 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@innovasjonnorge.no">post@innovasjonnorge.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.innovasjonnorge.no">www.innovasjonnorge.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(mill. kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Sum driftsinntekter	1 276	1 322	1 231
Driftsresultat	-191	-104	-156
Resultat etter skatt	164	298	263
Totalkapitalrentabilitet	2 %	3 %	2 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	1 %	2 %	2 %

Arbeidskapital i % av driftsinntekter	60 %	76 %	81 %
Eigenkapitalprosent*:	14 %	14 %	15%
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Driftsinntektene i 2015 er på 1 231 mill. kr. Dette er ein reduksjon i høve 2014 og skuldast noko lågare aktivitet i 2015, samt reduserte inntekter frå brukarbetalte tenester.</p> <p>Rekneskapen viser eit overskot på 263 mill. kr. Frå fond for risikolån og garantiar vert det overført om lag 18,6 mill. kr til eigarane, av dette får Sogn og Fjordane fylkeskommune 1,513 mill. kr.</p> <p>Eigenkapitalprosenten er på 15 %. Arbeidskapitalen i prosent av driftsinntekter er styrka og syner god likviditet, medan lønnsemd og sjølvfinansiering i prosent av driftsinntekter ligg stabilt.</p>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Innovasjon Norge bidrog med 6,1 milliardar kroner til næringslivet i 2015. Midlane utløyste investeringar på til saman 16,3 milliardar kroner. Utviklinga med auke i innovasjon på internasjonalt nivå fortsette i 2015. 2,2 milliardar kroner gjekk til prosjekt med innovasjon på internasjonalt nivå i 2015, mot 1,3 milliardar kroner i 2013.</p> <p>Statsbudsjettet 2016 innebar ytterlegare økte midlar til satsing på fleire gode gründerar, vekstkraftige bedrifter og innovative næringsmiljø i ei krevjande omstillingstid.</p> <p>Innovasjon Norge vedtok i desember 2015 revidert strategi for selskapet. Strategien gir retning og prioriteringar for selskapet fram mot 2020 i ei tid der Noreg står overfor store omstillingar.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Innovasjon Norge sin nye strategi har seks bodskap som gir retninga for arbeidet frem mot 2020:</p> <p><i>1 Vi skal prioritere områder hvor Norge har internasjonale konkurransefortrinn</i></p> <p><i>2 Vi skal prioritere utfordrarne og nye globale vekstbedrifter</i></p> <p><i>3 Vi skal styrke entreprenørskapskultur og samarbeid for å skape framtidens jobber</i></p> <p><i>4 Vi skal utvikle en sterk nasjonal merkevare for økt konkurransekraft</i></p> <p><i>5 Vi skal utløse verdiskaping basert på regionale fortrinn</i></p> <p><i>6 Vi skal gi råd og kunnskapsgrunnlag om fremtidsrettet innovasjons og næringspolitikk</i></p> <p>I 2016 gjorde Stortinget vedtak om endringar i lov om Innovasjon Norge, m.a. vart føresegna om at selskapet skal ha regionale styre oppheva. På denne bakgrunn oppheva eigarane i Innovasjon Norge AS vedtekten § 12 og 13 om regional styre.</p> <p>Fylkeskommunane arbeider no saman med leiinga i Innovasjon Norge for å etablere nye regionale styringsorgan. Desse vil ikkje ha same funksjon som dagens regionale styre med tanke på søknadsbehandling osv. Dei nye regionale styringsorgana skal ha ein meir strategisk funksjon for prioritering av Innovasjon Norge sin verkemiddelbruk i forhold til aktuelle regionale utfordringar. Denne regionale tilpassinga er heimla i lova §11.</p>		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Innovasjon Norge er ein viktig reiskap i næringsutviklinga i Noreg og i Sogn og Fjordane.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Det har ikkje skjedd endringar per dags dato som tilseier at det skal skje endring i eigarskapen. Fylkeskommunalt eigarskap er framleis føremålstenleg.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## Kunnskapsparken Sogn og Fjordane AS

<b>Føremål</b>	Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyestablering innafor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt og å få nasjonalt kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket.
----------------	--

	<p>Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og forretningsidear med stort potensiale.</p> <p>Selskapet skal gjennom det nasjonale SIVA nettverket for innovasjon og nyskaping, fungere som eit nav med næringshagane i det lokale nettverket for oppnå meirverdi av den etablerte kunnskapen i fylket.</p> <p>Selskapet skal ha ein desentralisert oppbygning og gjennom formidling av idear og kompetanse initiere og medverke til nyskaping og omstilling i næringslivet i fylket.</p> <p>Selskapet kan eige aksjar i andre selskap og gå inn med kapital i nyestabliserte bedrifter og bedrifter som er i ein utviklingsfase, og skal gjennom slike investeringar og forløpende prosjektoppdrag, også oppnå lønsemeld for selskapet. Selskapet skal ha ein innløysingsavtale for aksjeinvesteringane.</p>		
<b>Etablert</b>	06.07.2001		
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 38,17. Eigaposten sin pålydande verdi: 2 500 000 kr.</p> <p>Andre eigarar: Fjord Invest Såkorn AS, SIVA; Sogndal kommune og Stryn Næringshage.</p> <p>Aksjekapitalen er på 6 550 000 kr fordelt på 6 550 aksjar à 1000 kr fullt innbetalt og lydande på namn.</p>		
<b>Forretningskontor</b>	Sogndal kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 10.09.2004. Strategiplan 2013-2015, sist oppdatert 7.5.2013.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Verdigrunnlaget for selskapet er omtala i strategiplanen.		
<b>Generalforsamling</b>	Ikkje noko særskilt regulert.  Leiar i hovudutval for næring og kultur er eigarutsending. Hilmar Høl møtte med fullmakt på generalforsamling i 2016.		
<b>Val av styre</b>	<p>Styret skal vere sett saman av 5 til 7 medlemmar.</p> <p>Selskapet har valkomité. Komiteen skal i tillegg til innstilling av styre, også ta stilling til honoraret til styret.</p>		
<b>Styresamansetning</b>	<p>Etter generalforsamlinga i 2016: Vidar Grønnevik (vald for 2 år i 2015) (attvald som styreleiar for 1 år), Hjørdis Vik (vald for 2 år i 2015), Erik Kyrkjebø (vald for 2 år i 2015), Terje Laberg (attval - 2 år), Ulf Hustad (attval - 2 år), Audhild Schaathun (attval - 2 år). Varamedlem: Astrid Hove (vald for 2 år i 2015)</p> <p>Etter generalforsamlinga i 2016 er valkomiteen sett saman slik: Karen Marie Hjelmeseter, leiar (ny, vald for 2 år), Aud Ingrid Espeland, (attval - 2 år), Jarle Aarvoll (vald for 2 år i 2015)</p>		
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	<p>-Styreleiar: 35 000 kr pr. år + 2 500 kr pr. møte -Andre styremedlemmar: 7 000 kr pr. år + 2 500 kr pr. møte -Lønn dagleg leiari: 740 021 kr, anna godtgjersle 37 803 kr, pensjonskostnader 25 930 kr.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	PricewaterhouseCoopers AS		
<b>Adresse</b>	Fosshaugane Campus, Trolladalen 30, 6856 Sogndal		
<b>Telefon/faks</b>	95 20 65 74		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:kjetil@kpsf.no">kjetil@kpsf.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://kpsf.no/">http://kpsf.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Sum driftsinntekter	7 173	6 598	6 652
Driftsresultat	59	- 269	- 64

Resultat etter skatt	83	- 230	4
Totalkapitalrentabilitet	2 %	-3%	0,1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	95 %	98 %	97 %
Eigenkapitalprosent:	90 %	88 %	89 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet har eit negativt driftsresultat i 2015 på - 64 156 kr, før finansinntekter. Årets resultat etter finans er på 3 869 kr, og vert overført til annan eigenkapital. Sett i lys av formålet med selskapet, er resultatet tilfredstillande.</p> <p>Selskapet sin likviditet og soliditet er god.</p>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Selskapet er engasjert i ulike prosjekt med ulik varigheit, og i ulike roller. Døme på dette er NYBROT, SPV-fondet, Deadflow til Fjord Invest og utvikling av konsept og strategi for etablering av bransjeuavhengige nærings- og kunnskapsklynger.</p> <p>I 2015 har selskapet fortsatt arbeidet med å få på plass ei ordning med pre-såkornfond. Fondet skal gjøre det lettare for nye bedrifter å hente inn risikovilleg eigenkapital. I sak 38/15 sette fylkestinget av 1,5 mill. til etablering av eit slikt såkornfond.</p> <p>Selskapet er framleis ein del av SIVA` s inkubatornettverk. I løpet av 2015 har Kunnskapsparken hatt 20 verksemder i inkubasjon. Selskapet har vurdert 62 forretningsidear for opptak i inkubator.</p> <p>Kunnskapsparken har jobba tett med Høgskulen for å avklare kommersialiseringss- og rettighetspolitikk. Ny samarbeidsavtale med Høgskulen er under utarbeiding.</p> <p>Kunnskapsparken har signert samarbeidsavtale med Helse Førde. Kunnskapsparken skal vere kommersialiseringsaktør for forskingsbasert- og anna nyskaping, samt bistå Helse Førde med å identifisere, registrere, og vidareutvikle idear og forskingsresultat med kommersielt potensial. Kunnskapsparken er alt i gong med å vurdere to konkrete prosjekt/idear ved Helse Førde, i tillegg til Fjordomics-prosjektet der dei har vore involvert sidan 2013.</p>		
<b>Viktige planar for dei komande åra</b>	<p>Det er utarbeida skipingsdokument, vedtekter og aksjonæravtale for pre-såkornfondet. Fylkesutvalet og fylkestinget skal etter planen vurdere saka om kjøp av aksjar i pre-såkornfondet, i september og oktober.</p> <p>Delar av finansieringa av inkubatorordninga blir finansiert gjennom INU-ordninga (kompensasjonsordning for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift). Ordninga er varsla avvikla. Generalforsamlinga har bede selskapsleininga om å førebu/legge til rette for framtidige finansieringskjelder av inkubatorordninga.</p> <p>Kunnskapsparken har eit uforløyst potensiale knytt til spin-offs og knoppskyting i etablert næringsliv, samt ideutvikling innan akademia og helse. Selskapet vil jobbe målretta med desse områda i 2016, jamfør ny strategiplan og handlingsplan.</p>		
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Næringsutvikling: Gjennom sin eigarskap i selskapet og Fjord Invest Såkorn AS har fylkeskommunen vore utløysande for å etablere ein reiskap for nyskaping og utvikling i regionen. Saman med investering i Fjord Invest Såkorn AS er investeringa i Kunnskapsparken viktig med omsyn til å skape nye verksemder i fylket.</p>		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Eigarskapen i selskapet er framleis føremålstenleg då selskapet har etablert seg som ein god aktør i FoU-miljøet, inkl. Høgskulen. Vidare har fylkeskommunen som eigar ei viktig rolle i den partnarskapen som finansierer selskapet.</p>		
<b>Tilråding</b>	<p><b>Vidareføre eigarskapen.</b></p>		

## Lutelandet Utvikling AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å arbeide for utnytting av Lutelandet som industriføremål.		
<b>Etablert</b>	26.05.2005		
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 48 . Aksjane sin pålydande verdi: 768 000.</p> <p>Andre eigarar er Fjaler kommune (34 %), Askvoll kommune (6 %), Hyllestad kommune (6 %) og Solund kommune (6 %).</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er kr 1 600 000,- fordelt på 1 600 aksjar à kr 1 000,-, fullt innbetalt og lydande på namn.</p> <p>Etter § 11 i vedtektena er det avgrensingar i omsetning av aksjane.</p>		
<b>Forretningskontor</b>	Fjaler kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtektena av 4.11.2010		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Er ikkje omtala i årsmeldinga.		
<b>Generalforsamling</b>	<p>Følgjer reglane om generalforsamling i aksjelova.</p> <p>Fylkesordføraren er eigarutsending, og møtte på generalforsamlinga i 2015.</p>		
<b>Val av styre</b>	<p>Etter vedtektsendring i 2016 skal styret bestå av 3-5 medlemmar.</p> <p>Fylkeskommunen peikar ut minst ein representant.</p> <p>Selskapet har valkomité.</p>		
<b>Styresamansetning</b>	<p>Etter generalforsamling i 2016:</p> <p>Styreleiar Arve Helle, Karen Marie Hjelmeseter (SFFK), Audun Erik Sunde (SFFK), Bjørn Klausen, Leonora Laukeland Kleiven.</p>		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiars godtgjersle i 2015</b>	<p>-Styreleiar: 146 200 kr</p> <p>-Nestleiar: 15 % av leiar sitt honorar.</p> <p>-Andre styremedlemmar: 10 % av leiar sitt honorar</p> <p>-Dagleg leiar: 404 598 kr, andre godtgjersler: 832 kr.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Selskapet har eit fylkeskommunalt lån på kr 1,7 millionar. Lånet skal betalast ned over dei komande 2 åra.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	c/o Fjaler Næringsutvikling, Dale Senter, 6963 Dale i Sunnfjord		
<b>Telefon/faks</b>	57 73 63 22		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:arve@lutelandet.no">arve@lutelandet.no</a> / <a href="mailto:post@lutelandet.no">post@lutelandet.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://lutelandet.no/norsk/">http://lutelandet.no/norsk/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	2 721	2 646	1 374
Driftsresultat	53	124	-991
Resultat etter skatt	-8	65	-313
Totalkapitalrentabilitet	0 %	0 %	-1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-1 %	5,4%	-39 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-37 %	-50 %	-152 %
Eigenkapitalprosent:	93 %	94 %	93 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Inntektena til selskapet kjem frå salsinntekter og inntekter knytt til at Lutelandet Utvikling AS står for administrasjon og utviklingsarbeid for datterselskapet Lutelandet Egedom AS. Driftsinntektene er vesentleg redusert i 2015 i høve 2014. Drifta har i stor grad vore prega av danninga av HAFS Utvikling AS og omdanning av Lutelandet Utvikling AS. Samla sett har driftskostnadane i 2015 halde seg på same nivå som 2014.</p> <p>Den finansielle stillinga til selskapet er svekka i høve 2014. Underskotet er på 312 687 kr. Arbeidskapitalen er svak.</p> <p>Den sterke eigenkapitalen i selskapet kjem i hovudsak frå verdien på aksjane i Lutelandet Egedom AS, som er bokført til 49,5 mill. kr. I tillegg har Lutelandet Utvikling AS ført opp ein aksjekapital i HAFS</p>		

	Utvikling AS på 50 000 kr.
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Utviklingselskapet HAFS Utvikling AS vart skipa som eit datterselskap av Lutelandet Utvikling AS i januar 2015. Føremålet er at datterselskapet skal overta Lutelandet Utvikling AS si rolle som næringsutviklingselskap, og utvider verkeområdet til heile HAFS-regionen.</p> <p>Drifta i Lutelandet Utvikling AS har vore prega av skipinga av HAFS Utvikling AS, og omdanninga av Lutelandet Utvikling AS. Det har også vore nytta store ressursar på vurderingar av skattemessige konsekvensar av dei avgjerdene som skulle takast.</p> <p>Lutelandet Eigedom AS vart skipa som eit datterselskap av Lutelandet Utvikling AS i 2008. Selskapet har kjøpt grunnen som er regulert til industriformål. Industriarealet er leidt- og festa bort til LLOF Site &amp; Dry Dock AS.</p> <p>NVE har gitt konsesjon til vindkraftanlegget på Lutelandet. Lutelandet Eigedom AS har overført retten til å drive vindkraftanlegget på Lutelandet til Lutelandet Energipark AS.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Det britiske selskapet Veolia skal demontere YME-plattforma ved industriområdet på Lutelandet. Dette blir det første konkrete oppdraget for ei industrisatsing på Lutelandet.</p> <p>Nettverksbygging innanfor definerte bransjar er eit fokus for selskapet. Målet er å sikre aktivitet på området.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Selskapet er eit reint utviklingselskap som skal verke for utnytting av Lutelandet i Fjaler som industriområde. Selskapet vart skipa i 2005 med fylkeskommunen som hovudaksjonær.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Selskapet arbeider med næringsutvikling og samsvarer i utgangspunktet med eitt av kriteria for fylkeskommunalt eigarskap.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Njøs Næringsutvikling AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å drive med rådgjeving og produkt-/marknadsutvikling. Selskapet skal leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt. Vidare skal selskapet kunne investere i andre selskap i same bransje.
<b>Etablert</b>	29.08.2007
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 22,2 Aksjeposten sin pålydande verdi: 100 000 kr.</p> <p>Andre eigarar: Graminor AS, Gartnerhallen, Lerum AS, Innvik frukt lager, Sognefrukt, Lærdal grønt, Vangsnæs frukt lager, Luster grønt, Sognabær og Gloppen produsentlag.</p> <p>Selskapet sin aksjekapital er på 450 000 kr fordelt på 45 aksjar á 10 000 kr fullt innbetalt og lydande på namn.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 29.08.2007.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Vert ikkje omtala i årsmeldinga.
<b>Generalforsamling</b>	<p>Innkalling til generalforsamling skjer med minimum 14 dagars varsel.</p> <p>Fylkesrådmannen er eigarutsending frå fylkeskommunen. Trude Helen Flåten møtte med fullmakt på generalforsamling i 2016.</p>
<b>Val av styre</b>	Styret består av 3 til 6 medlemmar etter generalforsamlinga si nærmare avgjerd. Generalforsamlinga vel styret sin leiar ved særskilt val for eit år om gongen. Selskapet har valnemnd.
<b>Styresamansetning</b>	<p>Etter generalforsamlinga i 2016:</p> <p>Nina Heiberg (Styreleiar) (2 år – 1 år som styreleiar), Idun Christie (1 år), Jens Terje Hammervoll (2 år), Eyvind Reme (2 år), Gro Lerum Bondevik (1 år), Anders Voll Eitun (1 år)</p>

	Valnemnd: Åslaug Stadheim (leiar -1 år) og John Elling Vereide (2 år).		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiars godtgjersle i 2015</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Styreleiar: 10 000 kr</li> <li>-Styremedlemmane: 5 000 kr</li> <li>-Møtegodtgjersle for alle: 1 700 kr pr. styremøte.</li> <li>-Telefonmøte: 500 kr pr. møte</li> <li>-Reiser skal refunderast etter staten sitt regulativ.</li> <li>-Dagleg leiar: 448 480 kr og pensjonsytingar 8 940 kr.</li> </ul>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Njøsavegen 5, 6863 Leikanger		
<b>Telefon/faks</b>	95 73 45 76		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@njos.no">post@njos.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.njos.no/">http://www.njos.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	4 307	5 143	5 486
Driftsresultat	65	277	203
Resultat etter skatt	27	205	182
Totalkapitalrentabilitet	4 %	10 %	8 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	28 %	26 %	28 %
Eigenkapitalprosent:	63 %	54 %	55 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Driftsinntekter og resultat i 2015 er om lag på linje med 2014. Årsresultatet er på 0,182 mill. kr og vert overført til annan eigenkapital. Eigenkapitalen utgjer 55 % av totalkapitalen. Selskapet har ingen langsiktig gjeld, men har ein kortsiktig gjeld på 1,556 mill. kr og omløpsmidlar på om lag 3,1 mill. kr. Arbeidskapitalen er difor god.		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	Det største prosjektet i 2015 var som i føregåande år vidareutvikling av Frukt- og bærklyngja i Sogn og Fjordane. Med bakgrunn i auka prosjektilgang, vart det tilsett to nye medarbeidarar i fast, full stilling.		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Selskapet er i gang med fleire nye prosjekt, mellom anna prosjekt innan økologisk frukt og bær og prosjekt innan klimatilpassing.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Næringsutvikling: Fylkeskommunen etablerte selskapet saman med Graminor AS, AL Gartnerhallen, Lerum AS og frukt-/bærmottaka i fylket i 2007. Etableringa vart gjort for å sikre vidareføring av det viktige FoU-miljøet på Njøs etter at Graminor trekte seg ut. Det var turvande med ei langsiktig satsing på kompetansebygging for å bidra til vekst/lønsemd i brukt- og bærnæringa i fylket. I FT-sak 54/06 vart det lagt opp til at fylkeskommunen skulle vere aktiv eigar i 5-10 år, for å sikre at selskapet får eit godt fagleg og økonomisk fundament.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Under handsaming av eigarmeldinga 2014 vedtok fylkestinget å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen. Fylkesutvalet fekk fullmakt til å godkjenne salsavtale. Prosessen er i gong, og fylkesutvalet vert orientert med løypemeldingar om arbeidet fram til salsavtale vert lagt fram for endeleig godkjenning.		
<b>Status</b>	<b>Fylkestinget har vedteke prosess for avvikling av eigarskapen.</b>		

## Opplæringsfartøy AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å eige og drive fiskefartøy på ideell basis etter aksjelova § 2-2 (2), hovudsakleg ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vgs. til bruk i opplæring. Avtalen med skulen gjeld for eitt år av gongen.
<b>Etablert</b>	05.03.2002
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 77. Aksjane sin pålydande verdi: 6 000 000 kr. Aksjekapitalen er 784 000 kr fordelt på 784 aksjar kvar lydande på 1 000 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Vågsøy kommune

<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 5.03.2002		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Årsmeldinga omtalar arbeidsmiljøet.		
<b>Generalforsamling</b>	Selskapet følgjer reglane i aksjelova, og har ikkje særskilde rammer for generalforsamlinga nedfelt i vedtekten.  Karianne Torvanger er eigarutsending frå fylkeskommunen, og møtte på generalforsamlinga i 2016.		
<b>Val av styre</b>	Selskapet sitt styre skal ha 3 medlemmar. To av styremedlemmane blir valde av personar som er føreslegne frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, medan éin styremedlem blir vald av personar som er føreslegne av Sogn og Fjordane Fiskarlag og Sogn og Fjordane Rederiforening i fellesskap.		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamling i 2016: Frode Kupen (leiar, SFFK), Kari Morvik (SFFK) og Geir Mange Røys (Sogn og Fjordane Fiskarlag og Sogn og Fjordane Rederiforening).		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiar godtgjersle i 2015</b>	- Godtgjersle til styreleiar og styremedlemmar følgjer satsane i «arbeidsvilkår for folkevalde, Gruppe 2». - Løn til dagleg leiar i selskapet: fakturert 118 750 kr inkl. mva frå sitt personlege selskap. Dagleg leiar har utført arbeid ifm. prosjekt «Nytt opplæringsfartøy».		
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Opplæringsfartøy AS har eit fylkeskommunalt lån på 1 mill. kr med forfall i 2016. Fylkestinget vedtok i sak 37/10 å gje selskapet eit rente- og avdragsfritt lån for ein periode på inntil 6 år. Lånet vart utbetalt i juni 2010.  I møte 23.08.16 vart fylkesutvalet orientert om at selskapet har bede om reforhandling av låneavtalen med fylkeskommunen. Fylkesrådmannen førebur sak om dette til tingseta i oktober.		
<b>Revisor</b>	EY AS		
<b>Adresse</b>	Gate 1 106, 6700 Måløy		
<b>Telefon/faks</b>	913 27 818		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:frode@seacon.no">frode@seacon.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	2 083	2 751	3 570
Driftsresultat	-684	537	154
Resultat etter skatt	-783	495	143
Totalkapitalrentabilitet	-16 %	15 %	5 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	4 %	56 %	32 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-2 %	- 27%	- 11 %
Eigenkapitalprosent:	4 %	17 %	21 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Driftsinntektene i 2015 syner ein god auke i høve 2014. Hovudårsaka til auken er at tilskotet frå fylkeskommunen har auka med 500 000 kr. I tillegg er fartøyet meir uteleigd, men uteiga har ikkje ført med seg særleg auke i netto resultat. Driftskostnadane syner ei stor auke frå 2014. Hovudårsaka til dette er klasse-kostnader som vart skyvd over nyttår frå 2014 til 2015.</p> <p>Årsresultatet for 2015 er 0,134 mill. kr, dette er 0,350 mill. kr lågare enn i 2014.</p> <p>I rekneskapen for 2015 er det sett av 0,450 mill. kr til mellomklassing i 2017.</p> <p>Høgare kortsliktig gjeld (1,1 mill. kr) enn selskapet sine omløpsmidlar (0,7 mill. kr) gir ein negativ arbeidskapital. Selskapet har difor ei svak evne til å bere tap, men arbeidskapitalen i prosent av driftsinntekter er betra i høve 2014. Selskapet melder at likviditetsbehaldning til Opplæringsfartøy AS utgjer 296 317 kr.</p> <p>Nettoinvesteringar i perioden var på 412 944 kr.</p>		

	<p>Overskotet i 2015 på 0,143 mill. kr er overført til eigenkapitalen, og bidreg til at soliditeten til selskapet er noko styrka i høve året før. Bokført eigenkapital utgjer 21 % av totalkapitalen og er på eit tilfredstilande nivå.</p> <p>Selskapet har motteke 0,125 mill. kr i tilskot frå Nordfjord Vekst til prosjektet «nytt opplæringsfartøy - skulebas».</p>
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>I 2015 vart det gjennomført eit forprosjekt finansiert av Opplæringsfartøy AS og Nordfjord Vekst, der ein konkluderte med at om ein skal bygge eit nytt opplæringsfartøy, så vil eit kombinert fiske-, oppdretts- og servicefartøy vere mest hensiktsmessig.</p> <p>Selskapet søkte fylkeskommunen om midlar til å utarbeide anbodsgrunnlag og innhente pristilbod på nytt opplæringsfartøy. Hovudutvalet for næring og kultur løyvde i møte 21.06.16, sak 69/16, eit tilskot på 200 000 kr for å gjennomføre arbeidet med å projektere eit nytt opplæringsfartøy, og få ein kvalitetssikra pris frå verft på kostnadane.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Opplæringsfartøyet Skulebas AS er no over 40 år gammalt, og ved ny klassifisering i 2019 må det pårekna tunge økonomiske investeringar for godkjenning. Likevel vil ein sitte med eit gammalt skip som ikkje tilstrekkeleg speglar notidas krav og moglegheiter. Fartøyet er heller ikkje eigna til bruk for oppdrettsnæringa.</p> <p>Fylkeskommunen ser det som viktig at det vert utarbeida eit økonomisk grunnlag som syner kostnadane med å bygge eit nytt opplæringsfartøy.</p> <p>Generalforsamlinga vedtok einstemmig å akseptere tilbodet frå fylkeskommunen om prosjekteringsmidlar, og styret set i gong arbeidet med prosjektering av nytt fartøy.</p> <p>Prosjektet vil vere eit viktig grunnlag for fylkeskommunen sine vurderingar av om det vil vere økonomisk forsvarleg å bygge eit nytt opplæringsfartøy.</p> <p>I prosessen skal også representantar frå oppdretts- og fiskerinæringa, personell frå kokkelinja ved Måløy vgs. og andre aktuelle bransjar delta for å sikre den rette infrastrukturen, samt gode nok fasilitetar til skipet sine planlagde føremål.</p> <p>Selskapet har søkt om opplæringskonsesjon for laks for Måløy vgs. Det er forventa at søknaden vert handsama til hausten/vinteren. Denne vil kunne finansiere delar av nybygget.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Næringsutvikling/opplæringsformål: I dag stettar ikkje selskapet nokon av kriteria for fylkeskommunalt eigarskap, men stettar andre føremål for fylkeskommunen. Det er viktig å kunne disponere eit slikt opplæringsfartøy for Måløy vidaregåande skule så lenge skulen tilbyr slik opplæring. Båten fyller ein viktig funksjon for fleire av gruppene ved skulen, mellom anna matfag, motormekanikar, fiske og fangst. Båten er i bruk både ute til sjøs, og som klasserom når den ligg ved land.</p>
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Fylkeskommunalt eigarskap er etter dei nye kriteria ikkje lenger eit verkemiddel for å sikre opplæringstenester i fylket. Slik selskapet driv i dag stettar det ikkje opp under nokon av kriteria for eit fylkeskommunalt eigarskap.</p> <p>Selskapet har i 2014 fått på plass eit nytt styre og det har vore ei positiv utvikling i selskapet. Fylkeskommunen har i 2016 løyvd 200 000 kr til å projektere nytt opplæringsfartøy. Det er hensiktsmessig å avvente ei vurdering av eigarskapen til arbeidet med prosjektering er gjennomført, og ein har fått ein kvalitetssikra pris frå verft på kostnadane.</p>
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## 6.6 Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak

### Interoperabilitetstjenester AS – nytt selskap

<b>Føremål</b>	Utvikle og drive system som samlar inn, omarbeider og vidaresender data som nyttast i elektroniske støttesystem innan kollektivtransporten, her elektronisk billettering, informasjonssystem, datafangst, -omarbeiding og -distribusjon ol., samt tilhøyrande tenester og verksemd som står i samanheng med dette. Produkta og tenestene skal for det vesentlige seljast til statlege og/eller fylkeskommunale aktørar, eller selskap direkte eller indirekte eigmnd av staten eller éin eller fleire fylkeskommunar.
<b>Etablert</b>	16.04.2007
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 1. Ni aksjar vart kjøpt til 129 996 kr i 06.01.2012.
<b>Forretningskontor</b>	Oslo
<b>Rettslege rammer</b>	Vedtekter og aksjonæravtale
<b>Rammer</b>	Aksjelova
<b>Etiske retningslinjer</b>	Årsmeldinga omtalar ikkje dette.
<b>Generalforsamling</b>	Aksjonærane møter på generalforsamlinga. Fylkesrådmannen er eigarutsending til selskapet. Trude Helen Flåten møtte med fullmakt på generalforsamling 26. april 2016.
<b>Val av styre</b>	Styret skal ha minst tre og maksimum fem medlemmar. Styret skal fastsette instruks for arbeidet og myndet til dagleg leiar i selskapet. Fylkeskommunane peikar i fellesskap ut to av styremedlemmane. Styret vel sjølv sin leiar.
<b>Styresamansettning</b>	Etter generalforsamlinga i 2016 er styret sett saman slik: Styreleiar Bernt Reitan Jenssen, Karen Kristine Hancke, Ellen Marie Rogde, Toril Karlsnes Viken og Bjørn Rune Holmen.
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	-Styreleiar: 17 500 kr -Styremedlemmar: 10 000 kr -Dagleg leiar: løn 965 953 kr, pensjonsutgifter 126 817 kr. Dagleg leiar er leigd inn, og selskapet vert belasta lønn, feriepengar, arbeidsgjevaravgift og pensjonsinnskot.
<b>Fylkeskommunalt lån/garanti</b>	Ingen.
<b>Revisor</b>	PRICEWATERHOUSECOOPERS AS
<b>Adresse</b>	Storgata 10B, 0155 OSLO
<b>Telefon/faks</b>	901 62 657
<b>e-post</b>	
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>	
<b>(1000 kr)</b>	
<b>2013</b>	
Sum driftsinntekter	17 975
Driftsresultat	-22
Resultat etter skatt	-1
Totalkapitalrentabilitet	0,3%
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	20%
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	27%
Eigenkapitalprosent:	13%
<b>2014</b>	
Sum driftsinntekter	20 856
Driftsresultat	781
Resultat etter skatt	590
Totalkapitalrentabilitet	4 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	32 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	26 %
Eigenkapitalprosent:	15 %
<b>2015</b>	
Sum driftsinntekter	21 938
Driftsresultat	22
Resultat etter skatt	16
Totalkapitalrentabilitet	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	33 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	25 %
Eigenkapitalprosent:	20 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Årsresultatet for 2015 viser eit overskot på 15 856 kr, og vert tilført eigenkapitalen. Driftsinntektene har auka med om lag 1 mill. kr, men likevel har selskapet eit noko svakare resultat enn i 2014. Dette skuldast auke i driftsutgifter, særleg knytt til konsulenttenester. Eigenkapitalprosenten og soliditeten til selskapet har auka og er tilfredsstillande. Likviditeten til selskapet er bra.
<b>Viktige hendingar 2015</b>	Det har lenge vore vurdert å opprette den såkalla Rutebanken som skulle vere ein nasjonal reiseplanleggjar med tilrettelegging for elektronisk billettering for all kollektivtrafikk. Rutebanken skulle etter

	planen blitt etablert i 2015.
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Regjeringa vedtok i vår å opprette eit statleg selskap som skal samle rutedata for all kollektivtransport i Noreg, og drive ei løysing for nasjonal reiseplanleggjar på tvers av kollektivslag.
<b>Mål med eigarskapen</b>	På sikt er det ein ambisjon å inkludere funksjonar for kjøp av billettar i den same løysinga. På denne måten kan all reiseplanlegging, inkludert betaling for reisa, gjerast i ein operasjon.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Oppdatert reiseinformasjon som er lett tilgjengeleg på nett er viktig for å få enno fleire til å reise med kollektivtransport. Det er også eit mål at det er enklast mogeleg for kunden å kjøpe billett.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Kommunekraft AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å formidle samt inngå avtalar om forvaltning av aksjeeigarane si disponible kraft, her konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.
<b>Etablert</b>	28.04.1993
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Fylkeskommunal eigarprosent: 0,31. Aksjen sin pålydande verdi: 1000 kr Selskapet sin aksjekapital er på kr. 320 000,-, fordelt på 320 aksjer pålydende kr. 1 000,-, fullt innbetalt og lydende på navn. LVK har 182 aksjar (57 %). Dei deltakande kommunane og fylkeskommunane har ein aksje kvar.
<b>Forretningskontor</b>	Oslo kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova.
<b>Rammer</b>	<a href="http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Vedtekter">http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Vedtekter</a>
<b>Etiske retningslinjer</b>	<a href="http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Etiske-retningslinjer">http://kommunekraft.no/Kommunekraft/Om-Kommunekraft/Etiske-retningslinjer</a>
<b>Generalforsamling</b>	Ordinær generalforsamling blir gjennomført kvart år innan utgangen av juni månad. Styret møter i generalforsamlinga.  <u>Fylkeskommunen har ingen vald eigarutsending.</u>
<b>Val av styre</b>	Aksjelova § 6-6 angir styremedlemmane si tenestetid i Kommunekraft AS.  Styret i selskapet skal bestå av i alt 5 medlemmar. 2 styremedlemmar med personlig vara blir valt av representantane i LVK sitt landsstyre og 2 styremedlemmar med personleg vara blant selskapets aksjeeigararar, minst ein med vara frå primærkommune. Som styretleiar skal det veljast ein person som ikkje representerer aksjeeigarane eller LVK. Nestleiar skal vere ein av LVK sine representantar.  Styret sin tenesteperiode er 2 år.
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2016: Arvid Lillehaugen (styreleiar), Kjell-Idar Juvik, Benthe Bondhus, Jon Rolf Ness og Solveig Sundbø Abrahamsen.
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiar godtgjersle i 2015</b>	-Styreleiar 22 200 kr pr. år -Styremedlemmar 1700 kr pr. møte -Ingen lønn til dagleg leiar, då det ikkje er tilsette i selskapet. Administrasjonsoppgåver er lagt til Adv.firmaet Lund & Co DA.
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.
<b>Revisor</b>	Beckman Lundevall Revisjon AS

<b>Adresse</b>	Pb. 1148, Sentrum, 0104 Oslo		
<b>Telefon/faks</b>	99 11 99 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:hh@lundogco.no">hh@lundogco.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://kommunekraft.no/">http://kommunekraft.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	2 849	2 686	1 714
Driftsresultat	206	534	-1 303
Resultat etter skatt	181	418	-1 283
Totalkapitalrentabilitet	7 %	14 %	-35 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	97 %	118 %	98 %
Eigenkapitalprosent:	76 %	70 %	67 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Det var budsjettet med eit årsresultat på 41 975 kr i 2015, medan rekneskapen viser eit årsresultat på - 1,3 mill. kr i 2015. Det negative årsresultatet skuldast lågare provisjonsinntekter, høgare kostnadarsamt ei endring av periodiseringsrutinane; frå 2015 blir halve provisjonsinntekta ført i det året kontrakten blir inngått, og den andre halvdelen i det året selskapet pådrar seg utgiftene.</p> <p>Eigenkapitalprosenten er svekka som følgje av det negative resultatet og arbeidskapitalen i prosent av drifteinntekter er redusert. Selskapet har likevel god soliditet og likviditet.</p>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Etter formidling gjennom Kommunekraft omsette i alt 32 aksjonærkommunar 2557 GWh konsesjonskraft for leveringsåret 2016. Dei fleste kommunane Kommunekraft bistod i 2015 oppnådde salsprisar over 20 øre/kWh.</p> <p>Selskapet formidla i 2015 forvaltningsavtalar til 2 aksjonærkommunar. Det er no 4 fortløpende forvaltningsavtalar under rammeavtalen med eit samla konsesjonskraftvolum på 530 GWh.</p> <p>Selskapet og LVK gjennomførte sitt årlege seminar om konsesjonskraft i Oslo 21. mai 2015. Det var 62 deltagarar påmeldt.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Drift i samsvar med føremålet.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkeskommunale-/kommunale fellestiltak: Kommunekraft bidreg til å optimalisere avkastninga på konsesjonskraftrettane for kommunane, og er såleis eit strategisk viktig selskap for fylket og fylkeskommunen.		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Det vert vurdert at sidan fylkeskommunen er ein stor konsesjonskrafteigar, er det naturleg at eigarskapen i selskapet held fram.		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## 6.7 Fylkesomfattande kulturselskap

### Norsk Fjordhestsenter AS

<b>Føremål</b>	Føremålet er å fremje fjordhesten som nasjonal rase ved å gjennomføre nasjonale mål og strategiar innan avl og bruk for fjordhesten. Selskapet skal arbeide aktivt for å finansiert oppgåver knytt til dette målet, slik at senteret kan stå fram med det største og beste kompetansemiljøet for fjordhest, og ha eit moderne nasjonalt anlegg. Norsk Fjordhestsenter skal vere samlingspunktet for fjordhestfolket.
<b>Etablert</b>	21.10.1989
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosenten til fylkeskommunen er 30 (A-aksjar), aksjeposten sin pålydande verdi: 30 000 kr, og eigarprosent 33 (B-aksjar, aksjeposten sin pålydande verdi: 1 330 000 kr.

	<p>Andre eigarar er Eid kommune med 30 % av A-aksjane og 33% av B-aksjane og Norges Fjordhestlag med 40 % av A-aksjane og 34 % av B-aksjane.</p> <p>Selskapet sin totale aksjekapital er på 4 100 000 og er fordelt på dei to klasane:</p> <p>A-aksjar: 20 aksjar à 5000 kr, totalt 100 000 kr B-aksjar: 800 aksjar à 5000 kr, totalt 4 000 000 kr.</p> <p>Aksjane kan overdragast med samtykke frå styret, men slik at Eid kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune alltid har like mange A-aksjar kvar.</p>		
<b>Forretningskontor</b>	Eid kommune		
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova		
<b>Rammer</b>	Vedtekter, sist endra i generalforsamling dagsett 27. mai 2016.		
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ikkje nemnd i årsmelding.		
<b>Generalforsamling</b>	Fylkesdirektør for næring og kultur er eigarutsending, og møtte på generalforsamlinga i 2016.		
<b>Val av styre</b>	<p>Etter vedtektsendring på ordinær generalforsamling i 2016: Styret vert samansett med 3-5 styremedlemmar. Av desse vel kvar av aksjeeigarane éin medlem (med varamedlem), med 2 års funksjonstid. Eventuelle fleire medlemmar må veljast samrøystes av generalforsamlinga.</p> <p>Styret er vedtaksført når det er korrekt innkalla og minst halvparten av medlemmane er til stades.</p>		
<b>Styresamansetning</b>	Etter generalforsamlinga i 2016 er styret sett saman slik: Styreleiar Kjell Magne Åshamar med vara Lars Svein Drabløs (Eid kommune), nestleiar Janne Seilen med vara Vidar Heggheim (Norges Fjordhestlag) og Jørgen Langeland med vara Sigurd Reksnes (SFFK). Nye styremedlemmar etter vedtektsendring: Svein Arne Skuggen Hoff, Hanne Fjerdingby Olsen, Nils Ivar Dolvik (vara).		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiar godtgjersle i 2015</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Styreleiar: 25 000 kr per år.</li> <li>-Andre styremedlemmar: møtegodtgjersle 2000 kr pr. styremøte.</li> <li>-Løn dagleg leiar: går ikkje fram av rekneskapen</li> </ul>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Revisorgruppen Fjordane AS ved Roger Hopland		
<b>Adresse</b>	6770 Nordfjordeid		
<b>Telefon/faks</b>	57 86 48 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@norsk-fjordhestsenter.no">post@norsk-fjordhestsenter.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.norsk-fjordhestsenter.no/">http://www.norsk-fjordhestsenter.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Sum driftsinntekter	4 849	5 017	5 155
Driftsresultat	360	769	153
Resultat etter skatt	95	464	21
Totalkapitalrentabilitet	6 %	12 %	3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	19 %	38 %	16 %
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-3 %	11 %	10 %
Eigenkapitalprosent:	49 %	55 %	56 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Årsrekneskapen til Norsk Fjordhestesenter AS viser eit overskot på 21 084 kr. Overskotet er avsett til å dekke tidlegare udekka tap.</p> <p>Av driftsinntektene i 2015 er om lag 2,3 mill. kr tilskot. I revidert nasjonalbudsjett vart løvvinga til Norsk Fjordhestesenter AS auka med 750 000 kr til om lag 2,3 mill. kr. Denne auken er vidareført i statsbudsjettet for 2016.</p> <p>Selskapet har noko svekka finansiell stilling, men nøkkeltala syner</p>		

	fortsatt tilfredstillande tal. Eigenkapitalprosenten er god, og på linje med 2014.
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Vedtekten vart endra på ordinær generalforsamling i 2016, slik at styret skal ha frå 3-5 medlemmar.</p> <p>Bevaring av fjordhesten gjennom avl og bruk er kjerneoppgåva til Norsk Fjordhestsenter AS. Senteret eig kring 20 hestar sjølv, som er i bruk gjennom heile året, m.a. som skulehestar, i turistriding og avl. Norsk Fjordhestsenter AS driv også ein seminstasjon. I 2015 hadde senteret inne to hingstar, og samarbeidde med Hol og Ål Fjordhestlag og Midt Hordaland Fjordhestlag.</p> <p>Norsk Fjordhestsenter AS har vore koordinator for revisjonen av avlsplanen for fjordhest. Denne vart godkjend av Norsk Hestesenter og Mattilsynet i april 2015.</p> <p>Arbeidet med utstillingar har auka siste året. Kurs, konferansar og fagsamlingar er andre viktige oppgåver. Dei første Disney-turistane besøkte fjordhestsenteret denne sommaren for å sjå Frost-hesten i røynda.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>For at senteret skal utføre dei nasjonale oppgåvene for bevaring av fjordhesten som er forventa, har finansieringa vore for låg til å løyse utfordingane ein står overfor. Dette er søkt retta opp i seinare års statsbudsjett.</p> <p>Selskapet har delteke i ei prosjektgruppe som arbeider med gen-bank for dei nasjonale hesterasane. Slik situasjonen er for dei norske rasane, bør dette arbeidet prioriterast vidare.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Fylkesomfattande kulturselskap: Bakgrunnen for eigarskapen er at eigedommen Haugen i 1989 vart overdrege til Eid kommune, fylkeskommunen og Noregs Fjordhestlag. Kommunen og fylkeskommunen betalte kvar 850 000 kr og fjordhestlaget 500 000 kr. Selskapet vart då skipa og aksjane fordelt på dei tre eigarane. I 1997 overførte eigarane eigedomen til Norsk Fjordhestsenter AS, og fekk vederlag i form av B-aksjar. B-aksjane gjev ingen røysterett på generalforsamlinga.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Under handsaming av eigarmeldinga 2014 vedtok fylkestinget å starte ein prosess med å avvikle eigarskapen. Fylkesutvalet fekk fullmakt til å godkjenne salsavtale. Prosessen er i gong, og fylkesutvalet vert orientert med løypemeldingar om arbeidet fram til salsavtale vert lagt fram for endeleg godkjenning.
<b>Status</b>	<b>Fylkestinget har vedteke prosess for avvikling av eigarskapen.</b>

## Sogn og Fjordane Teater L/L

<b>Føremål</b>	Føremålet med selskapet er å drive teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Teateret kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.  Teateret skal nytte nynorsk målform eller nynorske målføre. Teateret går inn som ein naturleg del av fylket sitt samla kulturtilbod. Det skal søkje å fremje amatørteaterarbeidet i fylket.
<b>Etablert</b>	13.11.1979
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 80. Aksjeposten sin pålydande verdi: 80 000 kr.  Førde kommune eig dei resterande 20 % av aksjane.  Aksjekapitalen er 100 000 kr fordelt på 10 aksjar à 10 000 kr.
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova
<b>Rammer</b>	Vedtekten av 13.11.1979, sist revidert 21. juni 2016.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Omtalar ikkje dette i årsmeldinga, men eigarrepresentant melder om at leiinga i selskapet står fram som bevisste på sitt samfunnsansvar.
<b>Generalforsamling</b>	Ikkje noko særskilt regulert utover aksjelova sine reglar om

	generalforsamling.  Leiar i hovudutval for næring og kultur (Karen Marie Hjelmeseter) er vald som eigarutsending, og møtte på generalforsamling i 2016.		
<b>Val av styre</b>	<p>Etter vedtektsendring i 2016:</p> <p>Styret skal ha 5 medlemmar. Av desse skal tre veljast etter framlegg frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, ein av Førde kommune og ein av dei faste tilsette. For styremedlemmar valde etter forslag frå fylkeskommunen og Sogn og Fjordane teater skal det veljast varamedlemmar i rekjkjefølgje. For styremedlemmen frå Førde kommune vert det valt ein personleg varamedlem.</p> <p>Alle fast tilsette står likt og kan velje og bli valde inn i styret. I tillegg til ein styremedlem, skal det veljast tre varamedlemmar i rekjkjefølgje. Første vara møter fast med talerett.</p> <p>Styre- og varamedlemane si funksjonstid er 4 år med unnatak for representanten for dei tilsette som vert vald for to år.</p> <p>Ved fyste gongs attval etter ei endring av styresamansetjinga, kan nokre av dei aksjonærvalde styremedlemane veljast for kortare tid enn 4 år.</p> <p>Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Styreleiar veljast mellom representantane foreslegne av fylkeskommunen.</p>		
<b>Styresamansetning</b>	<p>Heile styret var på val i 2016. Styret vart sett saman slik:</p> <p>Håkon Fimland (leiar) (SFFK), Iris Loftheim (nestleiar), Ola Tarjei Kroken (SFFK), Kristine Lie (SFFK) og Kjell Furevik.</p> <p>Varamedlemmar i rekjkjefølgje frå SFFK:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1) Hanne Oftedal</li> <li>2) Eva Marie Halvorsen</li> <li>3) Anne Lilleåsen</li> </ol>		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiarars godtgjersle i 2015</b>	<p>-Styreleiar: sett til 32 000 kr i 2011 (indeksregulerast per 1.05. kvart år)</p> <p>-Andre styremedlemmar: same satsar som for fylkeskommunen sine hovudutval.</p> <p>-Andre godtgjersler til styremedlemmar: Tapt arbeidsforteneste etter fylkeskommunen sine satsar.</p> <p>-Dagleg leiar: 738 012 kr + 14 759 kr i pensjonsutgifter + 30 574 kr i anna godtgjersle. Dagleg leiar var tilsett på åremål med avtale om 3 månaders etterløn. Åremålet gjekk ut 31.12.2015. Berekna etterløn som kjem til utbetaling i januar-mars 2016 er sett av med kr 222 159 som skuldig løn.</p> <p>Det er tilsett ny teatersjef på åremål som tiltredde 01.01.16. Som følgje av førebuande arbeid i 2015 samt overlapping og opplæring med sittande teatersjef er det betalt ut løn for dette i 2015. Ifølgje avtalen med ny teatersjef er det avtalt ei venteløn avgrensa oppad til 6 månader. Venteløna fell vekk heilt eller delvis om ein vert tilsett/engasjert i ny stilling i venteperioden. Frilans oppdrag i perioden vil medføre ein pro rata reduksjon for kvart oppdrag.</p>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	PricewaterhouseCoopers AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 324, 6802 Førde		
<b>Telefon/faks</b>	90 99 06 00		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@softeater.no">post@softeater.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://softeater.no/">http://softeater.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Sum driftsinntekter	26 001	28 473	28 081
Driftsresultat	266	823	1 408
Resultat etter skatt	332	892	1 448
Totalkapitalrentabilitet	7 %	15 %	19 %

Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	-4 %	- 1%	- 3 %
Eigenkapitalprosent:	35 %	39 %	47 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Sogn og Fjordane Teater L/L (SoFT) viser eit årsresultat på om lag 1,5 mill. kr. Samanlikna med 2014 er årsresultatet 0,55 mill. kr høgare, og hovudårsakane til resultatet er inntekt frå vinst ved sal av husvære i 2015. I tillegg har drift- og materialkostnadene vore lågare enn budsjettet.</p> <p>Av driftsinntektene på 28,1 mill. kr utgjer 26,2 mill. kr driftstilskot. Driftstilskotet er fordelt slik: 18,3 mill. kr frå staten, 5,9 mill. kr frå fylkeskommunen og om lag 2 mill. kr frå Førde kommune. Eigne inntekter utgjer difor 1,9 mill. kr. Sal av billettar/program utgjorde 0,88 mill. kr i 2015 mot 1,37 mill. kr i 2014.</p> <p>Selskapet har god soliditet. Arbeidskapitalen er noko svekka, omløpsmidlar utgjer 3,79 mill. kr og kortsiktig gjeld 4,53 mill. kr, og syner svak likviditet.</p>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Selskapet endra § 5 i vedtekten om styremedlemmar. Tidlegare valde dei tilsette ein styremedlem med vara, samt ein observatør med talerett i styret. Teateret har ikkje nok kunstnarisk personale til å vere styremedlem/observatør m/vara. Etter dei tilsette sitt ønskje vart vedtekten difor endra slik at dei tilsette no peikar ut ein styremedlem og tre varamedlemmar i rekjkjefølgje.</p> <p>Kunstnarisk har 2015 vore eit godt år med gode besøkstal. 15 802 har sett teateret sine framsyningar mot 17 054 tilskodarar i 2014. Teateret har vore involvert i sju produksjonar, der fire var eigenproduksjonar. To av produksjonane var urpremierar. Totalt synte teateret 122 framsyningar i 2015. I Teatersalen i Førde vart det spelt 12 framsyningar, medan resten vart vist på turne.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>SoFT sin profil er å vere eit regionteater som blir oppfatta som relevant for publikum i Sogn og Fjordane. Det skal skje gjennom stykke skrive på nynorsk, spelt på vestnorsk.</p> <p>Teatret si storsatsing i 2016 er eit samarbeidsprosjekt med Den Kulturelle Skulesekken og skulane i fylket. Ungdommen er sjølv hovudaktør, både med innhald og som utøvar og publikum. SoFT inviterer til seks ulike framsyningar, på seks ulike skular i løpet av seks veker, med til saman over 300 ungdommar på scena.</p>		
<b>Mål med eigarskapen</b>	<p>Fylkesomfattande kulturselskap: Investeringa i Sogn og Fjordane er kulturelt motivert. Denne investeringa er forankra i fylkeskommunen si fylkesomfattande kultursatsing.</p>		
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	<p>Selskapet er etablert som ein reiskap innan kultursatsinga i fylket. Fylkeskommunen sin eigarskap og økonomiske støtte er avgjerande for at dette tilbodet vert vidareført.</p>		
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>		

## 6.8 Arbeidsmarknad

### Mentro AS (tidl. Firda Produkt AS)

<b>Føremål</b>	Føremålet med selskapet er å drive attføringsstjenester, andre arbeidsretta tenester og det som naturleg høyrer med til slik verksemd.
<b>Etablert</b>	04.02.1981
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 30. Aksjane sin pålydande verdi: 150 000 kr.</p> <p>Andre eigarar er kommunar (Førde kommune størst med 20,4% av aksjane), Sparebanken Sogn og Fjordane, DnB Nor og NHF Nordvest.</p> <p>Aksjekapitalen til selskapet er 500 000 kr delt på 500 aksjar à 1000 kr</p>

	fullt innbetalt og lydande på namn.
<b>Forretningskontor</b>	Førde kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova. Lov om arbeidsmarkedstjenester. Lov om norsk folkestrygd. NAV-lova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 24.04.2012.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Ja.
<b>Generalforsamling</b>	Kvar aksje representerer ei røyst på generalforsamlinga.  Harald Bjarte Reite er eigarutsending frå fylkeskommunen, og møtte på generalforsamling i 2016.
<b>Val av styre</b>	Styret skal bestå av 5 medlemmar. Vedtekten regulerer ikkje korleis fordeling av styreverva skal skje og kor lenge styret er vald for. Det er ikkje krav om valnemnd etter vedtekten til selskapet.
<b>Styresamansetning</b>	Styreleiar Bjørn Harald Haugsvær, nestlediar Linda Ness Rotihaug, Normann Årseth, Bjørg Helle, Halldis Rørvik, Mari Constanse Jonstad Baardsen. Vara: Kurs Even Andersen.  Valnemnd for 2016: Ordførar i Førde kommune Ordførar i Fjaler kommune NHF Nord Vest
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiarars godtgjersle i 2015</b>	-Godtgjersle til styreleiaaren: 42 000 kr per år -Godtgjersle til andre styremedlemer: 7 400 kr per år, ved minst 50 % frammøte. -Møtegodtgjersle 1 360 kr per møte. For møter på over 4 timer: 3 400 kr per møte. Inntektsbortfall blir ikkje kompensert. -Dagleg leiar: 740 802 kr
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.
<b>Revisor</b>	PricewaterhouseCoopers AS
<b>Adresse</b>	Pb. 109, 6801 Førde
<b>Telefon/faks</b>	57 83 36 00
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@mentro.no">post@mentro.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.mentro.no/">http://www.mentro.no/</a>

**Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:**

(1000 kr)	2013	2014	2015
Sum driftsinntekter	13 935	14 968	16 053
Driftsresultat	1 354	1 100	1 092
Resultat etter skatt	1 509	1 247	1 193
Totalkapitalrentabilitet	16 %	11 %	10 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	-	1 079 %	1 380%
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	53 %	59 %	62 %
Eigenkapitalprosent:	83 %	81 %	83 %

<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet held fram med godt resultat og viser ein styrke likviditet og soliditet. Driftsresultatet og årsresultatet ligg stabilt om lag på same nivå som fjoråret. Av driftsinntektene på 16 mill. kr er 13,9 mill. kr offentleg tilskot.  Eigenkapitalen er på 10,9 mill. kr og svarar til ein eigenkapitalprosent på 83 %. Kortsiktig gjeld er på 2,1 mill. kr og omløpsmidlar utgjer 12 mill. kr. Dette gir ein arbeidskapital i prosent av driftsinntekter på 62 % og syner at selskapet har god likviditet.
------------------------------------	---

<b>Viktige hendingar 2015</b>	Strategisk plan for 2015-2017, årsplan og HMS/IA-plan har vore styrande for aktiviteten i 2015.  Totalt 43 personar oppnådde lønna arbeid (inkl. anbodstiltaka), som er same resultat som i 2014. Dei fleste måla for 2015 er nådde innan dei ulike tiltaka som Mentre tilbyr. Selskapet innfridde også kravet om at minst 50 % av APS deltararane skulle ha praksis i ordinære bedrifter. 31.12.15 var alle tiltaksplassar oppfylte.  Selskapet har inngått samarbeidsavtalar med bedrifter for lettare å
-------------------------------	--

	<p>kunne tilby arbeidspraksis.</p> <p>Mentro vart Equass-sertifisert for to nye år i 2015.</p> <p>Samarbeidet med Origod og Sogneprodukt om å levere anbod er utvida til Vekstbedriftene; Vevang Produksjon, Indre Sogn ASVO og Nærtenestene.</p>
<b>Viktige planar for dei komande åra</b>	<p>Frå 2016 har regjeringa endra rammevilkåra for arbeidsmarknadsbedriftene. Fleire av tiltaka vert slått saman, og stadig fleire tiltak vert anbodsutsett. Dette representerer endringar og utfordringar både for bransjen og den einskilde verksemd.</p> <p>Mentro, og dei andre marknadsbedriftene fylkeskommunen er eigar i, får såleis ein ny marknadssituasjon. Attføringsbedriftene må delta og vinne anbod på dei anbodsutsette tiltaka. Endringane kan vidare skape behov for endring av kompetanse og arbeidsoppgåver. I 2016 skal 4 av 6 av Mentro sine skjerma tiltak avviklast, og tiltaksplassane blir redusert frå 74 til 38. Denne omstillinga vil ha hovudfokuset i den komande tida.</p> <p>Styret i Mentro vil vurdere selskapet sine moglegheiter i samfunnet framover, samt korleis ein best skal møte dei endra rammevilkåra. Styret oppmodar eigarane om å gjere det same.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Som aksjeeigar å støtte opp om selskapet si verksemd.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift. Samfunnsmessige omsyn er årsak til at fylkeskommunen held fram som eigar. Selskapet har stilt spørsmål ved eigarsamansetjinga på bakgrunn av dei endra rammevilkåra, men det har ikkje kome noko formell kontakt opp mot fylkeskommunen i høve dette enno.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Origod AS

<b>Føremål</b>	Selskapet har som føremål å drive industri og handelsvirksomhet for å sysselsette yrkesvalghemmede. Verksemda er ei attføringsbedrift, og NAV er verksemda sin største og viktigaste kunde. Selskapet og NAV sin jobb er å sjå moglegheiter og utløyse ressursar hjå dei mange som står i fare for å miste fotfeste i arbeidslivet, eller aldri har hatt plass i arbeidslivet. Dette vert gjort i kombinasjon med produksjon av varer og tenester.
<b>Etablert</b>	21.05.1975
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 26. Aksjane sin pålydande verdi: 150 020 kr.</p> <p>Andre eigarar er fire kommunar (Flora kommune størst med 34,7 % av aksjane), Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebanken Vest, Flora Lag av NHF, Elkem ASA og Vest EDB AS.</p> <p>Aksjekapitalen til selskapet er 577 000 kr fordelt på 577 aksjar pålydande 1000 kr.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Flora kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova. Lov om arbeidsmarknadstenester. Lov om norsk folkestrygd. NAV-lova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter, ikkje datert.
<b>Etiske retningslinjer</b>	Årsmeldinga nemner ikkje dette konkret.
<b>Generalforsamling</b>	<p>Berre aksjeeigarar har stemmerett på generalforsamlinga. Kvar aksje representerer ei stemme. Aksjonærar kan møte ved fullmektig. Desse skal ha skrifteleg fullmakt som må godkjennast av generalforsamlinga. Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av mars månad.</p> <p>Vedtak på selskapets generalforsamling krev absolutt fleirtall for å bli gyldige. Ved stemmelikskap reknast forslaget ikkje for vedtatt.</p> <p>Vedtak om oppløysning av selskapet må gjerast på generalforsamling</p>

	<p>kvar minst 75 % av aksjekapitalen er representert. Gyldig vedtak om oppløsing krev to tredjedels fleirtall av dei møtande stemmer.</p> <p>Karianne Torvanger er eigarutsending, og møtte på generalforsamling 17. mars 2016.</p>		
<b>Val av styre</b>	<p>Selskapet blir leia av et styre på 4 medlemmar med 2 vara i rekkjefølgje. Styremedlemmane og vara blir valde av generalforsamlinga for ei funksjonstid av 2 år. Valet blir gjort slik at 2 medlemmar blir valde for eitt år, og 2 det påfølgjande. På same måte blir det valt éin vara kvart år.</p> <p>Selskapet har valkomité.</p>		
<b>Styresamsetning</b>	<p>Styret etter generalforsamlinga 2016:</p> <p>Styreleiar Siv Merete Stadheim Nestleiar Heidi Grande Røys Styremedlem Rune Bortne Styremedlem Knut Broberg 1. vara Anders Moen 2. vara Anne Leversund</p> <p>Valkomité: Ola teigen, Jenny Følling.</p>		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiars godtgjersle i 2015</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Godtgjersle til styreleiaren: kr 45 000 per år</li> <li>- Godtgjersle til andre styremedlemer: 25 000 per år</li> <li>- Løn til dagleg leiar i selskapet: kr 821 228 + anna godtgjering: 65 846 kr</li> </ul>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 274, 6902 Florø		
<b>Telefon</b>	57 75 21 40		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@origod.no">post@origod.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://origod.no">http://origod.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Sum driftsinntekter	23 088	24 125	22 540
Driftsresultat	1 169	2 289	684
Resultat etter skatt	878	2 060	615
Totalkapitalrentabilitet	6 %	11 %	3 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	42 %	150 %	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	6 %	8 %	2 %
Eigenkapitalprosent:	66 %	75 %	82 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Det økonomiske resultatet til Origod AS i 2015 var dårlegare enn budsjettet. I høve 2014 er driftsresultatet redusert med 1,6 mill. kr og årsresultatet er redusert om lag 1,4 mill. kr. Overskotet i 2015 på 614 728 kr vert tilført eigenkapitalen.</p> <p>Selskapet har betalt ned den langsiktige gjelda i løpet av 2015, og har difor inga langsiktig gjeld. Kortsiktig gjeld er 3,7 mill. kr og omløpsmidlar er 4,1 mill. kr. Dette gir ein arbeidskapital i prosent av driftsinntekter på 2 %. Likviditeten er såleis noko svekka i høve 2014. Eigenkapitalprosenten på 82 % syner at selskapet er solid og har god evne til å bere tap.</p>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Ambisjonen i 2015 har vore å vidareutvikle arbeidet med arbeidsinkludering i tråd med samfunnsutviklinga og krav og føringar frå styresmaktene, samt NAV lokalt og sentralt.</p> <p>Origod har også i 2015 vidareutvikla det gode samarbeidet med lokalt næringsliv, og auka tal arbeidsplassavtalar.</p> <p>Origod har ein rammeavtale med NAV Sogn og Fjordane, og er godkjent som tiltaksarrangør for 5 arbeidsmarknadstiltak i skjerma</p>		

	<p>sektor(Avklaring, Arbeidspraksis, Arbeid med Bistand, Kvalifisering og Tilrettelagt arbeid). Samla har Origod hatt 58 plassar i 2015. I tillegg har NAV kjøpt plassar utanom rammene. Tiltaket Tilrettelagt arbeid er under nedbygging, og pr.31.12.15 var det 3 personar i dette tiltaket.</p> <p>Origod deltar aktivt i prosjektet «Ringer i vannet» som er ein rekrutteringsstrategi regi av NHO. Målet er å få personar som av ulike årsakar fell utanfor arbeidslivet inn i ordinære jobbar. Origod var den første verksemda i Sogn og Fjordane som oppnådde formidling med fast tilsetjing i prosjektet.</p> <p>Den veksande gruppa av framandspråklege med behov for grunnleggande norskopplæring som NAV har søkt inn dei siste par åra, har ført til at Origod i 2015 har styrka tilbodet gjennom Migranorsk ytterlegare.</p>
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	<p>Avtalen med NAV Sogn og Fjordane for 2016 omfattar levering av minimum 58 tiltakslassar i skjerma sektor. Origod AS har i tillegg kontrakt med NAV Sogn og Fjordane på levering av 3 arbeidsretta tiltak for alle kommunane i Sogn og Sunnfjord. I desse kontraktane nyttar Origod AS Mentre AS i Førde og Sogneprodukt AS i Vik som underleverandørar. Denne kontrakten gjeld til 01.07.15 med opsjon til 01.07.16.</p> <p>F.o.m. 2016 er det ved forskriftsendringar vedtatt at 4 tiltak som Origod AS er leverandør av blir slått saman til 2, og at dei samanslåtte tiltaka skal lysas ut etter regelverket for offentlege innkjøp. For Sogn og Fjordane er dette gjennomført i 4. kvartal 2015. Til saman representerer dette endringar og utfordingar både for bransjen og den einskilde verksemd. NAV har varsle at det blir innført overgangsordningar i forbindelse med overgang til nytt system.</p> <p>For Origod AS vil det vere ei prioritert oppgåve å vere godt budd på å møte desse endringane, m.a ved å levere gode tilbod både på kvalitet og pris, samt å fortsette arbeidet med å utvikle verksemda til å vere ein god aktør på levering av kvalifiserings- og attføringsstenester.</p>
<b>Mål med eigarskapen</b>	Som aksjeeigar å støtte opp om selskapet si verksemd.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift. Samfunnsmessige omsyn er årsak til at fylkeskommunen held fram som eigar.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen</b>

## In Via AS

<b>Føremål</b>	Selskapet sitt føremål er å skape meirverdi for menneske og samfunn. In Via AS skal skape positive endringar til beste for alle partar og vere ein lærings- og kompetansepartnar.
<b>Etablert</b>	18.04.1977 (22.05.1963)
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	<p>Eigarprosent: 32,05 Aksjeposten sin pålydande verdi: kr 325 500</p> <p>Fylkeskommunen er største eigar. Andre eigarar er åtte kommunar (Gloppen, Stryn, Eid, Vågsøy, Selje, Hornindal, Høyanger og Bremanger) og Sparebanken Sogn og Fjordane.</p> <p>Selskapets aksjekapital er kr 1 100 000 fordelt på 4.400 aksjar à kr 250,-, fullt innbetalta og lydende på navn.</p>
<b>Forretningskontor</b>	Sandane, Gloppen kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova. Lov om arbeidsmarkedstjenester. Lov om norsk folkestrygd. NAV-lova.
<b>Rammer</b>	Vedtekter, vedteke i generalforsamling 22. april 2015
<b>Etiske retningslinjer</b>	Omtalar ikkje regelverk eksplisitt, men omtalar likestilling og miljø i si årsmelding.
<b>Generalforsamling</b>	Stemmerett på generalforsamlinga for aksjeeigarar: Kvar aksje

	<p>representerer en stemme.</p> <p>Generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad.</p> <p>Sigurd Reksnes er eigarutsending, og møtte på generalforsamlinga 6. juni 2016.</p>		
<b>Val av styre</b>	<p>Valkomité førebur val av styre.</p> <p>Styret skal ha 5 medlemmar med 2 vara. Styremedlemmane blir valde for 2 år, slik at halvparten trer ut kvart år. Varamedlemmane blir valde for eitt år. Leiar og nestleiar blir valde særskilt kvart år. Styret er vedtaksført dersom minst 3/5 av styremedlemmane eller vara er tilstade.</p> <p>Valkomité: Eit medlem går ut kvart år (leiaren). Dei to andre rykkjer opp. Val av nytt medlem kvart år.</p>		
<b>Styresamansettning</b>	<p>Etter valet i 2016 er styret samansett slik:</p> <p>Jon Gimmestad (attvald som styreleiar), Tone Holvik (attvald som nestleiar), Nils Petter Støyva (1 år att av valparioden), Kari Krogh (1 år att av valparioden), Karl Anton Søvde (tilsettvald), Per Kjøllesdal (varamedlem vald for 1 år), Rune Engeseth (varamedlem vald for 1 år), Jarle Berentzen (vara, tilsettvald).</p> <p>Valkomité etter valet i 2016:</p> <p>Sven Flo (leiar), Leidulf Gloppestad og Stig Olav Lødemel.</p>		
<b>Styregodtgjersle for 2016 og dagleg leiarars godtgjersle i 2015</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Godtgjersle til styreleieren: kr 45 000 per år</li> <li>- Godtgjersle til andre styremedlemer: kr 2 000 per møte .</li> <li>- Løn til dagleg leiar: 715 989 kr, samt 4 392 kr i anna godtgjering.</li> </ul>		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen		
<b>Revisor</b>	BDO AS		
<b>Adresse</b>	Pb. 122, 6821 Sandane		
<b>Telefon/faks</b>	57 86 66 50		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:ueland@in-via.no">ueland@in-via.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.in-via.no/">http://www.in-via.no/</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Sum driftsinntekter	9 771	9 606	9 923
Driftsresultat	423	1 092	0
Resultat etter skatt	537	1 214	75
Totalkapitalrentabilitet	5 %	11 %	1 %
Sjølvfinansiering i % av Langsiktig gjeld	1250 %	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	47 %	59 %	54 %
Eigenkapitalprosent:	71 %	76 %	77 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	<p>Selskapet har eit driftsresultat på 1 kr i 2015. Dette er ein nedgong i høve tidelegare år. Renteinntekter bidreg til eit årsresultat på 75 203 kr. Overskotet blir avsett til annan eigenkapital.</p> <p>Selskapet sin finansielle stilling er god, til tross for svak lønnsemd i 2015. Eigenkapitalprosenten er på 77 %. Omløpsmidlar er på 7,9 mill. kr og kortsliktig gjeld er 2,6 mill. kr. Dette gir ein arbeidskapital i prosent av driftsinntekter på 54 %. Selskapet har såleis ei god evne til å møte sine betalingsforpliktingar.</p>		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	<p>Selskapet sin gjennomgang av aktivitet og tiltak for 2015 syner at jamvel om selskapet ikkje heilt nådde alle måla dei sette for året, ligg fleire av tiltaka over landsgjennomsnittet. Særleg for APS kan selskapet syne til gode tal.</p> <p>I 2015 har In Via hatt produksjon både i Stryn og på Nordfjordeid, mellom anna i nye lokale på Langeland Industripark.</p>		
<b>Viktige planar/utsikter for</b>	I 2016 blir to av In Via AS sine tiltak (KIA og APS) slått saman, og TIA forsvinn. In Via vann dessutan ikkje anbodet på tiltaket «Avklaring», og		

<b>dei komande åra</b>	misser dermed dette tilbodet i 2016. In Via sit igjen med VTA, det nye tiltaket AFT og ev. anbod.
	Stadig fleire tiltak vert anbodsutsett. Framover har selskapet som mål å setje seg i stand til å vinne anbod, gjennom kompetanseutvikling og samarbeid med andre aktørar. Vidare ønskjer selskapet å vere innovative, og utvikle kunnskapsbaserte tenester som NAV og andre samarbeidspartnarar etterspør. In Via skal også utarbeide ein strategi for marknadsføring og produktutvikling.
<b>Mål med eigarskapen</b>	Som aksjeeigar å støtte opp om verksemda til selskapet.
<b>Er fylkeskommunal eigarskap framleis føremålstøyning?</b>	Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift. Samfunnsmessige omsyn er årsak til at fylkeskommunen held fram som eigar.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen.</b>

## Sogneprodukt AS

<b>Føremål</b>	Gjennom arbeidsretta tiltak skaper selskapet grunnlag for rekruttering til ordinært arbeidsliv. Selskapet er «ei bru til arbeidslivet» for dei som treng hjelp til å skaffe seg arbeid eller utdanning. Tenester, produksjon og handel eller anna næringsverksemd kan vere ein del av prosessen. Verksemda gir også tilbod om varig sysselsetting for personar som treng det.
<b>Etablert</b>	07.11.1973
<b>Aksjekapital/ Fylkeskommunal eigardel</b>	Eigarprosent: 27,2      Aksjane sin pålydande verdi: kr 150 000  Andre eigrarar er 8 kommunar (Vik kommune størst med 22,6 % av aksjane), 6 sparebankar lokalisert i Sogn og Norges Handikapforbund.  Selskapet sin aksjekapital er kr. 552 000,-, delt på 552 aksjar a kr.1 000,-.
<b>Forretningskontor</b>	Vik kommune
<b>Rettslege rammer</b>	Aksjelova. Lov om arbeidsmarkedstjenester. Lov om norsk folkestrygd. NAV-lova.
<b>Rammer</b>	Vedtektene av 26.04.2012, sist revidert 24.04. 2015
<b>Etiske retningslinjer</b>	Selskapet har utarbeidd eigne etiske retningslinjer av 30.08.12.
<b>Generalforsamling</b>	Ordinær generalforsamling skal haldast innan utgangen av april månad.  Aleksander Øren Heen er vald eigarutsending. Ass. fylkesrådmann møtte med fullmakt på generalforsamlinga i 2016.
<b>Val av styre</b>	Selskapet skal leiast av eit styre på 7 medlemmar . Av desse vert 5 medlemmar med 3 vara i rekjkjefølgje valde av generalforsamlinga. 2 styremedlemmar med 4 vara i rekjkjefølgje skal veljast av dei tilsette. Styreleiar og nestleiar i styret skal veljast av generalforsamlinga. Styreleiar og nestleiar skal veljast kvart år. For alle verv i styret gjeld ei funksjonstid på 2 år.  Selskapet har valkomité. Valkomiteen skal bestå av ordførarane frå dei største primæreigarkommunane – Vik, Årdal og Sogndal. Ordførar i Vik kommune som største eigar vert leiar.
<b>Styresamansettning</b>	Generalforsamlinga i 2016: Styreleiar Stig Roar Hovland (1 år att av valperiode) Nestleiar Lasse Salthun (attval – 2 år) Tove Lislelid (1 år att av valperiode) Arne Hovland (1 år att av valperiode) Astrid Hove (attval – 2 år) 1. vara Eva Ramstad (attval – 2 år) 2. vara Karen Marie Hjelmeseter (attval – 2 år) 3. vara Jarle Andersen (1 år att av valperiode)
<b>Styregodtgjersle og dagleg leiars godtgjersle</b>	-Styreleiar sit honorar pr. år vert på 36 000 kr -Nestleiar sitt honorar pr. år vert på 9.000 kr -Andre styremedlemmer og 1. vara sitt honorar pr. år er 6.000 kr -Godtgjersle pr. møte er på 1.800 kr for alle styremedlemmane

	- Løn til dagleg leiar i selskapet i 2015: 929 557 kr, 146 040 i pensjonsgodtgjersle og 11 025 i andre godtgjersler.		
<b>Fylkeskommunalt lån</b>	Ingen.		
<b>Revisor</b>	Deloitte AS		
<b>Adresse</b>	Postboks 13, 6891 Vik i Sogn		
<b>Telefon/faks</b>	57 69 83 40		
<b>e-post</b>	<a href="mailto:rf@sogneprodukt.no">rf@sogneprodukt.no</a>		
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.sogneprodukt.no">www.sogneprodukt.no</a>		
<b>Økonomisk utvikling for selskapet dei tre siste åra:</b>			
(1000 kr)	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
Sum driftsinntekter	31 316	29 225	28 341
Driftsresultat	513	-228	- 1 460
Resultat etter skatt	880	80	- 997
Totalkapitalrentabilitet	3 %	0 %	-3 %
Sjølvfinansiering i % av <b>Langsiktig gjeld</b>	-	-	-
Arbeidskapital i % av driftsinntekter	46 %	49 %	49 %
Eigenkapitalprosent:	87 %	86 %	85 %
<b>Økonomisk utvikling i tekst</b>	Selskapet har eit resultat på - 1 mill. kr i 2015. Det er fleire faktorar som spelar inn som årsak til det negative resultatet. Blant anna har selskapet hatt svikt i omsetnaden og personalutfordringar. Underskotet reduserer eigenkapitalen frå 28,4 mill. kr til 27,4 mill. kr. Sogneprodukt AS har driftsinntekter på 28,3 mill. kr og om lag halvparten av desse er salsinntekter medan den andre halvparten er attføringsinntekter.  Soliditeten og likviditeten til selskapet er god.		
<b>Viktige hendingar 2015</b>	Selskapet har ein rammeavtale med NAV Sogn og Fjordane. I 2014 vart Sogneprodukt AS godkjent som arrangør av 5 tiltak fram til 2020. I tillegg har selskapet tiltak for Sogndal kommune. NAV kjøper tenester for innsette i Vik fengsel.  Sogneprodukt AS gjennomførte prosjektet Ungjobb frå september til desember. 13 ungdommar gjennomførte eit skreddarsydd opplegg som løfta ungdommane frå passivitet til aktivitet, der dei kom nærmare arbeid eller vidare utdanning. Alle kom ut i arbeidspraksis, og fleire har no fått seg jobb.  Attførings- og formidlingsresultat i 2015 har vore gode. 36 personar har fått ordinært arbeid. 2 personar tok fagbrev. Selskapet nådde sine mål om at over 80% av arbeidssøkjarane deira skal ha arbeidspraksis i eksterne bedrifter gjennom ulike tiltak.  Kjøp av tenester som selskapet leverer er no anbodsutsett. Selskapet har delteke i to konkurransar, og har tapt begge.		
<b>Viktige planar/utsikter for dei komande åra</b>	Det skjer store endringar i rammevilkåra for bransjen, og stadig fleire tiltak vert anbodsutsett. Avtalane med NAV er vidareført på same nivå i 2016 som i 2015, men NAV kjem til å seie opp avtalen for Avklarings- og AB-plassar i løpet av våren som følgje av anbodsutsetjing som trer i kraft i andre halvår. I 2016 er halvparten av dagens plassar som Sogneprodukt har, anbodsutsett.  Sogneprodukt er i gong med ein omfattande strategiprosess for å sikre at selskapet handterer endringane i rammevilkåra offensivt. Prosessen skal føre fram til ei framtidssretta organisering og prioritering av satsingsområde.  I løpet av våren har selskapet vore i samtalar med Balestrand Industrier AS og Vik Asvo AS om å fusjonere. Målet er at ein får ei avklaring i løpet av hausten, og eventuell fusjon frå 01.01.17.		
<b>Mål med eigarskapen</b>	Som aksjeeigar å støtte opp om verksemda til selskapet.		
<b>Er fylkeskommunal</b>	Selskapet er ei arbeidsmarknadsbedrift. Samfunnsmessige omsyn er		

<b>eigarskap framleis føremålstenleg?</b>	årsak til at fylkeskommunen held fram som eigar.
<b>Tilråding</b>	<b>Vidareføre eigarskapen</b>

## 7. Interkommunale samarbeid

### 7.1 Ulike former for interkommunalt samarbeid

Organiseringa i ulike interkommunale løysingar kan vere forskjellige, frå berre eit forum for erfarringsutveksling til overføring av ansvaret og/eller utføringa av oppgåva til et anna rettssubjekt, til dømes ein anna kommune eller eit selskap. Fylkeskommune deltek i dag i fleire samarbeid innanfor ulike områder.

### 7.2 Samarbeid etter kontrakt (*formlaust samarbeid*)

Eit slikt samarbeid er ikkje heimla i kommunelova. Det baserer seg på kontraktar som regulerer samarbeidshøvet mellom kommunane. Denne forma for samarbeid vert også kalla *formlaust samarbeid*. På grunn av at organisasjonsforma er tufta på kontraktar, vil rammene for organiseringa ligge i kva som gyldig kan avtalast mellom kommunar.

### 7.3 Interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27

Kommunelova § 27 har reglar om samarbeidsavtalar mellom kommunar når samarbeidet er organisert med eige styre. Styret for eit interkommunalt samarbeid kan tildelast ein grad av sjølvstendig avgjerdsmynde, men avgjerdsmyndet må avgrensast til avgjersler som gjeld "virksomhetens drift og organisering", jf. Kommunelova § 27 første ledd. Alle saker av viktighet må derfor takast opp i dei respektive kommunestyra. Det kan likevel regulerast i vedtekten at styret skal ha moglegheit til å binde deltakarkommunane økonomisk, men berre i avgrensa grad. Det vil ikkje kunne vere tilsette i samarbeidet, og det vil fortsatt vere ein vertskommune for samarbeidet.

### Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)

<b>Føremål</b>	NDLA starta som eit prosjektsamarbeid mellom 18 fylkeskommunar i 2007 (Oslo deltok ikkje). I 2009 fatta alle 18 fylkesting likelydande vedtak om å etablere prosjektet som eit interfylkeskommunalt samarbeid (IS), jf. kommunelova § 27. Sjå FT-sak 39/09 og FT-sak 38/12.  Nasjonal digital læringsarena - gratis læremiddel for elevar i vidaregåande skule – er eit fellesinitiativ frå fylkeskommunane som har som føremål å etablere fritt tilgjengelege læremiddel for alle faga i den vidaregåande opplæringa.
<b>Etablert</b>	2007
<b>Deltakarar</b>	18 fylkeskommunar. Oslo er ikkje deltakar.
<b>Rammer</b>	Vedtekter frå 01.07.2009. Sist omhandla i FT-sak 38/12. Offentleglova.
<b>Forretningskontor</b>	Bergen kommune
<b>Representasjon i styret/representantskap</b>	Som interfylkeskommunalt samarbeid har NDLA eit styre med eigarrepresentasjon, ein frå kvar av eigarane. Bekka Skaasheim er Sogn og fjordane fylkeskommune sin representant i styret.
<b>Administrasjon</b>	Dagleg leiar: Øivind Høines.  NDLA har eit styre der kvar eigar har ein representant. John Arve Eide er styreleiar. Styret har valt eit arbeidsutval, som har den daglege oppfølginga av NDLA.  Dei fleste medarbeidarane i NDLA er tilsett i ein fylkeskommune, men brukar avtalt prosent av stillinga si i NDLA. Nokre medarbeidarar er tilsett i private selskap som NDLA har kontrakt med. Alle medarbeidarane har ein arbeidsavtale med NDLA som regulerer arbeidsforholdet, men arbeidsgjevaransvaret ligg hjå den verksemda vedkomande er tilsett i.

	Hordaland fylkeskommune står for den sentrale rekneskapsføringa. Hordaland fylkeskommune står som juridisk ansvarleg for NDLA, på vegner av dei andre fylkeskommunane som er tilslutta prosjektet.
<b>Innskotsplikt</b>	Inntektsgrunnlaget er basert på bidrag,- per elev frå alle fylkeskommunane, unntatt Oslo. Grunnlaget for fakturering er elevtalet i fylket, basert på tall i SSBs utdanningsstatistikk.
<b>Uttreden</b>	Skjer gjennom fylkestingsvedtak. Fristar og føresegner følgjer av kommunelova § 27. Krav om eitt års skriftleg varsel.
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://om.ndla.no/">http://om.ndla.no/</a>
<b>Rettslege rammer</b>	Kommunelova § 27

## Vestlandsrådet

<b>Føremål</b>	Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsråd for fylkeskommunane på Vestlandet. Dei fire fylkeskommunane på Vestlandet skal gjennom Vestlandsrådet: <ul style="list-style-type: none"> <li>• styrke landsdelen, både nasjonalt og internasjonalt</li> <li>• koordinere den politiske innsatsen til beste for landsdelen innanfor definerte satsingsområde og utvikle effektive tenester på tvers av fylkesgrensene</li> <li>• fremje andre politiske saker av felles interesse</li> <li>• aktivt påverke rammevilkår for landsdelen og medlemsfylka</li> <li>• skape samhandlingsarenaer på Vestlandet</li> <li>• ta initiativ til samarbeidsprosjekt på tvers av fylkesgrensene</li> </ul>
<b>Etablert</b>	2003
<b>Deltakarar</b>	Fylkeskommunane på Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland).
<b>Rammer</b>	Samarbeidsavtale, vedtekter og politisk plattform.
<b>forretningskontor</b>	Hordaland
<b>Representasjon i rådet/styret/ representantskap</b>	Fylkeskommunen har følgjande medlemmer i Vestlandsrådet: Jenny Følling, Åshild Kjelsnes, Noralv Distad, Trude Brosvik, Jakob Andre Sandal.  Vestlandsrådet møtest tre gonger i året. Leiørvervet går på omgang for eit år av gangen mellom fylkesordførarane. Hordaland fylkeskommune har leiarskapen i Vestlandsrådet i 2016.  I tillegg til rådet er det skipa eit eige arbeidsutval (AU) med dei fire fylkesordførarane frå Vestlandet.
<b>Administrasjon</b>	Sekretariatet er sett saman av ein medlem (tilsett) frå kvar av fylkeskommunane, og blir leia av ein sekretariatsleiør som følgjer leiørvervet. Medlemmane av sekretariatet er sekretariatsleiaren sitt «daglege» kontaktpunkt mot fylkeskommunane.  Fylkesrådmennene i dei deltagande fylkeskommunane deltek i saksførebuinga for rådet. Fylkesrådmannen i den fylkeskommunen som til ei kvar tid innehavar leiørvervet, har innstillingsrett til rådet. Sekretariatsleiør må forholde seg til fylkesrådmannen i leiarfylket. Fylkesrådmennene har møterett i rådet.
<b>Innskotsplikt</b>	Finansiering av rådet sin aktivitet skal fordelast slik: <ol style="list-style-type: none"> <li>Eigne driftsutgifter til deltaking i organet vert dekkja av kvar einskild fylkeskommune.</li> <li>Leiørskapet i rådet blir dekkja av fylkeskommunen som har leiørskapet av Rådet.</li> <li>Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar av driftsutgifter til rådet av felles interesse for dei deltagande fylkeskommunane. Rådet skal sjølv gje framlegg om storleiken på dette. Kvar av fylkeskommunane skal dekkja 1/4 av desse utgiftene.</li> <li>Utgifter til einskildprosjekt blir fordelte i kvart einskild tilfelle knytt til kvar fylkeskommune sine interesser og deltaking i prosjekta.</li> </ol>
<b>Uttreden</b>	Fylkestinget i eitt av dei deltagande fylka kan vedta at denne fylkeskommunen skal gå ut av samarbeidet i rådet med 1 - eitt - års oppseiingsfrist før neste fylkestingsval. I eit slikt høve gjeld § 27 i Kommunelova.

<b>Adresse</b>	Agnes Mowinckles gate 5 , Postboks 7900, 5020 Bergen
<b>Telefon</b>	93223034
<b>e-post</b>	<a href="mailto:Camilla.Lovaas.Stavnes@hfk.no">Camilla.Lovaas.Stavnes@hfk.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.vestlandsraadet.no">http://www.vestlandsraadet.no</a>
<b>Rettslege rammer</b>	Kommunelova § 27.

## Kommunearkivordninga

<b>Føremål</b>	Kommunearkivordninga skal arbeide i tråd med følgjande føremål: a) Bistå medlemskommunane i å sikre at dei kommunale arkiva vert ordna, organisert og oppbevart i samsvar med lov av 4. desember 1992 nr. 126 og Forskrift av 11. desember 1998 nr. 1193 (Arkivlov med forskrifter, gjeldande frå 1. januar 1999). b) Gi råd og rettleiing til medlemskommunane i spørsmål som knyter seg til informasjonshandsaming og arkivarbeid, og følge nøyne med i den teknologiske utviklinga på dette området. c) Gi råd og rettleiing til medlemskommunane i spørsmål om moderne arkivdanning og stå for opplæring og rettleiing knytt til arkivsystem og arkivrutinar. d) Vere med på å utarbeide og sette i verk kommunale arkivplanar. e) Arbeide for at medlemskommunane sitt eldre arkivmateriale vert samla inn, ordna, katalogisert og sikra forsvarleg oppbevaring. Kommunearkivordninga skal ta i mot og oppbevare eldre personregister og arkiv med personopplysningar, og kan etablere depotarkiv for eldre kommunale arkiv. f) Foreta arkivundersøkingar for medlemskommunane og gi rettleiing og informasjon til publikum, blant anna i spørsmål som gjeld lokalhistorie. g) Gi råd til dei medlemskommunane som ønskjer å planlegge, bygge opp og drive lokalhistorisk arkiv i kommunen.
<b>Etablert</b>	Prøveordning frå 1987. Endleg etablert frå 1991.
<b>Deltakarar</b>	Alle kommunane, samt fylkeskommunen i Sogn og Fjordane
<b>Rammer</b>	Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane er ei samarbeidsordning, heimla i kommunelova § 27, mellom kommunar i Sogn og Fjordane. Interkommunale selskap kan også vere medlemmar. Medlemsrett i Kommunearkivordninga har dei kommunar og interkommunale selskap som godkjener vedtekten og betaler vedteken kontingent.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Administrasjon</b>	Fylkesarkivar: Arnt Ola Fidjestøl  Kommunearkivordninga har ei styringsgruppe under leiing av Arnvid Hovland frå Høyanger kommune. Bodil Nornes representerer fylkeskommunen i gruppa. I tillegg er følgjande med i gruppa: Rådmann Kjellaug Ekse Brekkhus (Balestrand kommune), Cathrine Loutchan (Gulen kommune). Representant frå Statsarkivet i Bergen.  Sogn og Fjordane fylkeskommune har arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i kommunearkivordninga.
<b>Innskotsplikt</b>	Inntektsgrunnlaget er basert på bidrag med utgangspunkt i innbyggjartal.
<b>Uttreden</b>	2 års oppseiing.
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.fylkesarkiv.no/">http://www.fylkesarkiv.no/</a>
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger
<b>Telefon</b>	57 63 80 00
<b>e-post</b>	<a href="mailto:fylkesarkivet@sfj.no">fylkesarkivet@sfj.no</a>
<b>Rettslege rammer</b>	Kommunelova § 27

## 7.4 Vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28-1 b og § 28-1 c

Det er innført ei generalføresegn i kommunelova § 28-1 a som gjev generell heimel for å legge lovpålagde oppgåver som kommunane har ansvar for, til eit såkalla vertskommunesamarbeid. Dette vertskommunesamarbeidet har to variantar:

- Administrativt vertskommunesamarbeid (§28-1 b)
  - Vertskommunesamarbeid med folkevald nemnd (§28-1 c)
- Kommunelova er ikkje til hinder for at vertskommunesamarbeid også nyttast når det gjelder ikkje-lovpålagnede oppgåver.

Lova legg til grunn to variantar, avhengig av om kommunen vurderer om samarbeidsområdet er av prinsipiell betydning eller ikkje. Der kommunen vurderer at eit samarbeidsområde er av prinsipiell betydning, skal modellen med felles folkevald nemnd nyttast. Denne nemnda har då ansvar for at oppgåvene blir løyst innanfor ramma av delegeringa frå deltagarkommunane, regulert gjennom ein avtale. Tilsvarande vil den administrative modellen nyttast på område der det blir vurdert at området ikkje er av prinsipiell tyding.

Et vertskommunesamarbeid vil ikkje vere eit sjølvstendig rettssubjekt, men er forankra i ein avtale som må vedtakast av kommunestyret sjølv.

## Sogn PPT

<b>Føremål</b>	Føremålet med avtalen er å oppfylle fylkeskommunen sine plikter i opplæringslova § 5-6 om pedagogisk-psykologisk teneste. Tenestene til Sogn og Fjordane fylkeskommune skal omfatte opplæring i skule og bedrift og systemretta arbeid.
<b>Etablert</b>	Sogn PPT vart etablert 1.1.2016, og er ei samanslåing av PPT Sogndalsregionen og Luster PPT.
<b>Deltakarar</b>	Sogn PPT er eit interkommunalt samarbeid mellom Vik, Leikanger, Sogndal og Luster. Frå 1.7.2016 vert også Aurland ein del av Sogn PPT. Sogn og Fjordane fylkeskommune kjøper tenester av Sogn PPT.
<b>Rammer</b>	Sogndal kommune er vertskommune for Sogn PPT etter kommunelova § 28-1 b, og har totalansvar for tenesta.
<b>Administrasjon</b>	Sogn PPT er administrativt underlagt rådmannen i Sogndal kommune.
<b>Innskotsplikt</b>	Utgifter til løn, drift og investeringar skal vere heimla i vedteke budsjett og økonomiplan for Sogndal kommune, og fordelast i samsvar med tal årsverk. Sogn og Fjordane fylkeskommune forskotterer sin del av utgiftene kvart halvår, per 01.01 og 01.07. Sluttavrekning skal skje i samband med årsoppgjøret.
<b>Uttreden</b>	Avtalen kan seiast opp av kvar av partane. Oppseininga skal varslast skriftleg, og kan først gjennomførast etter utgongen av eit heilt kalenderår etter varselet er motteke. Før eventuell oppseining vert gjennomførd skal det først tingingar mellom partane.
<b>Adresse</b>	Fosshaugane Campus (Sogndal vgs), Lunnamyri 2, 6856 Sogndal
<b>Telefon</b>	45 97 80 80
<b>e-post</b>	<a href="mailto:postmottak.ppt@sogndal.kommune.no">postmottak.ppt@sogndal.kommune.no</a>
<b>Rettslege rammer</b>	Kommunelova § 28-1 b

## Sogn og Fjordane Felles Innkjøpsordning (SFFI)

<b>Føremål</b>	SFFI skaffar samarbeidspartane felles rammeavtalar og bidreg med råd og kompetanse ved einskildkjøp og konkurranseutsetting.
<b>Etablert</b>	Ca. 1990
<b>Deltakarar</b>	Deltakarar i SFFI per september 2015: Askvoll kommune, Aurland kommune, Balestrand kommune, Bremanger kommune, Difi, Eid kommune, Fjaler kommune, Flora kommune, Førde kommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Gauldal kommune, Gloppen kommune, Gulen kommune, HelseFørde, Hyllestad kommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høyanger kommune, Jølster kommune, Leikanger kommune, Luster kommune, Lærdal kommune, Naustdal kommune, Selje kommune, SFE AS, Sogndal kommune, Solund kommune, Stryn kommune, Vik kommune, Vågsøy kommune, Årdal kommune.
<b>Rammer</b>	Avtalen mellom dei samarbeidande kommunane.
<b>Forretningskontor</b>	Leikanger kommune
<b>Representasjon i rådet</b>	SFFI-rådet er ikkje etablert. Dersom dette vert etablert vil kvar deltar ha ein representant kvar.
<b>Administrasjon</b>	Innkjøpstenesta i fylkeskommunen driftar innkjøpssamarbeidet. Leiar for

	samarbeidet er innkjøpssjefen i fylkeskommunen. Tilsetningsforhold og arbeidsgjevaransvar ligg i fylkeskommunen.
<b>Innskotsplikt</b>	Kommunane og dei statlege etatar betaler inn ei årleg godtgjersle for å delta. Denne dekker mellom anna ein del av drifta for fylkeskommunen.
<b>Uttreden</b>	Avtalane gjeld til dei vert sagt opp. Uttreden kan skje ved årsskiftet.
<b>Adresse</b>	Askedalen 2, 6863 Leikanger
<b>Telefon/faks</b>	57656000
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@sfj.no">post@sfj.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://www.sfj.no">www.sfj.no</a>
<b>Rettslege rammer</b>	Lov om offentlege anskaffingar (SFFI er ikkje eit interkommunalt organ eller samarbeid slik det går fram av kommunelova § 27)

## IS Fjordvegen Rute 13

<b>Føremål</b>	Intereseselskap som skal arbeide for å betre RV 13. Selskapet sitt føremål er: 1. Å arbeide for utbygging av Fv/Rv13 slik at denne blir ein trygg veg med gjennomgåande høg standard og gul midstripe for heile strekninga. 2. Å marknadsføre vegstrekninga som ei effektiv og vakker transportåre og som den indre stamvegen frå Nord-Jæren til Sunnfjord.
<b>Etablert</b>	19.06.1995
<b>Deltakarar</b>	Medlemmer i selskapet er tre fylkeskommunar, kommunar, interkommunale selskap, vegselskap, næringsorganisasjonar, verksemder og andre føretak som har interesse i selskapet sitt føremål.
<b>Rammer</b>	Vedtekter av 6.6.2013.
<b>Forretningskontor</b>	Ullensvang kommune
<b>Representasjon i råd</b>	Selskapet sitt styre skal ha 8 medlemmer med vara. Anders Ryssdal er fylkeskommunen sin representant i rådet.
<b>Administrasjon</b>	Hardangerrådet ved dagleg leiar Jostein Eitrheim, er også dagleg leiar i IS Fjordvegen, og konsulent Trude L. Rinaldo er sekretariatet for selskapet.
<b>Innskotsplikt</b>	Kontingent vert betalt forskotsvis for 1 år om gongen. Det er vedteke at fylkeskommunane kan bidra med 60 000 kr årleg.
<b>Uttreden</b>	Utmelding av selskapet med bindande verknad for kontingentbetaling må vere gjort minst 1 år før det kalenderåret utmeldinga skal tre i kraft.
<b>Adresse</b>	Kjobergbygget, 5780 Kinsarvik. Ullensvang kommune
<b>Telefon/faks</b>	53 67 14 50
<b>e-post</b>	<a href="mailto:post@hardangerraadet.no">post@hardangerraadet.no</a>
<b>Nettadresse</b>	<a href="http://fiordvegen.no/index.php">http://fiordvegen.no/index.php</a>
<b>Rettslege rammer</b>	Samarbeidet er eit intereseselskap med offentlege og private verksemder som medlemmar.

## 8. Stiftingar

Ei stifting er ein formuesverdi som opprettarane av stiftinga har avsett for å fremje et nærmare fastsett føremål, sjå stiftingslova av 15.6.2001 nr 59.

Opprettarane står fritt til å fastsette stiftinga sitt føremål, som kan vere å fremje ei eller annan bestemt sak gjennom avkasting av kapitalen eller drifta verksemda stiftinga sjølv driv. Stiftingar er eigne rettssubjekt og ein er difor utanfor vanleg eigarskapspolitikk. Til skilnad frå selskap har stiftinga ingen utanforståande eigarar, og stiftingane har ikkje noko operativt eigarorgan, t.d. ei generalforsamling, der eigarane utøver mynde.

Verken opprettaren eller andre kan derfor med grunnlag i eigedomsretten til stiftinga sine midlar utøve styring over stiftelsens verksemd eller gjere krav på del i stiftinga sitt overskott. I motsetnad til det som gjeld for selskap kan opprettarne heller ikkje fritt overføre stiftinga sine midlar til seg sjølv ved å oppløyse stiftinga. Stiftingar har ein større distanse til fylkeskommune som opprettar enn tilfellet er med andre selskapstypar.

Det er oppretta et sentralt stiftelsestilsyn som avløyser fylkesmannen sine oppgåver, og alle eksisterande stiftingar skulle innan 1. januar 2007 registrerast i Stiftelsesregisteret ([www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)). Dei stiftingane fylkeskommunen nemner opp styremedlemmar til er registrert i Stiftelsesregisteret.

## 8.1 Uttreden frå stiftingar

Det er ikkje mogleg å selje seg ut av ei stifting, sidan opprettarane ikkje eig stiftinga; ho er eit sjølvstendig rettssubjekt. Dersom fylkeskommunen ikkje lenger ønskjer å stå som opprettar i ei stifting, er løysinga å ta initiativet til å få stiftinga oppløyst. Saka skal då handsamast av styret, og Stiftingstilsynet skal som sisteinstans godkjenne oppløysinga. Ved oppløysinga går ikkje grunnkapitalen attende til opprettarane. Det er avviklingsstyret og Stiftingstilsynet som avgjer korleis den totale kapitalen skal nyttast etter at kreditorane sine krav er dekka. Det må vurderast kva konsekvensar ei oppløysing av stiftinga vil få, for medopprettarane og dei som nyt godt av føremålet med stiftinga, før fylkeskommunen går til eit slikt tiltak.

Eventuell avvikling av eigarskap eller uttreden av selskap er nærmare regulert i lovgjeving samtidig med at det enkelte selskap sitt stiftingsgrunnlag (vedtekter, selskapsavtale) og eventuelt i andre avtalar.

### **Stiftinga Singerheimen**

<b>Føremål:</b> Ta vare på og drive på ein verdig måte eigedomen Dahlheim som ein kulturinstitusjon. Ved utleige skal ein prioritere tilsette ved sjukehusa i Sogn og Fjordane.	
<b>Adresse:</b> 6788 Olden	<b>Tlf.:</b> 920 84 187
<b>Stifta:</b> Den 31.7.1963	<b>Opprettar:</b> Anna Brugh Singers dødsbu
<b>Nettside/ e-post:</b> post@singerheimen.no <a href="http://ny.singerheimen.no">http://ny.singerheimen.no</a>	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Årleg tilskot etter søknad. I 2015: kr 250 000
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel heile styret.	<b>Rammer:</b> vedtekten registrert 01.01.2009
<b>Merknad:</b> Fylkeskommunen er ikkje opprettar av denne stiftinga. Stiftinga vart oppretta ved at eigedomen Dahlheim vart overført til stiftinga frå Anna Brugh Singers dødsbu. Styret skulle vere identisk med styret for Nordfjord sjukehus. Eigedomen skulle brukast som rekonesentrum for sjukehuset sine pasientar og for sjukepleiarane ved sjukehuset. Vedtekten vart etter forslag frå styret vesentleg endra i 1999 og 2001. Tidlegare vart eigedomen i praksis handsama som ein fylkeskommunal institusjon pga. det historisk nære forholdet mellom eigedomen og Nordfjord sjukehus. Stiftinga er fortsatt avhengig av faste tilskot frå fylkeskommunen.	
Fylkeskommunen vel dei fem styremedlemene, og Stryn kommune har høve til å foreslå to av medlemene dersom kommunen yter faste tilskot til stiftinga. Fylkesutvalet har høve til å gi fråsegn dersom styret vedtek oppløysing av stiftinga.	

### **Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset i Lærdal**

<b>Føremål:</b> Næringsdrivande stifting. Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset.	
<b>Adresse:</b> Lærdal sjukehus – Helse Førde, 6887 Lærdal.	<b>Tlf.:</b> 902 02 893
<b>Stifta:</b> Den 9.1.1969	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen
<b>Nettside/ e-post:</b> <a href="mailto:kare.mentz.lysne@helse-forde.no">kare.mentz.lysne@helse-forde.no</a>	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Ingen.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel heile styret.	<b>Rammer:</b> Vedtekten 01.01.2009

### **Bustadstiftinga ved fylkessjukehuset på Nordfjordeid**

<b>Føremål:</b> Næringsdrivande stifting. Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved fylkessjukehuset.	
<b>Adresse:</b> Postboks 10, 6771 Nordfjordeid	<b>Tlf.:</b> 415 30 489
<b>Stifta:</b> Den 28.4.1970.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen.
<b>Nettside/ e-post:</b> <a href="mailto:per.scott.olsen@helse-forde.no">per.scott.olsen@helse-forde.no</a>	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Ingen
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel heile styret	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 01.01.2009, sist endra 12.12.2005

## Bustadstiftinga ved Sentralsjukehuset Sogn og Fjordane

<b>Føremål:</b> Næringsdrivande stifting. Skaffe tomtegrunn og byggje bustadar for utleige til personalet ved sentralsjukehuset.	
<b>Adresse:</b> Sentralsjukehuset i Førde – Helse Førde, 6807 Førde	<b>Tlf.:</b> 57 83 90 39
<b>Stifta:</b> Den 8.7. 1975.	<b>Opprettar:</b>
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:stiftinga@gmail.com">stiftinga@gmail.com</a>	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Ingen
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel heile styret	<b>Rammer:</b> Vedtekten 01.01.2009

## Stiftinga Sogn og Fjordane Nærings-utvikling

<b>Føremål:</b> Næringsdrivande stifting. Å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje næringsutvikling og nyskapning i fylket.	
<b>Adresse:</b> Mentor AS, postboks 200, 6801 Førde	<b>Tlf.:</b> 90 52 22 35
<b>Stifta:</b> Den 1.7.1988	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:gitle.sande@mentor.no">gitle.sande@mentor.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 17.06.2008
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel heile styret	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Ingen

## Stiftinga Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Å gjennomføre eit internasjonalt folkemusikkfestspel kvart år i Førde som skal ha folkemusikk og folkedans som hovudinhald.	
<b>Adresse:</b> Postboks 395, 6801 Førde	<b>Tlf.:</b> 469 05 010
<b>Stifta:</b> Den 14.3.1992	<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:info@fordefestival.no">info@fordefestival.no</a>
<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, Førde kommune, Førde Næringsutvikling(no Førde Industri- og Næringsselskap), Landslaget for spelemenn, Sogn og Fjordane Folkemusikklag, Førde Ungdomslag og Indre Sunnfjord Spelemannslag.	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Årlege tilskot i følgje avtale med staten og kommunane. Fylkeskommunalt tilskott i 2015: 3 279 000 kr.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutvalet for næring og kultur vel tre styremedlemmer med vara. Fylkeskommunen peikar ut styreleiar. Hovudutvalet vel og ein medlem til representantskapet.  Fylkeskommunen dekkjer utgiftene i samband med representantskapsmøtet for sin medlem.	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 29.04.2011

## Stiftinga Vestlandsforskning

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Å fremje forsking med tilknyting til Sogn og Fjordane, ved bl.a. å skaffe midlar til eller drive forsking og forskingsformidling. Det er også høve til å ta oppdrag utanfor fylket.	
<b>Adresse:</b> Vestlandsforskning, postboks 163, 6851 Sogndal	<b>Tlf.:</b> 906 33 600
<b>Stifta:</b> Den 13.5.1985	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:post@vestforsk.no">post@vestforsk.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 01.01.2009.

**Fylkeskommunen sitt ansvar:** Fylkesutvalet vel seks av sju styremedlemer, medrekna leiar og nestleiar.

**Tilskott frå SF FK:** Utviklingsavtale mellom fylkeskommunen, Hisf og Vestlandsforskning. Stiftinga mottek ein årleg grunnstønad på 0,8 mill. kr + eventuell utviklingsavtale.

## Stiftinga Røde Kors Nordisk United World College

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Å fremje fred og internasjonal forståing, berekraftig utvikling og
---

<b>økologiske kunnskapar gjennom utdanning, forsking, kurs og andre tiltak.</b>	
<b>Adresse:</b> 6968 Flekke	<b>Tlf.:</b> 57 73 70 00
<b>Stifta:</b> Den 2.9.1993	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, Noregs Røde Kors, Fjaler kommune, Sogn og Fjordane Røde Kors, Eckbos Legater og Stiftelsen Et Nordisk United World College.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:website@rcnuwc.no">website@rcnuwc.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 16.02.2010
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel ein medlem av om lag 25 medlemer til Rådet.	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Ingen

## ***Stiftinga Nynorsk kultursentrum***

<b>Føremål:</b> Ideell stifting. Stiftinga Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur. Stiftinga skal kunne eige og drive språklege og litterære dokumentasjons- og opplevelingscenter, festivalar, digitale tenester og forretningsstiltak som er med og oppfyller dette føremålet.	
<b>Adresse:</b> Indrehovdevegen 176, 6160 Hovdebygda	<b>Tlf.:</b> 70 04 75 70
<b>Stifta:</b> Den 31.8.1993	<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:admin@aasentunet.no">admin@aasentunet.no</a>
<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, kr 10 000, Det Norske Teatret, Hordaland fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Volda, Ivar Aasen-instituttet, Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar, Litteraturselskapet Det Norske Samlaget, Møre Folkehøgskule, Møre og Romsdal fylkeskommune, Møreforsking Volda, Noregs Mållag, Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet, Noregs Ungdomslag, Rogaland fylkeskommune, Sunnmøre Museum, Ulvik herad, Universitetet i Bergen, Universitetet i Oslo, Universitetet i Tromsø, Vestmannalaget, Volda kommune og Ørsta kommune	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 01.01.2009, sist endra 06.05.16.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkeskommunen (hovudutval for næring og kultur) vel ein medlem til rådet.	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Ingen.

## ***Stiftinga Innvik Næringsutvikling (tidl. Stiftinga Langvin)***

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Å forvalte verdiane i stiftinga på ein slik måte at midlane kan brukast til å fremje utvikling og nyskaping i Innvik.	
<b>Adresse:</b> Postboks 33, 6793 Innvik	<b>Tlf.:</b> 90 52 22 35
<b>Stifta:</b> Den 11.6.1997	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen og Stryn kommune.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:gitle.sande@mentor.no">gitle.sande@mentor.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten, sist endra 04.09.14
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel tre medlemer til styret, og Stryn kommune vel dei to andre medlemene	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Ingen
<b>Merknad:</b> Stiftinga vart omdanna etter at eigedomen vart seld i april 2010, mellom anna er grunnkapitalen og tal styremedlem endra. I tillegg vart namnet endra frå Stiftinga Langvin til Stiftinga Innvik Næringsutvikling.	

## ***Stiftinga Vestnorsk jazzsenter***

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Å arrangere konserter som er forankra i jazz og tilgrensa musikkformer. I tillegg skal stiftinga ivareta Norsk Jazzforbund sine regionoppgåver i region 3, også i form av pedagogiske tiltak og turneformidling.	
<b>Adresse:</b> Georgernes Verft 12, 5011 Bergen	<b>Tlf.:</b> 55 30 72 50
<b>Stifta:</b> Den 10.9.1997.	<b>Opprettar:</b> Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune, Bergen Jazzforum og Norsk Jazzforum
<b>Nettside/e-post:</b>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 1.01.2009.

<a href="mailto:post@vestnorskjazzsenter.no">post@vestnorskjazzsenter.no</a>	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Årleg tilskot etter søknad. I 2016: kr 110 000
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel ein av sju styremedlemmar + personleg vara.  Fylkeskommunen dekkjer utgiftene i samband med styremøta for sin medlem	

## Stiftinga Balejazz

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Å arrangere ein årleg jazzfestival i Balestrand som er forankra i, men ikkje avgrensa til norsk/regional jazz, med sikte på å fremje og delta i utviklinga av musikarar og miljø som arbeider med jazz.	
<b>Adresse:</b> Pb. 24, 6898 Balestrand	<b>Tlf.:</b> 57 69 42 00
<b>Stifta:</b> Den 3.1.2002	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen (kr 10.000), Balejazz, Kviknes Hotell, Balestrand kommune og Vestnorsk Jazz-senter.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:post@balejazz.no">post@balejazz.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 17.01.2009
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel ein av fem medlem til representantskapet som vel styret	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Tilskot etter søknad. I 2015: kr 150 000

## Stiftinga Sogn og Fjordane Kunstmuseum

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Å skape interesse for og auke kunnskapen om biletkunst og kunsthåndverk i fylket gjennom å drive kunstmuseal verksemd, som er innsamling, bevaring, forsking og formidling.	
<b>Adresse:</b> Postboks 663, 6804 Førde	<b>Tlf.:</b> 97 42 15 65
<b>Stifta:</b> Den 6.1.2004	<b>Opprettar:</b> Sogn og Fjordane fylkeskommune (kr 40 000), Førde kommune, Jølster kommune, Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, Norske Kunsthåndverkarar Vest-Norge, Hornindal kommune, Lærdal kommune
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:sfkm@misf.no">sfkm@misf.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 19.01.2009. Vedtekten er under revisjon
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel to av sju medlemer til styret, inkludert leiar og nestleiar.	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Fekk faste tilskot fram til 2009 inntil konsolideringa med Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

## Stiftinga Norsk Countrytreff

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Norsk Countrytreff er ein knutepunktinstitusjon med eit sjangeroppdrag, og skal ha ein leiande posisjon innanfor country-sjangeren. Føremålet er å i framtida vere den kvalitetmessig beste festivalen i Noreg, og å arrangere eit årleg country-treff i Gloppen kommune, med eit overordna mål om å presentere nasjonale og internasjonale artistar og grupper på høgt musikalsk nivå.	
<b>Adresse:</b> Reed Senter, 6827 Breim	<b>Tlf.:</b> 57 86 63 44
<b>Stifta:</b> Den 30.9.2004.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, Breimsbygda Idrettslag, Byrkjelo Ungdomslag, Breim Bygdeungdomslag, A/L Breimshallen, Breim Countryklubb, Stiftinga Norsk Fjordhestgard, Gloppen kommune
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:nct@breim.no">nct@breim.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtekten registrert 29.02.2012, sist endra 27.11.13
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring og kultur vel ein medlem av ni medlemer i representantskapet. Sogn og Fjordane Fylkeskommune vel to styremedlemmer med vara, og peikar ut styreleiar.	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Tilskot etter søknad. I 2015: 877 000 kr.
Fylkeskommunen dekkjer utgiftene i samband	

med representantskapsmøtet for sin medlem.
--

## ***Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark***

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Å følgje opp verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet som ei heilskapleg plattform for ei regional satsing på natur og kulturbasert verdiskaping.	
<b>Adresse:</b> Helabrotet 2A, 5745 Aurland	<b>Tlf.:</b> 57 63 29 09 / 951 72 595
<b>Stifta:</b> Den 25.1.2008.	<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.naroyfjorden.no">www.naroyfjorden.no</a>
<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, kr 50.000, Aurland kommune, kr 100.000, Voss kommune, kr 50.000, Vik kommune, kr 50.000, og Lærdal kommune, kr 50.000	<b>Rammer:</b> Vedtektene registrert 1.01.2009.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkesutvalet vel ein av ni styremedlemer.	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Ingen

## ***Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane***

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Å drive museum, og å forvalte all drift ved museumsavdelingane, som ledd i gjennomføringa av den statlege museumsreforma (konsolidering).	
<b>Adresse:</b> Gota 16, 6823 Sandane	<b>Tlf.:</b> 990 94 777
<b>Stifta:</b> Den 14.1.2009	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, kr 50 000, Sunnfjord Museum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Kunstmuseum, Sogn Folkemuseum og Nordfjord Folkemuseum.
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="mailto:post@misf.museum.no">post@misf.museum.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtektene registrert 28.12.2011.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Fylkeskommunen vel to medlemmar av sju styremedlemmar, inkludert leiaren.  Fylkeskommunen vel ein medlem av 21 medlemmar i rådet.	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Årlege tilskot i følgje avtale med kommunane og staten. I 2015: kr 15,179 mill. kr.

## ***Stiftinga Norsk Kvernsteinsenter***

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Å vere pådrivar for forsking på historia til produksjon og distribusjon av kvernstein, vere pådrivar i arbeidet med å sikre at kvernsteinbrota i Noreg vert tekne omsyn til i samfunns- og arealplanlegginga og formidle eit representativt utval av kvernsteinsbort for framvising.	
<b>Adresse:</b> 6957 Hyllestad	<b>Tlf.:</b> 458 71 940
<b>Stifta:</b> Den 18.6.2009.	<b>Opprettar:</b> Fylkeskommunen, kr 50 000, og Hyllestad kommune, kr 50 000
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.kvernstein.no">www.kvernstein.no</a>	<b>Rammer:</b> Vedtektene registrert 9.10.2009.
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutval for næring kultur vel to av sju styremedlemmar	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Del av Musea i Sogn og Fjordane.

## ***Stiftinga Norsk Sjøfuglsenter***

<b>Føremål:</b> Alminneleg stifting. Norsk Sjøfuglsenter skal bygge opp og drive informasjonssenter for sjøfuglvern på Værlandet.	
<b>Adresse:</b> c/o Rekneskapsteneste AS Postboks 50, 6801 FØRDE	<b>Tlf.:</b> 957 78 071
<b>Stifta:</b> 26.01.2011	<b>Opprettar:</b> Askvoll kommune, Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Værlandet vel, Stiftinga Alfilds minne til Værlandet vel, Norsk Ornitologisk Foreining
<b>Nettside/e-post:</b> <a href="http://www.værlandet.no/aktivitetar/norsk-sjøfuglsenter">http://www.værlandet.no/aktivitetar/norsk-sjøfuglsenter</a>	<b>Rammer:</b> Vedtektene registrert 15.04.2011
<b>Fylkeskommunen sitt ansvar:</b> Hovudutvalet for næring og kultur skal peike ut ein styremedlem	<b>Tilskott frå SF FK:</b> Ingen.

## 9. Gjensidig selskap

### Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

<b>Føremål:</b>	Selskapet sitt føremål er å ivareta medlemmane sine behov for tenestepensjonsordningar. Selskapet kan også, enten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap, tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive ei kvar verksemd som naturlig heng saman med forsikringsverksemd, og ei kvar anna verksemd som er lov for livforsikringsselskap, her også administrasjon og forvaltning av pensjonskassar.
<b>Etablert:</b>	1949
<b>Eigar:</b>	Ingen eigar i tradisjonell forstand, men fleire selskapsmedlemmar. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del av oppsamla eigenkapitaltilskot er pr. 31.12.2015: 21.624.988 kr.  KLP konsern sin totale eigenkapital er pr. 31.12.2015: 23,260 mrd. kr.
<b>Rammer:</b>	Vedtekter, sist endra 12.05.15. Aksjelova. Forsikringsvirksomhetslova.
<b>Generalforsamling:</b>	Selskapet sine medlemmar vel utsendingar som har møte-, tale- og stemmerett i generalforsamlinga, jf. vedtekten §§ 3-3 til 3-5.
<b>Forretningskontor:</b>	Oslo
<b>Adresse:</b>	Pb 400 Sentrum, 0191 Oslo
<b>Telefon/faks:</b>	22 03 35 00/22 03 36 00
<b>Nettside:</b>	<a href="http://www.klp.no">www.klp.no</a>
<b>Fylkeskommunalt medlemskap</b>	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har tenestepensjon i KLP. Som medlem i KLP pliktar fylkeskommunen å betale eigenkapitaltilskot i den grad det er nødvendig for å gi KLP tilfredsstillande soliditet. I fylkeskommunen sin rekneskap for 2015 står eigenkapitalinnskot i KLP oppført med ein verdi på 20,2 mill. kr. Innbetalt eigenkapitalinnskot for 2015 var på 1,8 mill. kr.</p> <p>Ved ei eventuell utmelding av KLP er det fylkeskommunen sin del av selskapet sitt oppsamla eigenkapitalinnskot som vert utbetalt, noko som utgjer om lag 21,6 mill. kr pr. 31.12.2015.</p> <p>Fylkesordføraren er utsending frå fylkeskommunen til generalforsamling i KLP. Fylkesvaraordføraren er varautsending.</p>

## 10. Vedteken plan for selskapskontrollar for valperioden 2012-2016

Kontrollutvalet skal på fylkestinget sine vegne sjå til at det først kontroll med fylkeskommunen sine eigarinteresser i selskap.

Fylkestinget vedtok i sak 39/12 ein plan for selskapskontroll for perioden 2012-2016. Sidan har fylkestinget vedteke ein [revidert plan for selskapskontroll](#) 11. juni 2014 i FT-sak 5/14. Det er ikkje vedteken ein ny plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.

I den reviderte planen er ei liste med prioriterte selskap som er aktuelle for selskapskontroll i form av eigarskapskontroll. Inndeiligvis selskapa er presentert i to tabellar. Den første tabellen inneheld selskap som fell inn under § 80 i kommunelova (interkommunale selskap, og aksjeselskap som er heileigd av fylkeskommunen eller eigm saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar). Desse selskapa har Sogn og Fjordane fylkeskommune full innsynsrett i.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap som fylkeskommunen har eigarskap i, men som ikkje fell inn under § 80 i kommunelova. Dvs. at det er innslag av private eigardelar o.l. Desse selskapa har fylkeskommunen ikkje meir innsynsrett i enn dei andre aksjonærane.

Fylkeskommunen kan likevel gjennomføre avgrensa selskapskontrollar med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av representantar skjer etter fylkeskommunen sine reglar og rutinar, om rapportering frå selskapet samsvarar med retningslinjer o.l.

## **10.1 Oversikt over selskap innanfor kommunelova § 80**

<b>Selskap</b>	<b>Selskapet sitt føremål</b>	<b>Eigardel</b>
<b>F1 Holding AS</b>	Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar i transportselskap og anna verksemd som står i samband med føremålet.	100 %
<b>Sogn og Fjordane Holding AS</b>	Investeringsverksemd, under dette kjøp og sal av aksjar, andalar, konsesjonskraftrettar og fast eigedom og anna verksemd som står i samband med føremålet.	100 %
<b>Sogn og Fjordane Teater L/L (aksjeselskap)</b>	Teaterverksemd i Sogn og Fjordane fylke. Det kan også spele i andre fylke som ledd i utvekslingsprogram med andre teater.	80 %
<b>Trivselshagen IKS</b>	Planleggje, bygge, eige og drive eit felles prosjekt for å skaffe Firda vidaregåande skule nødvendig undervisningsareal og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppe kultursal, symjehall, idrettshall med vidare. i samsvar med den funksjonsplanen som er vedteken av deltakarane.	50 %
<b>Lutelandet Utvikling AS</b>	Arbeide for utnytting av Lutelandet til industriføremål.	48 %
<b>Sogn og Fjordane Revisjon IKS</b>	Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll jf. Kommunelova § 77 punkt 4 og 5 samt attestasjonsoppdrag. Slike tenester skal i tillegg kunne leverast til kommunale føretak, interkommunalt samarbeid og interkommunale selskap tilhøyrande deltakarane.	42 %
<b>Vigo IKS</b>	Utvikle/vidareutvikle eige og/eller drifta fylkeskommunanes felles inntaks- og forvaltningssystem for elevar/lærlingar i Vigo og alt som elles står i naturleg samanheng med dette – til dømes skuleadministrative system.	5,26 %
<b>Firda Billag AS</b>	Transportverksemd og tenesteyting i samband med person- og godstransport, samt reisebyrå. Selskapet kan i tillegg eige og forvalte fast eigedom. Selskapet kan også eige eller delta i andre selskap som har liknande verksemd.	5 %
<b>Kommunekraft AS</b>	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive anna verksemd knytt til slik formidling.	0,31 %

## **10.2 Oversikt over selskap utanfor kommunelova § 80**

<b>Selskap</b>	<b>Selskapet sitt føremål</b>	<b>Eigardel</b>
<b>Opplæringsfartøy AS</b>	Eige og drive fiskefartøy på ideell basis i samhøve med aksjelova § 2-2 (2) hovudsakelig ved å stille fartøyet til disposisjon for Måløy vidaregåande skule til bruk i opplæring	76,53 %
<b>Fjord 1 AS</b>	Sjølv, eller gjennom heilt eller delvis eigarskap i andre verksemder, å drive transport-, kommunikasjons- og reiselivsverksemd. Selskapet kan også engasjere seg i andre forretningsområde når dette er forretningsmessig interessant og er eigna til å styrke hovudføremålet, eller dette fører til ei meir rasjonell utnytting av selskapet sine ressursar.	59 %
<b>Fjord Invest Såkorn AS</b>	Investering i konkurransedyktige	50,58 %

	såkornsbedrifter og små- og mellomstore bedrifter i Sogn og Fjordane. Selskapet skal arbeide etter forretningsmessige prinsipp med sikte på å oppnå tilfredsstillende avkastning for eigarane.	
<b>Sogn og Fjordane Energi AS</b>	Produksjon, omsetning og overføring av elektrisk energi, samt anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet kan bygge ut anlegg, drive, kjøpe og selje anlegg og selskap i samband med dette. Verksemda kan også drivast i samarbeid med eller ved deltaking i andre selskap med tilsvarende føremål.	48,15 %
<b>Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS</b>	Selskapet skal medverke til auka verdiskaping og nyetablering innafor kunnskapsintensive verksemder lokalt og regionalt og å få nasjonale kunnskapsbaserte arbeidsplassar til fylket. Selskapet skal vere ein pådrivar overfor næringslivet og forskings- og høgskulemiljøet i fylket og på den måten stimulere til kommersialisering av FoU-resultat og forretningsidear med stort potensiale.	38,17 %
<b>Norsk Fjordhestsenter AS</b>	Å sikre vidare drift med fjordhestaktivitet ved fjordhestsentret på Nordfjordeid, og å arbeide for å finne eit forsvarleg finansieringsgrunnlag ved overtaking av eigedom, bygningar m.m. til slik drift.	33 %
<b>In Via AS</b>	Gjennom fabrikasjon og annen virksomhet å skape grunnlag for sysselsetting av yrkeshemmede.	32,05 %
<b>Firda Produkt AS</b>	Gjennom fabrikasjon og anna verksemd å skape grunnlag for sysselsetting av yrkeshemma	30 %
<b>Sogneprodukt AS</b>	Å skape grunnlag for attføring av yrkeshemma. Føremålet med attføringsverksemda er avklaring og kvalifisering med sikte på formidling til ordinært arbeidsliv eller utdanning.	27,17 %
<b>Origod AS</b>	Drive industri og handelsverksem for å sysselsette yrkesvalhemma.	24,20 %
<b>Gulen og Mastfjorden Utvikling AS</b>	Tilretteleggje tilhøva for auka næringsverksemd i kommunane Gulen og Masfjorden, og skal ved å vere i ein aktiv pådrivar og koordinator for private aktørar bivirke til etablering av lønsame arbeidsplassar i distriktet.	22,42 %
<b>Njøs Næringsutvikling AS</b>	Drive med rådgjeving, produkt-/marknadsutvikling, leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt.	22,20 %
<b>Framtidsfylket AS</b>	Drift og utvikling av ei felles trainee-ordning for alle private og offentlege verksemder i Sogn og Fjordane, som arbeider for å fremje næringslivet i fylket, og netportalen "framtidsfylket.no", og anna rekrutteringsverksemd som i vid forstand kan vere i nemnde verksemder si interesse.	4 %
<b>Innovasjon Norge AS</b>	Å fremje bedrifts- og samfunnsøkonomisk lønnsam næringsutvikling i heile landet, og utløse ulike distrikt og regionar sine næringsmessige moglegheiter gjennom å bidra til innovasjon, internasjonalisering og profilering.	2,58 %

## **10. 3 Revidert plan for selskapskontroll**

Gruppe 1 – Selskapskontrollprosjekt i prioritet rekkefølgje

Prioritet	Selskap/Prosjekt
1	Sogn og Fjordane teater L/L
2	Fjord Invest Såkorn AS
3	Eigarstyring (med hovedfokus på styring av SFE)
4	Trivselshagen IKS

Gruppe 2 – uprioriterte selskapskontrollprosjekt

Selskap/Prosjekt
Luna Indstri AS



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmann  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Framsidefoto: Rolf M. Sørensen